



HORDALAND
FYLKESKOMMUNE

ÅRSMELDING
2016

ORGANISASJONSKART



58,5 %

av dei tilsette i fylkeskommunen
er kvinner

27

lærlingar i Hordaland
fylkeskommune i 2016

38 %

reduksjon i mengda matavfall
i fylkeskommunen i 2016



21%

reduksjon i kjøp av papir
i 2016



Bruk av Skype auka i 2016, 33530
samtaler registrert frå mars 2016

7,5%

av dei tilsette i fylkeskommunen
har innvandrarbakgrunn

2016 – ØKONOMISK KREVJANDE, POSITIV UTVIKLING

Om eg skal omtala 2016 med eitt ord, så må det bli utvikling. Hordaland fylkeskommune har vore pådrivar innan mange område, både ute i hordalandssamfunnet, internt i eigen organisasjon og i samband med regionreforma.

Innan samferdsel fekk vi i 2016 ein ny solid vekst i talet på kollektivreisande. Eit hyggeleg svar på den auka satsinga vår på dette feltet. Fleire reisande har også gjeve positivt utslag i billettinntektene. Utbygginga av Bybanen til Flesland nærmar seg fullføring og strekinga frå Lagunen til Birkelandskrysset vart opna i august. På fylkesveg 7 i Hardanger vart Bjørgatunellen i Granvin opna i november, og ein ny strekning på denne viktige vegen vart dermed sikra mot ras.

Å få fleire til å reisa kollektivt er også eit viktig miljøtiltak, særleg i bergensområdet. Med dei nye ferjeamboda som vi er i ferd med å gjennomføra, vil vi fornya ferjeflåten med miljøvenlege ferjer. Godt for miljøet, men samstundes økonomisk utfordrande.

Den langsiktige retninga for dei vidaregåande skulane i Hordaland er trekt opp i skulebruksplanen. Mykje har skjedd dei siste åra. På Voss opna den nye Voss vidaregåande skule i 2016, og i 2017 vert nye Voss gymnas teke i bruk. Dei fem vidaregåande skulane i Vossebygda vil i løpet av året vera samla i to moderne skular. Ved Årstad vidaregåande skule i Bergen har fylkeskommunen sidan 2004 brukt 750 mill. kr til opprusting. Den største vidaregåande skulen vår står no fram som ein ny skule med gode arbeidsforhold for elevar og tilsette.

Samstundes som vi har heva standarden på skulebygningane våre, ser vi at fleire elevar fullfører vidaregåande skule. På tre år er auken 4,3 prosentpoeng, og fullføringsgraden i Hordaland ligg over landsgjennomsnittet. Gledeleg er det også at fråværet til elevane går ned.

Fylkestinget vedtok regional planstrategi for 2016–2020 i desember 2016. Strategien er ein overordna utviklingsplan for fylket utarbeidd i nært samspel med hordalandssamfun-

net. Strategien peikar ut dei viktigaste utfordringane i fylket, set langsiktige mål for utviklinga og prioriterer kva regionale planar vi skal ha. Det store målet for Hordaland er å vera berekraftig, attraktiv og nyskapande.

Tannklinikplanen fram mot 2030, som fylkestinget vedtok i mars, har som mål å utvikla ein klinikkstruktur som kan tilby innbyggjarane i fylket stabile tannhelsetenester av høg kvalitet. Planen fører til omleggingar i alle dei fem tannhelse-distrikta fylket er delt inn i. Større klinikkar er eit stikkord.

Større skatteinngang enn budsjettert, kombinert med stram og god økonomistyring i organisasjonen, gav Hordaland fylkeskommune ein gledeleg rekneskapspluss for 2016.

Hordaland fylkeskommune har gjennom mange år investert tungt i nye, moderne skulebygg, fylkesvegar, infrastruktur for kollektivtrafikken og i tannklinikkar. Det har ført til høg lånegjeld som no er på om lag 10 mrd. kr, ein auke på 950 mill. kr siste året.

Trass i det positive rekneskapsresultatet, har fylkeskommunen ein krevjande økonomisk situasjon. Det må prioriterast grundig i aktivitetar og tenestetilbod dei komande åra.

Eg vil gje honnør til alle einingane og medarbeidarane for det vi har oppnådd, men det er framleis behov for stor innsats i tida som kjem. God økonomistyring må ha høg prioritet, og vi må halda fram med å arbeida målretta for å betra drifta vår og dei tenestene vi leverer.

Den nye verksemdstrategien til Hordaland fylkeskommune gjeld for 2016–2020. Sentralt i arbeidet med mål og strategiar har vore ønsket om å ta ein sterkare posisjon i utviklinga av Hordaland og Vestlandet. Vi er ein organisasjon i utvikling.



Trass rekneskapspluss er vi i ein krevjande økonomisk situasjon. Vi må prioritera grundig dei komande åra.

Verksemdstrategien skal støtta opp om denne utviklinga og vera med på å sikra at alle i fylkeskommunen drar i same retning. Konkrete tiltaksplanar, utarbeidde i avdelingane, vert knytte opp mot den årlege budsjettprosessen, og vil utgjera viktig styringsinformasjon både administrativt og politisk.

Ein intensjonsavtale om ein vestlandsregion samansett av Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane vart lagt fram av forhandlingsutvala i midten av september i 2016. Fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane sa ja til avtalen, medan Rogaland vende tommelen ned. I skrivande stund ser det ut til at regjering og Storting ikkje vil overstyra Rogaland sitt nei, og at Hordaland og Sogn og Fjordane vert ein ny region frå 2020.

fylkesrådmann
Rune Haugsdal



STYRING OG KONTROLL AV VERKSEMDA

For fylkesrådmannen er det svært viktig å sikra god økonomisk og organisatorisk styring og kontroll av verksemda i tråd med lovene som regulerer tenesteområda til Hordaland Fylkeskommune. Dette vert primært handsama gjennom målretta og systematisk oppfølging av den daglege drifta i verksemda basert på løpande risikovurderingar, men og gjennom særskilde tiltak dersom det er behov for slike.

Kontrollutvalet

Kontrollutvalet har, etter Forskrift om kontrollutval i kommuner og fylkeskommuner § 4, mandat til å føra tilsyn og kontroll med den fylkeskommunale forvaltninga. Utarbeiding av planar for forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar skal gjennomførast ein gong i valperioden, seinast innan utgangen av året etter fylkestinget er konstituert.

På oppdrag frå kontrollutvalet er det i 2016 gjennomført ei rekkje selskapskontrollar og forvaltningsrevisjonar. Aktuelle avvik som er påpeika ved desse gjennomgangane vert følgde opp med eigne tiltak.

Våren 2016 gjennomførte revisjonsfirmaet Deloitte, på oppdrag frå kontrollutvalet, ein overordna analyse av risiko-områda i fylkeskommunen. Analysen dannar grunnlag for å utarbeida planar for kontrollutvalet sitt arbeid dei neste fire åra, og vil utgjera grunnlaget for kva område kontrollutvalet vel å gjennomføra evalueringar i form av forvaltningsrevisjon og selskapskontroll. Politisk og administrativ leing vart i samband med dette intervjuet av Deloitte, og alle leiarar i Hordaland svarte på eit spørreskjema.

Interfylkeskommunalt samarbeid

Nasjonal digital læringsarena (NDLA) er eit interfylkeskommunalt samarbeid, som tilbyr opne digitale læringsressursar for vidaregåande opplæring. Hordaland fylkeskommune er juridisk ansvarleg eining for dette samarbeidet, der 18 fylkeskommunar er med.

Fylkestinget handsama i mars 2016 saka «Forvaltningsrevisjon av NDLA – Revisjonsrapport». Fylkestinget ba m.a. om oversyn over innkjøpsavtalane i selskapet og om selskapet utarbeider rutinar for oppfølging og kontroll av innkjøp særleg med tanke på etterleving av regelverk for offentlege anskaffingar og kontraktsoppfølging. Fylkestinget vedtok også at selskapet skal utarbeide kompetanseplan for innkjøpsaktiviteten og søkje balansert leverandøruavhengigheit i samsvar med innkjøpsstrategi. Selskapet skal vidare utarbeide rutinar for habilitet som er tilpassa innkjøpsaktiviteten og sikre etterleving av dei etiske retningslinene i innkjøpsstrategien. NDLA vert i vedtaket også pålagt å utarbeide rutinar som sikrar at det ikkje føreligg personlege interesser som kan innebere interesse-

konfliktar i anskaffingsprosessar som vert gjennomført av selskapet.

NDLA har laga plan for oppfølging av vedtaket i fylkestinget og denne er lagt fram for kontrollutvalet i Hordaland fylkeskommune. Kontrollutvalet har utover dette handsama oppfølgingsarbeidet på fleire møte i 2016. Det er vidare sett i gang ein utvida forvaltningsrevisjon av NDLA som vil bli lagt fram i 2017.

Premiss for overordna ROS-analyse

I Rapport etter gjennomgang av samfunnstryggleiks- og beredskapsarbeidet i Hordaland fylkeskommune i regi av fylkesmannen, er mellom anna følgjande tilråding: «Det kan vere tenleg med ein ny gjennomgang av akseptkriteria for å sikre at desse er:

- I. tilpassa ulike tema/område/nivå i verksemda.
- II. forankra og forstått både politisk og administrativt.»

På bakgrunn av dette vart det våren 2016 gjort ein ny gjennomgang av definerte kriterium for kor stor risiko som er akseptabel, såkalla akseptkriterium. Akseptkriteria som er utarbeidd vart vedtekne av fylkestinget i juni 2016. I etterkant av dette har fylkesrådmannen starta eit arbeid med å gjennomføra heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalysar i heile organisasjonen, både på overordna nivå og på fagavdelingsnivå. Dette arbeidet vil halda fram i 2017.

Personvern

Hordaland fylkeskommune har høg merksemd på personvern og trygg forvaltning av system som handsamar personopplysningar. Dette er m.a. ei sentral føring for ny IT-strategi, som er under utarbeiding. Fylkeskommunen har eige personvernombod og deltok i oktober 2016 i «Nasjonal sikkerhetsmåned». Det vil i 2017 bli arbeidd vidare med tilpassingar til nye EU-reglar om personvern, som trer i kraft 1. mai 2018.

Arbeidsmiljø og HMS

Hordaland fylkeskommune har fokus på arbeidsmiljøet og kartlegging av dette. Einingane gjennomfører årlege kartleggingar i form av vernerundar, vernemøte og risikovurderingar. Annakvart år vert det gjennomført ei omfattande medarbeidarundersøking i heile fylkeskommunen, sist i 2016. Resultata frå desse kartleggingane skal summerast opp i lokale HMS-



Med nytt opplegg styrker fylkeskommunen intern- og kvalitetskontrollen i opplæringssektoren.

handlingsplanar, som skal vera tilgjengelege i fylkeskommunen sitt felles elektroniske kvalitetssystem, Kvalitetsportalen.

Eigenkontroll

Det vert gjennomført ein årleg eigenkontroll i Hordaland fylkeskommune. Dette er ein del av den lovpålagte internkontrollen, og inngår i det systematiske kvalitetsarbeidet i HFK. Rapporten gir fylkesrådmannen ein samla statusgjennomgang som grunnlag for oppfølging og forbedringstiltak i organisasjonen.

Eigenkontrollen for 2016 omfatta følgjande område:

- HR
- Helse, miljø og tryggleik
- Kvalitetsarbeid
- Informasjonstryggleik
- Innkjøp

I etterkant av gjennomført eigenkontroll vert det utarbeidd rapport og plan for oppfølging av aktuelle tiltak.

Arbeid med antikorrupsjon

Som ledd i arbeidet med å følgja opp forvaltingsrevisjonen av innkjøp og forretningsdrift i vidaregåande skular, vil fylkesrådmannen identifisera aktuelle risikoområde for korrupsjon i Hordaland fylkeskommune.

Verksemdbasert vurdering

Innanfor opplæringssektoren gjeld særskilte krav til internkontroll og oppfølging av kvalitet, som m.a. omfattar krav om intern vurdering av organisering, tilrettelegging og gjennomføring av opplæring etter Forskrift til opplæringslova § 2-1 og samhandlinga mellom skulane og skuleeigar basert på reglane i opplæringslova.

Fylkeskommunen har etter § 13-10 i opplæringslova ansvar for å ha eit forsvarleg system for at krava i lova og forskriftene blir oppfylte. Hordaland fylkeskommune løyser dette gjennom system for verksemdbasert vurdering (VBV), som legg rammer for korleis skulane skal planlegga det pedagogiske utviklingsarbeidet og vurdere resultatane av arbeidet.

I skuleåret 2015/16 blei det gjennomført skulebesøk på alle

dei vidaregåande skulane for sjuande gong. Representantar for opplæringsavdelinga møtte her dei lokale skuleleiingane, representantar for lærarane og elevane til dialog om skulane sine resultat og lokale mål og tiltaksplanar.

Hausten 2016 blei nytt styringsdokument for perioden 2016–2018 teke i bruk. Hovudmålet om auka læringsutbytte og fullføring ligg fast. I neste styringsperiode skal ein sjå særskilt på korleis skulane arbeider med å implementera utviklingstiltak og nasjonale læreplanar i fag. I tillegg skal alle skulane ha fokus på å sikra elevane sin rett til eit godt psykososialt miljø.

Fylkesmannen i Hordaland gjennomførte skuleåret 2015/16 tilsyn med Hordaland fylkeskommune. Føremålet med tilsynet var å kontrollera om skulane og skuleeigar følger enkelte reglar i opplæringslova med forskrifter, inkludert fylkeskommunen sitt ansvar etter § 13-10.

Fylkesmannen fann brot på opplæringslova når det gjaldt undervegsvurdering for å auka elevene sitt læringsutbytte, spesialundervisning og særskilt språkopplæring. Tema skulebasert vurdering og HFK sitt system for verksemdbasert vurdering (VBV) blei vurdert til å vera i tråd med opplæringslova.

Den sentrale opplæringsavdelinga jobba i tett prosess med skulane og sende inn rapport om korleis lovbrota var retta opp innan fristen. Fylkesmannen stadfesta i tilbakemelding i august 2016 at HFK sin praksis no er i samsvar med krav i opplæringslova med forskrift. Fylkeskommunen har gjennom arbeidet styrkt systemet ved å innføra eigenevalueringar over korleis lovkrav blir omsette til praksis, med sikte på hovudmålet om auka gjennomføring og læringsutbytte.

Eksterne tilsyn

Fylkesrådmannen har etablert ein rutine for rapportering av eksterne tilsyn i Hordaland fylkeskommune. Føremålet med rutinen er å ha ei oppdatert oversikt over varsla og gjennomførte tilsyn, uavhengig av fagområde og avdeling. Oversikta skal utarbeidast to gonger årleg. For 2016 har det vore gjennomført tilsyn frå mellom anna Arbeidstilsynet og Bergen brannvesen. Eventuelle avvik som vert påpeika gjennom desse tilsyna, vert følgde opp med eigne tiltak.



VERKSEMD- STRATEGI

for Hordaland fylkeskommune 2016–2020

SAMFUNNSOPPDRAGET VÅRT

Vi utviklar Hordaland

Hordaland fylkeskommune har ansvar for å utvikle hordalandssamfunnet. Vi gir vidaregåande opplæring, tannhelsetenester og kollektivtransport til innbyggjarane i fylket. Vi har ansvar for vegsamband og legg til rette for verdiskaping, næringsutvikling, fritidsopplevingar og kultur. Som del av eit nasjonalt og globalt samfunn har vi ansvar for å ta vare på fortida, notida og framtida i Hordaland. Fylkestinget er øvste politiske organ i fylkeskommunen.

VISJONEN VÅR

Attraktiv og nyskapande


HOVUDSTRATEGIANE VÅRE

- 1 Ta ein sterkare posisjon i utviklinga av Hordaland og Vestlandet
- 2 Prioritere og setje tydelege mål for utvikling og tenester
- 3 Betre dialog og samhandling med kommunar, brukarar og andre aktørar
- 4 Styrkje økonomien til HFK for å sikre gjennomføringsevne og berekraft
- 5 Utvikle samarbeidet mellom avdelingane i HFK
- 6 Sikre rett kompetanse og god endringskapasitet i organisasjonen


VERDIANE VÅRE



Vi nyttar kompetansen vår til å sjå heilskapen. Det vi gjer i dag skal vere målbart og kome framtidige generasjonar til gode.



Vi er synlege pådrivarar for utvikling og verdiskaping. Vi prioriterer og set høge mål.



Vi samarbeider og er i dialog med, innbyggjarar, kommunar og andre. Slik fremjar vi samhandling og demokrati.

HENDINGAR 2016

JANUAR

Nyttårs møtet til fylkesordføraren har tema ny vekst i Hordaland – omstillingar og framtidige næringar.

Fylkesadministrasjonen kjøper fire elbilar til tenestekøyring for tilsette for å redusera klimautsleppa.

Den nye tannlegevakten og Solheimsviken tannklinikk vart offisielt opna.

FEBRUAR

Syklistar utanfor fylkeshuset i Lars Hillesgate fekk seg ei overrasking på vintersykkeldagen som vart markert med utdeling av kaffi, refleks og kvikk-lunsj.

Det nye vaksenopp-lærings-senteret i Bergen handelsgymnasium vart offisielt opna.

Tidlegare fylkesrådmann Paul M. Nilsen vart valt til ny styreleiar for Bybanen AS.

MARS

Norsk Klimastiftelse vart på fylkestinget tildelt miljøprisen i Hordaland.

Stor arbeidsinnvandring er årsaka til folkevekst i Hordaland.

Sambruksfelt vart opna på Fjøsanger i Bergen.

Den nye og moderne Birkelandsskiftet terminal vart opna.

Tekstilbedrifta Oleana i Ytre Arna opna visings-senter som economusee.

Strilabiblioteket i Meland og Lindås vart det første meiropane modell-biblioteket i Hordaland.

APRIL

MAI

For første gong fekk Hordaland tildelt over 100 millionar kroner i spelmidlar til idrett og fysisk aktivitet.

Fylkesrådmannen går inn for å plassera den nye godsterminalen for bergensområdet i Arnadalen.

Hordaland fylkeskommune tildeler 31 millionar kroner til 40 trafikkisikringstiltak i fylket.

10-årsjubileum for sommarskolen til Hordaland fylkeskommune.

Fylkeskommunen vedtok å inngå ny avtale med Antidoping Norge fram til 2018.

Dei første eigne barnetannlegane betalt av Hordaland fylkeskommune var ferdig utdanna.

JUNI

Hordaland legg til rette for seks historiske reisemål langs kystpilegrimsleia mellom Egersund og Trondheim.

Omstillingsutvalet i Hordaland tildele 14 millionar kroner til omstilling i leverandørindustrien til oljenæringa på Sør- og Vestlandet.

Med veteranbåten «Gå På» frå 1938 kan ein oppleve kulturhistoria i Hardanger.

JULI

SEPTEMBER

NOVEMBER

AUGUST

OKTOBER

DESEMBER

Byggjesteg 3 Bybanen Lagunen-Birkelandsskiftet opna.

Nyoppussa og moderne Årstad vidaregåande skole og Nye Voss vidaregåande skule vart tekne i bruk.

Arven visingscenter for gull- og sølvprodukt opna som economusee i Dreggen.

Hyssingen produksjons-skole opna kafe.

Stend vidaregåande skule feirar 150 år.

Lyskunsthuset Hardanger Skyspace vart opna i Øystese.

Opning av den restaurerte renessansehagen på Stend.

Den 1,6 kilometer lange Bjørgatunellen i Granvin vart offisielt opna for trafikk.

Dale barne- og ungdoms-skule fekk fylkestrafikk-sikringsprisen i Hordaland.

Zero sin pris for Årets lokale klimatiltak gjekk til Hordaland fylkeskommune for strenge miljøkrav i ferjeanboda.

Det kinesiske klasserommet i Noreg vart opna på Amalie Skram vidaregåande skole.

Det første landsgymnaset på Voss feira 100 år.

Hordaland fylkeskommune sine første folkemusikkstipend vart delte ut under Osa-festivalen på Voss.

Fylkestinget løyvde to millionar kroner til etablering av Idretts-campus Bergen.

Nye arkeologiske funn vart gjort på Fløen i Bergen.

Fylkestinget gjorde vedtak om å slå saman Hordaland, Sogn og Fjordane og Rogaland til ein Vestlandsregion.





14

ØKONOMI

Hordaland fylkeskommune hadde eit godt år med overskot på 136,8 millionar kroner, men lånegjelda har auka kraftig grunna høge investeringar.

24

REGIONAL UTVIKLING

Den første regionale planstrategien vart vedteken av fylkestinget. Den blir ei viktig reiskap til å fremje samfunnsutviklinga.

42

SAMFERDSEL

Målet om nullvekst i biltrafikken i Bergen vart nådd i 2016 med ein nedgangen på 4,2 prosent i høve 2015. I rushtida er nedgangen på 15 prosent.

60

OPPLÆRING

Fleire elevar fullfører vidaregåande utdanning i Hordaland. I 2016 auka gjennomføringa med 2,3 prosentpoeng i høve året før.

72

KULTUR

Ungdom står sentralt i den fylkeskommunale satsinga på kultur. Mange av tiltaka er retta mot dei unge.

86

TANNHELSE

Ny klinikkstruktur vart innført i 2016. Dei seks nye tannhelsedistrikta styrkar fagmiljøa og samarbeidet med foreldre og omsorgspersonar.

94

ORGANISASJON

Ved utgangen av 2016 stod det nye økonomi-systemet Visma Enterprise klar til bruk. Det gjer rekneskap, innkjøp, budsjett/rapportering og fakturahandsaming mykje enklare.



Model	1.200	1.500	1.800	2.000	2.200	2.400	2.600	2.800	3.000
Pris	159.000	179.000	199.000	219.000	239.000	259.000	279.000	299.000	319.000
CO2	130	140	150	160	170	180	190	200	210
Drivstoff	7,5	8,0	8,5	9,0	9,5	10,0	10,5	11,0	11,5
CO	100	105	110	115	120	125	130	135	140
HC	1,0	1,1	1,2	1,3	1,4	1,5	1,6	1,7	1,8
Nitrogen	0,1	0,1	0,1	0,1	0,1	0,1	0,1	0,1	0,1
PM	0,05	0,05	0,05	0,05	0,05	0,05	0,05	0,05	0,05
Totalt	130	140	150	160	170	180	190	200	210

Drivstoff = 58 gram per km
 CO₂ = 171/119,93 g/km
 CO = 0,50 g/km



ØKONOMI

Stram og god økonomistyring i organisasjonen gav Hordaland fylkeskommune rekneskapspluss for 2016.

GODT ØKONOMISK RESULTAT

Driftsrekneskapen for 2016 vart gjort opp med eit overskot på 136,8 mill. kr. God skatteinngang er viktigaste forklaringa, kombinert med stram og god økonomistyring i organisasjonen. Investeringane var i overkant av 3,3 mrd. kr.

Netto driftsresultat

Netto driftsresultat er eit av dei mest sentrale nøkkeltala i kommunale rekneskapar. Netto driftsresultat viser kva ein har igjen etter at alle driftsutgifter, inklusive renter og avdrag er dekkte.

Tidlegare har det vore vanleg å rekna at kommunesektoren burde ha eit netto driftsresultat på 3% av driftsinntektene for å ha ein sunn og robust økonomi. I 2014 rådde «Det tekniske beregningsutvalg for kommunal og fylkeskommunal økonomi» til at måltalet for fylkeskommunane burde aukast til 4%.

Netto driftsresultat for Hordaland fylkeskommune auka frå 171,9 mill. kr (2,1%) i 2015 til 248,3 mill. kr (2,9%) i 2016.

Førebelse tal for landet viser auke i netto driftsresultat frå 4,3% til 5,0%. Bortsett frå 2013, har Hordaland dei siste 10 åra hatt lågare netto driftsresultat enn gjennomsnittet av fylkeskommunane. Men endringane frå år til år har følgd same mønster som landsgjennomsnittet.

Gjennomsnittet av fylkeskommunane har i 8 av dei 10 siste åra hatt netto driftsresultat over det tilrådde nivået på 4% av driftsinntektene. Hordaland har berre 2 av åra vore over dette nivået.

Driftsutgifter


Driftsutgiftene auka med 1,2% frå 2015 til 2016. Løns- og prisveksten for kommunesektoren er rekna å utgjera 2,6%. Dermed er det ikkje tvil om

at ein reelt har lukkast i å redusera driftsutgiftene, slik det var lagt opp til i budsjettet.


Opplæring har hatt ei utvikling i driftsutgiftene som tilsvarer løns- og prisveksten. Tannhelse har hatt ein noko høgare vekst, medan dei andre sektorane har hatt nedgang i driftsutgiftene. Når samferdselssektoren viser nedgang i driftsutgiftene gjeld dette i hovudsak fylkesvegane, der det i 2015 vart gjort ein ekstrainsats med dekkelegging.

Totale driftsinntekter auka med 3,7%. Fylkeskommunen sitt økonomiske handlingsrom er med dette betra i løpet av 2016. Grovt sett kan ein seia at dette handlingsrommet syner seg i noko betre netto driftsresultat og auka avdragsbetaling.

NETTO DRIFTSRESULTAT I % AV DRIFTSINNTektENE



BRUTTO DRIFTSUTGIFTER FORDELT PÅ SEKTOR



Opplæring og samferdsel er dei to store sektorane med 42 % og 37,9 % av fylkeskommunen sine driftsutgifter.

Budsjettavvik

Skatteinntektene vart 46,5 mill. kr høgare enn budsjettert. Samanlikna med 2015 auka skatteinntektene med 5,9 % for Hordaland, medan gjennomsnittleg skattevekst for fylkeskommunane var 7,2 %. Sidan Hordaland hadde svakare vekst enn landsgjennomsnittet, kom ein betre ut enn budsjettert i inntektsutjamninga (eit element i rammetilskotet). Totalt vart skatt og rammetilskot 97,4 mill. kr høgare enn budsjettert.

Samferdselssektoren, som dei siste åra har hatt dei største budsjettoverskrivingane, hadde i 2016 innsparingar

i storleiksorden 60 mill. kr. Det har vore vekst i billettinntektene, samstundes som kostnadsida har hatt ei gunstig utvikling.

Tannhelsesektoren fekk eit negativt budsjettavvik i 2016. Til slutt enda årsresultatet på 12 mill. kr i underskot. I tillegg måtte sektoren stryka fleire millionar av tidlegare års opparbeida fondsmidlar. Ein større del av underskotet i 2016 skuldast rekneskapsføring av tidlegare års ikkje-fakturerte inntekter. Krava hadde samla seg opp over ein periode på over 10 år, og måtte tapsførast i samband med overgangen til nytt økonomisystem. Utover dette momentet var det budsjettmessige utfordringar knytt til drifta ved TkVest/H. Det er gjort grep i budsjettet til tannhelse for 2017 som gjer at ein får betre ▶



Ein har lukkast med å redusera driftsutgiftene.


DRIFTSREKNESKAP

Tal i mill. kr.

	Reknesk. 2015	Reknesk. 2016	Budsjett 2016
+ Skatt og rammetilskot	6 005,9	6 228,4	6 130,9
+ Andre driftsinntekter	2 309,4	2 391,8	1 786,4
- Sum driftsutgifter (eks. avskr.)	7 639,9	7 731,0	7 307,4
= Brutto driftsresultat	675,4	889,2	609,9
- Netto renteutgifter	173,5	198,9	223,5
- Avdrag	330,0	442,0	442,0
= Netto driftsresultat	171,9	248,3	- 55,6
- Avsetjing til disp. fond (netto)	- 86,7	- 41,3	-19,6
- Avsetjing til bundne fond (netto)	88,1	55,1	- 133,7
- Driftsmid. til investeringar	102,0	97,7	97,7
= Rekneskapsm. meir-/mindreforbr.	68,5	136,8	0,0

INVESTERINGAR


Opplæring Samferdsel
Andre sektorar



	Reknesk. 2015	Reknesk. 2016	Budsjett 2016
Kultur og idrett	0,7	0,6	0,6
Opplæring	689,2	781,8	704,8
Tannhelse	12,9	21,1	25,0
Samferdsel	3 445,3	2 461,9	2 404,3
Politiske organ og adm.	1,0	5,9	2,0
Fellesfunksjonar m.m.	68,1	67,6	75,8
Sum inv. i eigedomar og utstyr	4 217,2	3 338,9	3 212,5

Tal i mill. kr.

NETTO GJELDSGRAD



Netto gjeldsgrad	2008	2009	2010	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Hordaland fylkeskommune	52,1 %	58,9 %	65,0 %	73,5 %	81,7 %	83,6 %	95,9 %	101,6 %	109,2 %
Sør-Trøndelag fylkeskommune	65,3 %	68,9 %	61,3 %	73,9 %	80,0 %	89,2 %	99,6 %	91,4 %	108,7 %
Møre og Romsdal fylkeskommune	50,4 %	53,0 %	56,1 %	65,8 %	73,2 %	74,1 %	76,5 %	80,0 %	86,1 %
Rogaland fylkeskommune	53,4 %	58,4 %	56,0 %	55,6 %	58,9 %	64,2 %	80,6 %	90,6 %	90,3 %
Landet utan Oslo	40,1 %	44,3 %	44,3 %	46,2 %	50,8 %	56,6 %	62,4 %	59,6 %	77,0 %

oversikt over økonomien, og som gjer at ein truleg ikkje får same økonomiske utfordringar som i 2016.

Opplæring fekk også ei overskriding på 12 mill. kr fordelt på vidaregåande skular, vaksenopplæring og tilskot til lærlingar. Ein ser positivt på at talet på lærlingar har auka, sjølv om dette har medverka til budsjettoverskriding for sektoren.

Netto renteutgifter viste innsparing på 16 mill. kr.

Investeringar

Det vart investert for 3 339 mill. kr i 2016. Dette er ein nedgang i høve til 2015, men nivået er framleis høgt. Det er først og fremst utgiftene til bybaneutbygging som har gått ned i høve til dei føregåande åra. 2 462 mill. kr vart brukt til samferdselsføremål og 782 mill. kr innan opplæringssektoren. Investeringar i vegar utgjorde 1 390 mill. kr og bybaneutbygging 700 mill. kr. Til kjøp av bybanevogner vart det brukt 221 mill. kr.

Dei største skuleprosjekta var nye Voss gymnas med 265 mill. kr og nye Voss vgs. med 169 mill. kr.

Lån er viktigaste finansieringskjelda for investeringane med 1 348,5 mill. kr. Bompengar stod for nær 770 mill. kr.

Disposisjonsfond

Riksrevisjonen har i ein rapport lagt vekt på tre nøkkeltal for å vurdere den økonomiske situasjonen for kommunar/ fylkeskommunar: Netto gjeldsgrad, netto driftsresultat og disposisjonsfond. Disposisjonsfond er ein økonomisk buffer og er eit uttrykk for den økonomiske handlefridomen.


Det er vanskeleg å setja mål på kor stort disposisjonsfond ein skal ha. Frå fagleg hald har det vore tilrådd at disposisjonsfond bør utgjera i storleiken 5-10% av driftsinntektene. Ved utgangen av 2016 hadde Hordaland fylkeskommune 198,9 mill. kr i disposisjonsfond eller 2,3 % av driftsinntektene. Tilsvarende situasjon i 2015 var disposisjonsfond på 234 mill. kr – 2,8 % av driftsinntektene.

Lån, renter og avdrag

Som følgje av høge investeringar har fylkeskommunen si lånegjeld auka kraftig gjennom mange år. Ved siste årsskifte hadde gjelda passert 10 mrd. kr. Netto gjeldsgrad utgjorde ved årsskiftet 109,2% av driftsinntektene, mot 101,6% eit år tidlegare. Riksrevisjonen har nytta 75% som ei grense for når gjelda er i ferd med å bli faretruande høg. Tala for renteutgifter er etter frådrag av renteinntekter og rentekompensasjon. Fallande rentenivå har dempa veksten i renteutgiftene. Det er avdraga som har auka mest. I 2016 har ein auka avdraga frå 330 mill. kr til 442 mill. kr. Opptrapping av avdraga er eit av tiltaka for å bremsa gjeldsveksten.


Auke i utgiftene til renter og avdrag er ei av dei største økonomiske utfordringane som fylkeskommunen står overfor. Ein svært stor del av inntektsveksten går med til å dekkja aukande kapitalutgifter. Om rentenivået skulle begynna å stiga, kan det bli nødvendig med reduksjonar i driftsutgiftene. ■

LÅN



RENTER OG AVDRAG

■ Renter (netto) ■ Avdrag





7,4%

av inntektene går med til å dekke
renter og avdrag

37,9%

av driftsutgiftene går til
samferdselsfremål

42,0%

av driftsutgiftene går til
vidaregående opplæring

KOMMUNE - STAT - RAPPORTERING – KOSTRA

Kommune-Stat-Rapportering er eit nasjonalt informasjonssystem som gjev informasjon om kommunal og fylkeskommunal verksemd. Statistisk Sentralbyrå offentliggjorde 15. mars ureviderte tal for 2016. Reviderte tal vil bli lagt ut 15. juni.

I tabellen er vist nokre nøkkeltal, der ein ser på utviklinga over fire år. Det er teke med gjennomsnittstal for landet, utanom Oslo til samanlikning.

Hordaland har lånegjeld som er ein god del høgare enn landsgjennomsnittet, og som kvart år har auka meir enn driftsinntektene. Netto lånegjeld utgjorde ved utgangen av 2016 109,2 % av driftsinntektene. Avdraga har auka kvart år, medan renteutgiftene viser mindre endring. 7,4 % av inntektene går med til å dekkja renter og avdrag. Dette er dobbelt så mykje som gjennomsnittet av fylkeskommunane brukar.

Arbeidskapital er eit mål på likviditeten. Hordaland har hatt god likviditet dei siste åra, sjølv om arbeidskapitalen er noko lågare enn landsgjennomsnittet.

Reservar i form av disposisjonsfond utgjer 2,3 % av driftsinntektene. Gjennomsnittet for fylkeskommunane er vesentleg høgare med 9,9 %.

Hordaland fylkeskommune ligg litt over landsgjennomsnittet når ein ser på brutto driftsutgifter og brutto driftsinntekter per innbyggjar.

Om ein ser på fordelinga av brutto driftsutgifter mellom ulike sektorar, er det samferdsel som skil seg ut. I Hordaland går ein stadig aukande del av utgiftene til samferdsel. 39,4 % av brutto driftsutgifter gjekk i 2016 til samferdsel. Gjennomsnittleg brukte fylkeskommunane 30,5 % av driftsutgiftene til samferdselsføremål. For dei andre sektorane ligg andelen i Hordaland lågare enn landsgjennomsnittet.

	Hordaland				Landet u/Oslo
	2013	2014	2015	2016	2016
Finansielle nøkkeltal i prosent av brutto driftsinntekter					
Netto driftsresultat	6,6	0,7	2,1	2,9	5,0
Avdragsutgifter netto	3,5	3,8	4,0	5,1	3,3
Renteutgifter netto	2,0	2,1	2,1	2,3	0,4
Netto lånegjeld	83,6	95,9	101,6	109,2	77,0
Arbeidskapital ex. premieavvik	9,4	11,3	9,5	10,7	16,1
Disposisjonsfond	2,9	4,4	2,8	2,3	9,9
Finansielle nøkkeltal i kroner pr. innbyggjar					
Brutto driftsutgifter	14 657	15 343	15 930	16 162	15 894
Brutto driftsinntekter	15 729	15 399	16 099	16 579	16 475
Skatt og rammetilskot	10 802	11 102	11 628	11 978	12 655
Netto lånegjeld	13 155	14 762	16 356	18 096	12 678
Fordeling av brutto driftsutgifter (prosent)					
Adm og styring	3,9	3,1	3,4	3,3	4,2
Vidaregåande opplæring	42,5	42,0	41,4	41,8	45,9
Tannhelsetenesta	4,0	4,0	3,9	4,0	4,4
Fys. planl./kult.minne/natur/nærmiljø	2,1	2,4	1,9	2,1	2,3
Kultur	3,4	3,9	3,8	3,1	4,4
Samferdsel	37,4	38,3	39,2	39,4	30,0
Næring	2,5	2,4	2,3	1,9	3,1

Kultur og idrett	Hordaland				Rogaland	Landet u/Oslo
	2013	2014	2015	2016	2016	2016
Netto driftsutg. til kultursektoren i prosent av samla netto driftsutg.	2,7	3,2	3,1	2,1	0,8	2,7
Netto driftsutg. i alt til kultursektoren per innb. i kr	285	357	354	245	89	330
Netto driftsutg. bibliotek per innb. i kr	16	15	16	14	11	31
Netto driftsutg. museer per innb. i kr	95	92	94	94	92	95
Netto driftsutg. kunstformidling og produksjon per innb. i kr	77	80	85	91	121	129
Netto driftsutg. idrett per innb. i kr	33	91	79	-47	-142	10
Netto driftsutg. andre kulturaktivitetar per innb. i kr	65	78	82	93	8	66
Brutto driftsutg. kultursektoren per innb. i kr	506	600	609	508	553	700

Vidaregående opplæring	Hordaland				Rogaland	Landet u/Oslo
	2013	2014	2015	2016	2016	2016
Brutto investeringsutgifter til utdanning per innb.	872	1 177	1 332	1 500	1 006	1 047
Netto driftsutgifter til utdanning per innb. 16–18 år	141 990	150 253	157 030	158 678	154 948	164 675
Prosent netto driftsutgifter til utdanning av samla netto driftsutgifter	52,6	51,7	50,7	51,4	58,2	52,3
Prosent av personar 16–18-år som er i vidaregåande opplæring, bustadfylke	93,6	93,9	93,8	93,7	93,5	92,4
Prosent i vidaregåande opplæring som er i opplæring i skule, bustadfylke	82,0	81,9	81,7	81,0	79,8	81,4
Prosent i vidaregåande opplæring som er i opplæring i bedrift, bustadfylke	17,9	17,9	18,0	17,9	18,9	17,6
Prosent elevar og lærlingar som er i studieførebuande utdanningsprogram, bustadfylke	47,3	48,0	48,0	49,3	47,7	49,9
Prosent elevar og lærlingar som er i yrkesfaglege utdanningsprogram, bustadfylke	52,7	52,0	52,0	50,7	52,3	50,1
Prosent elevar som går på skule utanfor bustadfylke	2,8	2,9	2,9	3,0	2,6	4,3
Prosent lærlingar som har læreplass utanfor bustadfylke	10,7	10,3	9,2	7,6	3,6	12,5
Elevar per skule, fylkeskommunale skular (vgo)	398	419	403	434	702	549
Prosent beståtte fag- og sveineprøvar	88,2	91,4	90,9	89,6	93,8	92,9
Prosent elevar som har slutta i løpet av året – alle årstrinn	5,8	6,2	5,3	5,0	3,4	4,5
Ungdom 16–18 år, bustadfylke	19 825	19 664	19 556	19 543	18 910	178 152
Lærlingar, nye siste år, bustadfylke	2 089	2 076	2 054	2 043	2 056	18 024
Elevar ved fylkeskommunale vidaregåande skular, skulefylke	18 384	18 298	18 010	17 785	17 546	166 471
Elevar ved private vidaregåande skular, skulefylke	2 442	2 667	2 839	2 984	1 791	12 285
Lærlingar, læreplassfylke	4 176	4 347	4 375	4 399	4 627	35 970

Samferdsel	Hordaland				Rogaland	Landet u/Oslo
	2013	2014	2015	2016	2016	2016
Nto. dr.utg. i kr pr. innb., samferdsel i alt	3 883	4 180	4 341	4 390	3 407	4 076
Prosent nto. dr.utg. for samferdsel i alt av samla nto. dr.utg.	37,0	37,6	37,7	37,8	31,9	33,4
Bto. inv.utg. i kr pr. innb., samferdsel i alt	5 038	5 950	6 671	4 735	889	1 916
Nto. dr.utg. i kr pr. innb., fylkesvegar	1 064	1 179	1 432	1 348	1 380	1 734
Bto. dr.utg. i kr pr. km fylkesveg	184 724	207 020	252 075	237 643	260 711	191 236
Nto. dr.utg. i kr pr. innb., bilruiter	1 829	1 881	1 823	1 944	1 148	1 506
Nto. dr.utg. i kr pr. innb., fylkesvegferjer	606	581	592	592	292	444
Nto. dr.utg. i kr pr. innb., båtruiter	192	254	259	233	372	271
Nto. dr.utg. i kr pr. innb., transport for funksjonshemma	98	94	93	92	213	74
Nto. dr.utg. i kr pr. innb., sporvegar og forstadsbaner	93	190	142	181	2	47

Tannhelsetenesta	Hordaland				Rogaland	Landet u/Oslo
	2013	2014	2015	2016	2016	2016
Netto dr.utg. tannhelse pr. innb. i kr	419	425	428	437	472	486
Netto dr.utg., tannhelsetenesta, i % av totale netto driftsutg.	4,0	3,8	3,7	3,8	4,4	4,0
Brutto driftsutg., tannhelsetenesta, pr. innb. i kr	581	610	614	643	696	695
Brutto investeringsutgifter, tannhelse, pr. innb. i kr	56	17	25	41	30	53
Prioriterte personar, prosent under off. tilsyn i tannhelsetenesta	91,4	92,9	94,8	93,9	92,2	90,7
Prioriterte personar, prosent undersøkt/behandla	59,8	60,5	61,8	61,7	72,1	63,5
Barn og ungdom 3–18 år, prosent undersøkt/behandla	65,0	65,1	67,4	67,3	76,8	70,7
Ungdom 19–20 år, prosent undersøkt/behandla	44,0	45,2	40,9	45,1	70,2	47,2
Vaksne betalande klientell, prosent undersøkt/behandla	5,7	5,4	5,4	5,2	9,8	6,4
Heile befolkninga, prosent undersøkt/behandla	20,0	19,8	20,1	19,9	26,6	21,4
12-åringar, prosent undersøkt i løpet av året	63,0	63,8	62,9	64,6	81,4	75,7





REGIONAL UTVIKLING

Eit sentralt mål for regionalpolitikken er å realisera verdiskapingspotensialet i alle delar av fylket.

TILRETTELEGGING FOR DET GRØNE SKIFTET

Fylkeskommunen har eit overordna ansvar for regional planlegging i Hordaland. I 2016 vedtok fylkestinget ein ny regional planstrategi som vil setja dagsorden for berekraftig utvikling av Hordalandssamfunnet.

Regional planlegging er ein viktig reiskap for å fremja samfunnsutvikling. Fylkestinget vedtok i desember Regional planstrategi for åra 2016–2020. Planstrategien er ein felles overordna utviklingsplan for heile fylket. Eit omfattande kunnskapsgrunnlag med statusrapport for folkehelsa i fylket og rapport om nøkkeltal for berekraftig utviklinga blei nytta til å peika ut hovudutfordringar for fylket.

Ei samrådsgruppe leia av fylkesordføraren har hatt representantar frå alle

utvala i fylkeskommunen, frå kommunane ved ordførarar frå kvar region og byrådsleiar i Bergen, og fylkesmannen. Gruppa har vore eit viktig nav i arbeidet. Eldrerådet, rådet for menneske med nedsett funksjonsevne og innvandrarrådet har gitt verdifulle innspel. Ungdomens fylkesting har bidratt gjennom ei digital spørjeundersøking.

Ein ny metodikk blei utprøvd gjennom ei arbeidsøkt der heile fylkestinget og ordførarar frå alle kommunane sat saman og drøfta vegval vidare for fylket.

Sentrale organisasjonar og verksemder og dessutan statlege regionale organ har også vore inviterte inn. Ein omfattandehøyringsrunde viste at mål og strategiar er felles med viktige samarbeidspartar og aktørar i fylket.

Regional planstrategi

For dei neste fire åra vil fylgjande langsiktige mål og hovudmål leggjast til grunn for vidare planlegging og forvaltning i fylkeskommunen, statlege organ og kommunane:

Gjennom vedtak av regional planstrategi har fylkespolitikarane prioritert at følgjande planar vert arbeidde med dei neste fire åra:

Namn	Ny	Revisjon	Utval
Regional næringsplan		X	FUV
Regional plan for kompetanse og arbeidskraft	X		UTHE
Regional transportplan		X	MISA
Regional plan for godshamn i Bergensområdet	X		MISA
Regional klima- og energiplan		X	FUV
Regional plan for vassregion Hordaland		X	FUV
Regional plan for areal-, natur- og kultur-minnerressursar	X		KIRU
Regional plan for kraftutbygging		X	KIRU
Regional plan for Hardangervidda		X	FUV
Regional plan for areal og transport i Bergensområdet	X		FUV
Regional kystsoneplan for Sunnhordaland og ytre Hardanger	X		FUV

Regionale planar vedtekne i fylkestinget i 2016:

- Regional plan for areal og transport på Haugalandet.

Regionale planar under arbeid i 2016:

- Regional areal- og transportplan for Bergensområdet
- Regional kystsoneplan for Sunnhordaland og ytre Hardanger
- Regional transportplan (RTP) 2018–2029 (ei rullering av gjeldande Regional transportplan Hordaland 2013–2024 vedteken i fylkestinget i desember 2012).

Langsiktig mål:

Hordaland skal vera berekraftig, attraktiv og nyskapande.

Hovudmål:

Hordaland skal ha

- Høg sysselsetjing
- Eit inkluderande samfunn
- Ei klima- og miljøvenleg utvikling
- Samarbeid i ein sterk Vestlands-region

Rekordstor interesse for Plankonferansen

Planlegging for god folkehelse var tema for Plankonferansen i Hordaland 2016. Det var rekordstor deltaking med nærmare 300 deltakarar, som representerte større breidde av fagmiljø enn det som har vore vanleg.

I 2016 var det fire samlingar for kommunale planleggjarar og tilsette i regionale organ. Det var 15 møte i regionalt planforum i 2016, medrekna årssamlinga for regionale organ. Totalt har det vore omtrent like mange saker i planforum som i 2015.

Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNN)

Dette er den viktigaste reiskapen vår for å styra tildelinga av midlar. Over HNN-budsjettet har fylkeskommunen gjeve tilsegn til 122 prosjekt og tiltak på vel 37 millionar kroner. Fylkeskommunen sin finansieringsdel er jamt over inntil 30 prosent, og bidrar slik til å utløysa mykje anna kapital. ▶



HØYRINGSFRÅSEGN TIL KOMMUNALE PLANFORSLAG SISTE 6 ÅR:

Plantype/år	2011	2012	2013	2014	2015	2016
Kommune(del)plan	14	15	5	10	14	10
Reguleringsplan	247	187	268	243	214	226

Høyringsfråsegnene skal sjå til at regionale interesser, mål og forvaltningsansvar vert ivareteke i kommunale plansaker. Utval for kultur, idrett og regional utvikling (KIRU) handsamar alle kommuneplanar og kommunedelplanar med arealdel, i tillegg til reguleringsplanar der det er tilrådd motsegn. Totalt kom det 468 plansaker på høyring i 2016, medrekna oppstart og høyring.

TETTSTADUTVIKLING:

Tilskot 2016 til tettstadsutvikling frå Handlingsprogram for næringsutvikling i Hordaland (HNH):		
Kvinnherad kommune	Utviklingsprogram for Husnes som regionsenter	Kr 200 000
Jondal kommune	Landsbyttorg og sjøfront	Kr 700 000
Vaksdal kommune	Stadsanalyse og utgreiing for Stanghelle	Kr 500 000
Osterøy kommune	Moglegheitsstudie Lonevåg	Kr 200 000
Fusa kommune	Sentrumspark i Strandvik	Kr 350 000
Os kommune	Prosjekt Liv på Øyro	Kr 450 000
Kvam herad	Vidareutvikling av Norheimsund	Kr 100 000
Sveio kommune	Stadanalyse Sveio sentrum	Kr 100 000

PARTNARSKAP:

Tilskot frå «Partnerskap for kommune- og tettstadsplanlegging»		
Vaksdal kommune	Utviklingsstudie, Stasjonsbyen Vaksdal	Kr 150 000
Voss kommune	Rural urbanitet. Offentlege rom og plassar på Voss.	Kr 100 000
Meland kommune	Frekhaug sentrum – gode utandørs møteplassar og gangsoner	Kr 100 000
Stord kommune	Moglegheitsstudie, Den tette byen	Kr 100 000

BUDSJETT HANDLINGSPROGRAM:

HNH-budsjettet	Kommentarer	Løyvd (mill. kr.)
Bedriftsretta verkemiddel	Forvalta av Innovasjon Norge	15,0
Tilrettelegging for næringsutvikling	Midlar ein kan søka om til utviklingsprosjekt og øyremerkte midlar til samarbeidspartnarar og program	28,7
Regionale etablererfond	Forvalta av Regionråda/BRB	4,0
Omstilling og nyskaping	Midlar ein kan søka om	4,7
Sum løyvingar over HNH-budsjettet		52,4

Døme på prosjekt som har fått støtte over HNH er:

Maritimt test- og innovasjonssenter på Stord i samarbeid med NCE Maritime Clean Tech:

Testsenteret representerar viktig infrastruktur og er sentral i NCE Maritime CleanTech si innovasjonsplattform. Det er eit ønske frå næringa at det maritime testsenteret vert vidareført og ytterlegare forsterka i form av å verta eit maritimt innovasjonssenter for at mindre leverandørar og samarbeidspartnarar er i front teknologisk.

Utvikling av nytt studietilbod innan sjømat

Prosjektet skal etablera eit nytt internasjonalt studieprogram, tilpassa det sjømatnæringa. NHH har planar om å utvikla ein ny Master of Business and Administration studieprogram, skreddarsydd for auka kompetanse og internasjonalisering av regionens globale sjømatklynge.

Fleire lærebedrifter – lærlingar inn i fleire bransjar

Deler av Vestlandet erfarer no at mange bedrifter har redusert inntak av nye lærlingar etter fall i oljeprisen, noko som gjer det vanskeleg for elevar å fullføra fagbrevet. Live2Learn skal gjennom prosjektet identifisera og motivera bedrifter i Bergen og Bergen vest, til å ta inn fleire lærlingar.

Etablering av Gründerparken Vest – Sartor

For å styrkja omstillingsevna i eksisterande næringsliv og freista å få fram nye gründerbedrifter i kommunane i vest, skal ein etablera Gründerparken Vest i Sotra kystby.

Det er Fjell kommune som har initiert prosessen med mål om å etablera eit sterkt gründerfellesskap i regionen vest for Bergen. På lengre sikt har ein som mål å søkja status som industriell inkubator i Inkubatorprogrammet til SIVA.



Foto: Per Nordmark



Foto: Sahand Nasiribe-hojiz



Foto: Morten Knudsen

Tare dyrkernetverk for mat

Kommersiell dyrking av tare til mat er eit nytt felt i akvakulturnæringa i Noreg. Totalt er det mellom 10 og 15 verksemdar i Noreg som anten er i gang, eller planlegg å dyrka tang og tare til ulike formål. Ei av verksemdene i nettverket er med i forskingsprosjekt finansiert av Regionalt forskingsfond på Vestlandet.

Nettverket består av 6 verksemdar på Vestlandet og i Trøndelag og Nordland. Det å oppnå stabil produksjon basert på utvikling av felles standardar er viktig, og gir grunnlag for leveranse av produkt med ein jamn og god kvalitet til ein marknad som så smått har begynt å etterspørje dyrkat tare frå Noreg.



Næringshagar skal bidra til vekst og utvikling.

Næringshagen i Hardanger

Etter mange initiativ blei Hardanger tatt opp i det nasjonale næringshageprogrammet frå hausten 2016. Næringshagen i Hardanger er no ein av totalt 4 næringshagar i Hordaland som er med i programmet. Hordaland har ei politisk vedtatt målsetting om å arbeida for å ha inntil 5 næringshagar.

Næringshageprogrammet har som hovudmål å bidra til auka verdiskaping, vekst og utvikling av næringslivet, og er i hovudsak eit distriktsverkemiddel.

Regionsenter og tettstadutvikling

Utvikling av attraktive regionsenter er ein sentral del av politikken og nær 3 millionar kroner er tildelt prosjektfor utvikling av regionsenter og tettstader i Hordaland. Det vart gjeve midlar mellom anna til stadsanalyser, mogleheitsstudiar knytte til by- og tettstadutvikling. Det vart gjeve tilsegn til ti prosjekt etter innsendte søknadar frå kommunane.

Economusee

To nye Economusee vart opna i Hordaland. Oleana visingscenter produserer ▶



ullklede med mønster til verdensmarknaden. Arven Economuse syner produksjon av gull- og sølvsmedprodukt. Eit économusée er eit konsept der gamle handverkstradisjonar får nytt liv gjennom eit visingscenter der ein både kan sjå handverket bli utført og kjøpa produkt. Hordaland fylkeskommune bidrar både økonomisk og med kompetanse i etableringa av Economusee.



*Slitasje på naturområde
årsaka av menneske er eit
internasjonalt problem.*

Ei veke med entreprenørskap i Hordaland

Global veke for feiring av entreprenørskap fann stad i hausten 2016. 100 samarbeidsaktørar i Hordaland samla

seg bak arrangement som gav mangfaldet innan entreprenørskap. Over 60 ulike arrangement fann stad, og nær 3000 deltakarar deltok gjennom veke. Hordaland fylkeskommune støttar arbeidet, og bidrog også med konferansen «Kom an 2016» under veke, som vart arrangert i samarbeid med Innovasjon Noreg og Fylkesmannen si landbruksavdeling.

Mikroalgar på Mongstad

I november 2016 opna eit pilotanlegg for dyrking av mikroalgar på Mongstad.

Havbruksnæringa i Noreg har aukande behov for berekraftig framstilte marine feittsyrer. I staden for produksjon av fiskeolje gjennom fangst av villfisk, kan desse feittsyrene produserast direkte frå naturen si eiga kjelde, marine mikroalgar. Anlegget er eigd av Universitetet i Bergen (UiB) og har kosta 18 millionar kroner å byggja. Hordaland fylkeskommune gav tidleg nærings- og klimarett finansiering på 2 millionar kroner som hadde utløysande effekt for realiseringa av senteret.

Menneske set spor i naturen

Slitasje på sårbare naturområde årsaka av auka menneskeleg besøk er eit internasjonalt problem. Gjennom prosjektet Ascent (Apply Skills and Conserve our Environment with New Tools) skal Hordaland fylkeskommune og dei andre partnerane finne løysingar på utfordringane. Erosjon, forsøpling, merking, informasjon og tryggleik er sentrale tema i prosjektet.

I Hordaland er vi i tett dialog med Odda kommune og miljø- og klimadirektoratet. Vi knyter også til oss andre relevante aktørar. Skottland har lang erfaring med å få til gode løysingar for stibygging i fjellet. I 2017 skal representantar frå Odda, fylkeskommunen og Skotland møtast for erfaringsutveksling. Det er også planlagt eit besøk til Odda og Trolltunga av partnerane frå Storbritannia og Finland, som ynskjer å vera med i stiarbeidet.

Omstilling i leverandørindustrien

I 2016 forvalta Hordaland fylkeskommune 20 millionar kroner til omstilling

OMSTILLING I LEVERANDØRINDUSTRIEN – OVERSYN OVER TILDELINGAR

Prosjekt	Prosjekteigar	Prosjekt kostnad	Søkt beløp	Løyvd beløp
Forkurs ingeniørutdanning	Atheno	Kr 800 000	Kr 400 000	Kr 400 000
Frå idé til bedrift	Atheno	Kr 720 000	Kr 300 000	Kr 300 000
Omstilling frå olje/gass til energi-Vestlandet	Aritech	Kr 1 477 000	Kr 1 477 000	Kr 370 000
Bedriftssamarbeid om felles marknadstiltak	Gode sirklar/Verkstadgruppa	Kr 485 000	Kr 195 000	Kr 170 000
Opplæringsprogram omstilling gjennom samhandling	Future Solutions	Kr 567 000	Kr 298 500	Kr 298 500
Tilskot til omstilling innafør petroleumsindustri	Innovasjon Norge	Kr 1 973 000	Kr 1 973 000	Kr 1 973 000
Omstilling og bevaring av kompetanse-arbeidsplasser	Bergen Næringsråd	Kr 1 250 000	Kr 350 000	Kr 350 000
Omstillingsprosjekt bedrifter olje og gass i Nordhordland	Industriutvikling Vest	Kr 150 000	Kr 75 000	Kr 75 000
Introduksjon til god omstilling	Kvinnherad Næringssservice	Kr 360 000	Kr 160 000	Kr 160 000
Frå idé til bedrift 2	Atheno	Kr 780 000	Kr 300 000	Kr 300 000
Kreativitetsverkstad	Atheno	Kr 820 000	Kr 350 000	Kr 350 000
Utvikling av teknologi for en grønnere oljeindustri	WellGuard AS	Kr 3 600 000	Kr 1 800 000	Kr 1 500 000
Endringsglede	Kvinnherad næringssservice	Kr 600 000	Kr 300 000	Kr 300 000
Sum:		Kr 13 582 000	Kr 7 978 500	Kr 6 546 500

LivOGLyst

Arbeidet med lokalsamfunnsutvikling gjennom LivOGLyst-programmet starta opp att i 2016, og sju nye prosjekt blei rekrutterte til programmet. Eldsjeler har delteke på fokus kurs med erfaringsdeling, kompetanseauke, metodikk for korleis å lukkast med utviklingsarbeid og i tillegg får kvart prosjekt rådgjeving.

Programmet er eit partnerskap mellom Hordaland fylkeskommune og Innovasjon Noreg.

Treårige prosjekt	Kommune	Ettårige prosjekt	Kommune
Nytt liv i hamna	Fedje	Kultur og aktivitetar i sentrum	Odda
Lindåsbygda – fra oske til eld	Lindås	Eit lite stykke Hardanger	Ullensvang, Eidfjord
Strandstaden Sunde	Kvinnherad	LivOGLyst Fotlandsvåg	Osterøy
FemFemti	Ullensvang		

Andre næringsutviklingsmidlar		
Landbruksmidlar	Forvalta av fylkeskommunen i samarbeid med aktørane i landbruket	1,2
Næringsretta partnerskapsmidlar	Tilskot til samarbeidspartnarar	16,6
Sum andre næringsutviklingsmidlar		17,8
Næringsretta utviklingsmidlar	Kompensasjonsmidlar for auka arbeidsgjevaravgift – midlar for 2015 og 2016	43,8
VRI Hordaland	Kompetansemekling og dialogkonferansar	1,5
Omstilling Sør og Vestlandet	Søkbare midlar for seks fylker på Sør- og Vestlandet	20,0
Totalt til nærings- og samfunnsutvikling		153,3



14

tiltak og prosjekt i seks fylke
fekk støtte til omstilling

58,9

MNOK til forskning
på Vestlandet

76

MNOK til
omstillingsprosjekt



Foto: Mågne Sandnes

i leverandørindustrien til olje og gass, på vegne av seks fylkeskommunar på Sør og Vestlandet. Totalt vart det tildelt støtte til 14 tiltak og prosjekt i dei seks fylka, som totalt utløyste 76 millionar kroner i prosjektaktivitet.

Omstillingsutvalet fekk mandat til å etablera kontakt med sentrale styresmakter, og arbeida saman med desse, for å styrkja verkemiddelapparatet og diskutera tiltak knytte til rammevilkåra for bransjen.

Statsminister Erna Solberg, næringsminister Monica Mæland, fiskeriminister Per Sandberg og statssekretær Ingvil Smines Tybring-Gjedde vitja i mai 2016 til Hordaland fylkeskommune for eit møte med omstillingsutvalet.

Fylkesutvalet vedtok i 2015 også å avsetja midlar til omstillingstiltak i leverandørindustrien til olje og gass i Hordaland. For slutten av 2015 og i 2016 er det løyvd 6,3 millionar kroner til 13 prosjekt og tiltak. Dette har samla utløyst 13,6 millionar kroner i prosjekt-kostnader.

Arbeidsmarknads pilot

Fylkeskommunane i Hordaland, Troms, Sogn og Fjordane, Sør-Trøndelag og Østfold har fått i oppdrag frå Kunnskapsdepartementet å kartleggje behovet for kompetanse i eigen region i åra som kjem og betra balansen mellom tilbodet og etterspurnaden etter kompetent arbeidskraft. Hordaland fylkeskommune koordinerer arbeidet. Det har i 2016 vore jobba med pilotprosjektet i Hordaland saman med andre aktørar. Arbeidet har resultert i ein metode for å uterekna etterspørsel etter arbeidskraft. Prosjektet vert i 2017 vidareført i eit andre delprosjekt.



Rekordstor aktivitet for Regionalt forskingsfond Vestlandet.

Forskning på Vestlandet

Regionalt forskingsfond Vestlandet hadde rekordstor aktivitet i 2016. Det er gitt tilsegn om 40,9 millionar kroner til 15 større forskingsprosjekt og 17,9 millionar kroner til 38 mindre og kvalifiserande forskingsarbeid. Prosjekta skal bidra til innovasjon og verdiskaping i næringsliv og i kommunal sektor på Vestlandet. 27 av prosjekta som fekk støtte har prosjektansvarleg i Hordaland.

Kunnskapsdepartementet styrkte i 2016 budsjettet til Regionalt forskingsfond Vestlandet med 14,7 millionar kroner for å bidra til omstilling i landsedelen. Desse midlane er i hovudsak nytta til å styrkja ordninga med kvalifiseringsstøtte. Det er ein sterk auke i søknadar til ordninga.

Naturressursforvaltning

Akvakultur: Fylkeskommunen handsamar løyve til akvakultur og all klarering av nye lokalitetar. I alt 73 søknadar blei slutthandsama i 2016, 69 av desse gjaldt oppdrett av laks og aure i sjøvatn, 3 dyrking av tare og 1 oppdrett av rognkjeks. I tillegg låg 26 søknadar til handsaming ved utgangen av året. Dei fleste søknadane gjeld endringar på eksisterande godkjente lokalitetar. ▶



Foto: Magne Samdnes



Foto: Per Nordmark

Vilt, innlandsfisk og skjelsand: Fylkeskommunen har hovedansvar regionalt for forvaltninga av haustbare, ikkje truga artar av vilt- og innlandsfisk, i hovudsak tilrettelegging og koordinering.

Hjort er den største jaktressursen i fylket, og hovudsatsinga er å få føremålstenlege bestandsplanområde, uavhengig av kommunegrenser. Det var åtte skjelsandkonsesjonar i fylket ved utgangen av året, og årleg opptak er på om lag 30 000 m³.

Vassforvaltning: I desember 2015 blei Forvaltningsplan for vatn 2016–2021 med tiltaksprogram vedtatt i fylkesting et. Regjeringa godkjente den regionale planen 4. juli 2016, den første i sitt slag. Arbeidet skal gå føre seg kontinuerleg med planrevisjon kvart 6 år. Alle vassførekomstar i vassregion Hordaland er omfatta av planen, frå høgfjellet til grunnlinja.

Energi: Det vart politisk handsama 15 vasskraftprosjekt i 2016. Pakkeløysingar for småkraft har gjort det enklare å vurdere verknader, og to slike pakkar har vore oppe i 2016; Modalen og Eksingedalen.

Fylkeskommunen var positiv til dei fleste søknadane om utbygging. Seks saker vart ikkje tilrådde hovudsakleg av omsyn til landskap og friluftsliv, men òg laks og sjøaure.

Det er gjeve ei rekkje administrative fråsegner.

Det har vore synfaringar av småkraftverk i Modalen og Liseth/Voss. Med Radøy, Austrheim og Fedje er det innleia prosjektsamarbeid om sårbarheit i kraftforsyninga. ■



Foto: Magne Sandnes

NØKKELTAL

Regionalavdelinga gjekk totalt sett i balanse i 2016. Netto driftsutgifter er haldne på same nivå som tidlegare år, til trass for løns- og prisvekst og auke i budsjetterte utgifter til klimaarbeid. Drift på andre område er redusert med seks millionar kroner. At brutto driftsutgifter likevel har auka samanlikna med 2015, har i hovudsak bakgrunn i statleg finansierte program og prosjekt. Medan overføringar til næringsutvikling er jamt redusert over dei seinare åra, har overføringane til regionale forskingsfond auka

frå 2015 til 2016. Tilskot frå Kunnskapsdepartementet forklarar auka utgifter knytte til statistikk og analyse. Det meste av desse midlane vert vidareutbetalte til andre.

Utgifter til regional planlegging i 2016 var lågare enn budsjettert, og markert lågare enn tidlegare år. Over tid er budsjetterte utgifter til planlegging redusert, samstundes som 2016 var eit år utan større statlege overføringar til planlegging. Forventningar om inntekter knytte til ad-

ministrasjon av Vestlandsrådet vart ikkje heilt møtt, men det er også slik at nokre inntekter knytte til sekretariatet er ført på andre oppgåveområde.

I 2015 var utgifter til administrasjon og leing høge grunna at ein større statleg overføring var ført her. Tala for 2016 syner likevel også ein reell reduksjon i utgifter knytte til administrasjon i Regionalavdelinga.

	2013	2014	2015	2016	Avvik mot budsjett
Regional planlegging	14,7	17,0	14,6	10,5	1,0
Næringsutvikling	186,0	167,0	162,7	147,7	-0,6
Regionsenter- og lokalsamfunnsutvikling	5,8	11,7	7,8	5,6	0,0
Folkehelse	9,7	8,0	9,6	10,2	0,0
Vestlandsrådet	0,5	0,6	0,5	3,0	-0,9
Forsking	36,1	53,6	41,5	58,1	0,0
Statistikk og analyse	2,7	4,2	5,5	11,3	0,0
Internasjonalisering	6,0	6,8	7,2	7,9	0,3
Klima og miljø	8,1	15,1	9,3	14,9	0,1
Naturressursforvaltning	9,2	8,5	10,5	8,8	0,0
Administrasjon og leing	8,1	9,4	11,7	7,3	0,1
Sum	286,8	301,9	280,8	285,4	0,0

Tal i millionar kroner. Løpande priser. Bruk og avsetjing til fond er inkludert i tala. Utgifter dekte inn gjennom bidrag frå eksterne samarbeidspartnarar er også inkluderte. Nøkkeltala for 2016 er sett opp etter same mal som budsjett 2017. For å utarbeida samanliknbare tal bakover i tid er løns- og driftsutgifter fordelte på oppgåveområda på bakgrunn av estimert tal årsverk knytte til dei ulike oppgåvene.



BYGGJER FOLKEHELSEKOMPETANSE

Hordaland fylkeskommune støttar opp under folkehelsearbeidet i kommunane. Hovudinnsatsen i 2016 har vore auka kunnskapsgrunnlag gjennom nettverksbygging og kompetansestøtte. 27 kommunar søkte og fekk tildelt 2 775 000 kroner til folkehelsearbeid i fjor.

I november 2016 gjennomførde Hordaland fylkeskommune ei spørjeundersøking om regionalt tilskot til lokalt folkehelsearbeid. 30 av 33 kommunar svara på evalueringa. Dei fleste kommunane nyttar midlane til å byggja opp system for det systematiske folkehelsearbeidet. Innsatsområda i regional plan for folkehelse 2014–24 er retningsgjevande for folkehelseinnsatsen i kommunane.

Storsatsing på folkehelse i nærmiljøa

Fylkesutvalet vedtok våren 2016 at Hordaland skal delta i det nasjonale folkehelseprosjektet nærmiljø og lokalsamfunn, med nasjonal tildeling på 6 millionar kroner i prosjektåra 2016–2018. Askøy, Bømlo, Fjell er med i prosjektet, som skal gje auka kunnskap om korleis innbyggjarane i kommunane opplever lokalsamfunna sine. Dette er ny kartlegging som kjem i tillegg til statistikken over helsetilstanden som er tilgjengeleg i dag. Kunnskapen skal nyttast i kommuneplanlegginga og gje eit breiare grunnlag for å utvikla gode tiltak seinare.

Nesten alle kommunane i Hordaland har i dag ei folkehelseoversikt, utarbeidd med Hordaland fylkeskommune som støttespelar og medhjelpar. I 2016 ferdigstilte ti kommunar folkehelseoversikt.

Hordaland som føregangsfylke

Gjennom etablering av ei tilskotsordning har Hordaland fylkeskommune dei siste to år gjeve 620 000 kroner til kommunar som ynskjer å utvikle ein politikk for samspel mellom kommunar og frivillig sektor. I Hordaland er 16 kommunar godt i gang med dette arbeidet. Det er nærmare 50 %, medan talet nasjonalt er 13 %.

Fiskemåltid til barn

Hordaland fylkeskommune koordinerer Fiskesprell, som er eit Nasjonal program for betre kosthald og folkehelse. Innsatsområde i 2016 var barn og unge i barnehagar for å auka kompetanse på å laga fiskemåltid ute i fjøresteinane. 90 tilsette frå barnehagar og SFO deltok på Fiskeprellkurs i løpet av året.

Ni journalistar frå Malaysia var i Bergen etter invitasjon frå Norges sjømatråd for å verta inspirerte av Fiskesprell i Sjøsprøyten barnehage. Fiskesprell er eit samarbeid mellom Helse- og omsorgsdepartementet, Nærings- og fiskeridepartementet, Norges sjømatråd og Helsedirektoratet.

Nettverkssamlingar

Det har vore avvikla fem nettverksamlingar/erfaringssamlingar med folkehelsekoordinatorar/kontaktar som målgruppe. Det er lagt vekt på tema som gode helseoversikter, folkehelseomsyn som premiss i kommunal planlegging og frivillighetspolitikk, nærmiljø og folkehelse. To samlingar er arrangerte i Bergen i samarbeid med Helse- og omsorgsdepartementet og Nasjonalt folkehelseinstitutt.



Nesten alle kommunane i Hordaland har i dag ei folkehelseoversikt.



35

elbilar har erstatta fossile tenestebilar i Hordaland fylkeskommune

7%

av personbilane i Hordaland er elbilar

87%

mindre CO₂-utslepp frå framtidens ferjer

HORDALAND UTMERKER SEG NASJONALT INNAN KLIMAARBEID

Klimaplanens handlingsprogram for 2016 hadde 37 tiltak innan kollektivtrafikk, transport, næringsliv og bygg, miljøstyring og klimatilpassing. Tiltaka innan kollektivtrafikken er dei største både med omsyn til midlar og utleppskutt.

Klimagassutsleppa frå Hordaland har stege frå kring 4 mill. tonn CO₂-ekvivalentar i 1991 til nesten 5 mill. i 2015. Det utgjer i underkant av 10 tonn per innbyggjar. Målet i Klimaplanen er å redusere desse utsleppa til kring 3 mill. tonn i 2020 og 2,4 mill. tonn i 2030.

87 % mindre CO₂-utslepp for framtidens ferjer

Hordaland fylkeskommune stilte minstekrav om energieffektivisering og utleppsreduksjon på anbuds konkurransar for dei 17 fylkeskommunale ferjesambanda dette året. For dei sju sambanda som vart offentleggjort i oktober 2016 garanterer tilbydar for 87 % utleppsreduksjon og 60 % energiinnsparing.

Klimagassutsleppa frå dagens fylkesferjer er på 56 000 tonn CO₂-ekvivalentar. Avhengig av dei vidare tildelingane vil den samla utleppsreduksjonen svara til kutt mellom 25 000 og 40 000 tonn CO₂-ekvivalentar.

Flest hurtigladeestasjoner i landet

Hordaland er fylket med flest hurtigladeestasjoner i Noreg. Fylkeskommunen har gjeve om lag 9 millionar kroner til hurtigladeinfrastruktur i fylket.

I 2016 vart det gitt tilskot til normal-ladeinfrastruktur i kommunane Fedje, Masfjorden, Osterøy og Radøy.

I 2016 vart tilskota utlyst som konkurranse om den lågaste støttesummen

på utvalde stadar utanfor dei nasjonale korridorane: Askøy, Austevoll, Eidfjord, Osterøy, Radøy. Stasjonane vert opna innan august 2017.

Ved utgangen av 2016 utgjorde elbilar sju prosent av personbilparken i Hordaland. Fylket har den høgaste delen elbilar i personbilsalet i heile Noreg, med om lag 30 prosent.

Europas største bestilling av hydrogenbilar

Fylkeskommunen løyvde 4 millionar kroner til hydrogenfyllestasjoner i Bergensområdet i 2016. Med tilsegn om statleg stønad frå Enova hausten 2016 vert desse stasjonane realiserte i 2017. I regi av CMR Prototech og Greenstat AS vart det etablert ei brukargruppe som har forplikta seg til å kjøpa til saman over 20 hydrogenbilar. Dette, som er Europas største bestilling av hydrogenbilar, gjorde at bilprodusenten Hyundai valde å starte sin Europa-turné i juni 2016 i nettopp Bergen.

Landbruk

Det er gjennomført ei kartlegging av situasjonen for gjødsellager i fylket for å vurdere potensialet for bio-gassanlegg. Det er i dag 30 postnummerområde der produksjonen er over 200 tonn/år. Det er gjennomført kurs og oppfølging i Rosendal og på Voss for å fremja produksjon av grønnsaker i fylket.

Klimatilpassing

Fylkeskommunen fører forskning og praksis saman for å styrkja kunnskap om klimatilpassing i kommunane i

Hordaland. I FoU-prosjektet «Hordaklim» tek ein sikte på å nedskalera oppdaterte globale klimamodellar, for å skaffe nyttig data til kommunane Bergen, Kvam, Osterøy, Kvinnherad, Voss og Odda. I Odda, Bergen og Voss vert flaumdata frå fleire tusen år tilbake i tid kartlagde for å få kunnskap om framtidige storflaumar. Uni Research Klima er prosjektleiar. Pilotprosjektet starta i 2015 og varer i tre år.

I 2016 starta ein opp «Hordaplan» med Uni Research Rokkansenteret som prosjektleiar. Ved å følgja klimatilpassingsarbeidet i dei kommunane som deltek, vil ein undersøka faktiske tilpassingsprosessar der ny kunnskap om lokale klimaendringar blir tekne i bruk.

Klimarådet

Klimarådet er ein møteplass der politikere kan utveksla idear og erfaringar, og i 2016 kom Klima Østfold på besøk for dela erfaringar. Hovudtema var utveksling «Lågutsleppstransport». Klimarådet hadde fire møte i 2016 med tema:

- Det grøne skiftet: med fokus på sjøfart og hydrogenproduksjon
- Miljøvenleg hamn og hydrogen i transport
- Klimatilpassing
- Lyntogforum Vestlandsbanen

Samarbeid med kommunane

Fylkeskommunen støttar arbeidet med rullering av kommunale klimaplanar og 14 kommunar som skal rullera planen i 2016. Blant eigne klimatiltak trekkjer



Foto: Hordaland fylkeskommune

kommunane fram miljøfyrtårnsertifisering, utfasing av oljekjeler, Enøktiltak i kommunale bygg, bygging av ladestasjonar for elbil og utskifting av fossile tenestebilar med elbilar. I 2016 støtta fylkeskommunen miljøsertifisering i Eidfjord og Meland. Stønaden er foreslått vidareført med ei utlysing i 2017.

Fleire klimapartnerar

Partnarskapen mellom offentlege og private, som starta i 2014, veks. Det er no 22 partnerar med over 40 000 tilsette. Klimapartner Hordaland samarbeider om kunnskapsutvikling og kompetanseheving på tema som klimarekneskap, innkjøp, forretningsutvikling, transport og energieffektivisering.

Miljøprisen 2015

Miljøprisen 2015 gjekk til Norsk Klimastiftelse. Dei fekk prisen for å heva kunnskapsnivået i klimadebatten og få til ein dialog mellom fagmiljø og ålmenta. ■




Foto: Magne Sandnes

KLIMAGASSUTSLEPP FRÅ VEGTRAFIKKEN I HORDALAND

Basert på rapportert drivstoffstal- og forbruk til SSB og HFK

- Lette køyretøy (SSB)
- Bussar i oppdrag for Skyss (HFK)
- Andre tunge køyretøy (SSB)



Hordaland har færre bilar og færre køyrde kilometer pr innbyggjar enn andre fylke i Noreg. Totalt er klimautsleppa frå vegtransporten i fylket på om lag 850 000 tonn CO₂-ekvivalenter årleg.

MILJØREKNESKAP 2016

Hordaland fylkeskommune følger opp handlingsprogram for intern miljøstyring og er miljøsertifisert etter Miljøfyrtårnordningen og Grønt Flagg. I 2016 arrangerte fylkeskommunen «Miljøstyringsdag» for miljøkontakter.

Hordaland fylkeskommune nyttar systematisk miljøstyring, og arbeidet gjev eit oversiktleg bilete av kvar ein oppnår resultat, og kvar ein må arbeida vidare.


Miljørekneskap for alle einingane og andre miljørapportar for 2016 er publiserte på www.hordaland.no/miljorapport.

- Sum CO₂-utslepp frå fossil energibruk i eiga verksemd utanom kollektivtransport gjekk ned 3,4 % i 2016. Samanlikna med 2015 gikk CO₂-utslepp frå fossil oppvarming ned 9,2 % og utslepp frå transport ned 15 %.
- Tal km med flyreiser gikk ned med 26 % i 2016. Nedgangen frå 4 millionar km til 3 millionar km tilsvarar 27 gonger rundt ekvator.
- Bruk av Skype auka og videomøte går ned. Det er registrert 33 530 Skype-samtalar/møte frå mars 2016. Det blei gjennomført 615 videomøte i 2016, ein nedgang på 30 %.
- 15 % nedgang i forbruket av diesel og 7 % nedgang i forbruket av bensin.
- Tal køyrt i fossilbil pr. tilsett er redusert med 5 %.
- Hordaland fylkeskommune kjøpte i 2016 flest elbilar av norske kommunar.
- 14,6 % av køyretøya til fylkeskommunen var elbilar i 2016.


- Hordaland fylkeskommune har no 35 elbilar, som har erstatta fossile tenestebilar.
- Nær 200 000 km av tenestereisene vart gjort med elbil.
- Utbetalt kilometergodtgjering med eksosbil gjekk i 2016 ned 7 % (140 000 km) frå 2015.
- Utbetalt kilometergodtgjering med elbil gjekk opp 32 %.
- Fylkeskommunen sine bygg blir meir energieffektive. Temperaturkorrigert energiforbruk minka frå 157 kWh/kvadratmeter i 2015 til 140 kWh/kvadratmeter i 2016. Dette er ei nedgang på 11 %. Temperaturkorrigert energibruk i fylkeskommunens bygg gjekk ned 5 % frå 2015 til 2016.
- Bruk av elektrisitet har gått ned 3 % med 1 636 075 kWh til 48 370 957 kWh.
- Bruk av olje i oppvarming har gått ned med 2 % (redusert til 438 000 liter), mens det ble brukt meir bioenergi (+ 16 %) gass (+ 10 %) og fjernvarme (12 %).
- Klimagassutsleppa frå fossil oppvarming auka med 7 % til 534 tonn CO₂ i 2016. Forklaringa er i hovudsak at vi nyttar ein høgare faktor for klimagassutslepp knytt til fjernvarmen, BKK oppgir faktor (0,020 kg CO₂/kWh).
- Mengda matavfall er redusert med 38 %, til 47 tonn.
- Hordaland fylkeskommune har kjøpt 40 elsyklar til tenestebruk, i hovudsak ved vidaregåande skular.
- Kjeldesorteringsprosenten har gått opp frå 31 % til 36 %.
- Total avfallsmengde har auka med 7 % til 1 744 tonn.
- HFK har 72 miljøsertifiserte leverandørar.
- Det vart kjøpt 21 % mindre papir totalt i 2016 og forbruket av A4-ark minka med 12 %.
- Det ble i 2016 kasta 38 % mindre mat i fylkeskommunen.

KLIMAGASSUTSLEPP FRÅ HORDALAND FYLKESKOMMUNE 2016
(fossil oppvarming, transport og transporttenester)

■ Buss ■ Båt ■ Ferje ■ Eiga verksemd



CO₂-UTSLEPP FRÅ FOSSIL ENERGIBRUK, EIGA VERKSEMD UTANOM KOLLEKTIVTRANSPORT







SAMFERDSEL

Kollektivtrafikken er ei viktig satsing for Hordaland fylkeskommune. Passasjertalet auka med fire prosent i 2016.

NY SOLID VEKST FOR KOLLEKTIVTRAFIKKEN

2016 vart eit år med ny solid vekst for kollektivtrafikken. Talet påstigande passasjerar med buss, bane og båt i heile Hordaland har auka frå 50,8 millionar i 2013 til 56,4 millionar i 2016. Siste året var veksten 4,0 %. Fylkeskommunen har auka kapasiteten med 300 nye bussavgangar i Bergen og opning av Bybanen frå Lagunen til Birkelandskrysset.

Belønningsordning

Hordaland fylkeskommune har saman med Bergen kommune inngått ein fire-årig avtale med Samferdselsdepartementet om tildeling frå «Belønningsordningen for bedre kollektivtransport og mindre bilbruk i byområdene» for perioden 2015–2018. Avtalen omhandlar i hovudsak tiltak innanfor Bergen kommune sine grenser, og legg til grunn målet om nullvekst i personbiltrafikken.

For perioden 2015–2018 er det gjennom belønningsordninga tildelt ei samla løyving på 724 millionar kroner. Midlane vert fordelte mellom ulike tiltaksområde, der i blant tiltak for utvikling og styrking av kollektivtilbodet.

Av belønningsmidlane blei det i 2016 fordelt 109 millionar kroner til kollektivdrift, inkludert ekstra belønningsmidlar på 35 millionar løyvd i 2015 som har gått til styrking av kollektivtilbodet i samband med tidsdifferensierte bompengesatsar i Bergen.

Også i 2016 er det løyvd ekstra belønningsmidlar til styrkt ruteproduksjon, men dette er midlar som er øverførte til 2017.

Fylkeskommunen og Bergen kommune fekk i 2016 tildelt 200 millionar kroner gjennom ordninga.

Midlane vart fordelte slik:

- 30 mill. kr til planmidlar
- 85 mill. kr til utvikling og styrking av kollektivtilbodet

- 30 mill. kr til terminalar og knutepunkt langs stamlinene
- 20 mill. kr til framkomsttiltak for buss langs stamlinene
- 15 mill. kr til sykkeltiltak
- 15 mill. kr til gangtiltak
- 0,5 mill. kr til miljøtiltak

Mål om nullvekst nådd

I samband med årleg rapportering av måloppnåing til Samferdselsdepartementet viste trafikkdata for passeringar gjennom bomringen i 2016 ein nedgang på 4,2 % samanlikna med 2015. I rush-tida var nedgangen heile 15 % i 2016 samanlikna med året før. Ein viktig forklaring er innføringa av tidsdifferensierte bomtakstar den 1. februar 2016. I tillegg vart det oppretta 300 nye bussavgangar, og Bybanen opna for passasjerar til Birkelandskiftet. Nedgangen i registreringar av personbiltransporten viser at Bergen har nådd målet om nullvekst som ligg i avtalen med Samferdselsdepartementet. Referanseåret er her sett til 2014.

Fleire må reisa kollektivt

Det er gjort analysar for å konkretisere kva målet om nullvekst i personbiltrafikken vil bety for kollektivtrafikken i dei største byane. I forarbeidet til trafikkplan for Bergen er det gjort ein gjennomgang av ulike prognosar. I planlegging av framtidig tilbod i Bergen legg ein til grunn at kollektivtrafikken må ha ein årleg passasjervekst på om lag 3,5 prosent dersom ein skal nå målet om nullvekst i personbiltrafikken.

Då er potensialet for gang- og sykkelreiser justert opp i høve til tidlegare prognosar. Ein ser dermed for seg 80 millionar kollektivreiser i Bergen i 2030, mot 49,2 millionar i 2016.


Styrker rutetilbodet

I samband med innføring av tidsdifferensierte bompengesatsar blei kollektivtilbodet utvida med om lag 300 nye avgangar frå januar. I tillegg blei det sett inn om lag 130 nye daglege avgangar i samband med fast årleg ruteendring i august. Bystamlinjene og andre linjer med kapasitetsproblem blei prioriterte. I tillegg blei det prioritert å setja inn fleire avgangar i helg og i sommarveke.



Hordaland fylkeskommune er tildelt 724 millionar kroner av samferdselsdepartementet til betre kollektivtrafikk i perioden 2015–2018.

Samla har styrking av busstilbodet og forlenginga av Bybanen til Birkelandsskiftet gitt ei vesentleg styrking av rutetilbodet i Bergen, i form av auka ▶



4,2%

nedgang i passeringar
gjennom bomringen i Bergen
samanlikna med 2015

10,6

millionar påstigingar
på Bybanen – ein auke på
7 % frå 2015

4,0%

samla vekst i påstigande på buss,
bane og båt i 2016

300

nye bussavgangar
oppretta i 2016



Styrkt kapasitet i kollektivnettet har gjeve resultat og passasjerstatistikken viser at veksten på kollektivreisande i Hordaland held fram.

kapasitet og frekvens på fleire tunge linjer.

Likevel er det framleis fleire linjer med kapasitetsutfordringar. Spesielt ser ein at innerstrekninga for Bybanen mellom Kronstad og Byparken har svært mange reisande, tidvis også utanfor rushperiodane. Også stamlinjene 3 og 4 har pressa kapasitet i rushtidene. Skyss vil halde fram med å styrke tilbodet så lenge dei økonomiske og fysiske/arealmessige rammene gir høve til det.

Også i 2016 har det vore pressa kapasitet på dei mest populære avgangane på sambandet Kleppstø–Strandkaaien. I 2016 har tilbodet blitt styrkt med fleire avgangar laurdagar. Frå våren 2017 planlegg ein å få inn ein større båt på sambandet.

Veksten i kollektivreiser held fram

Styrkt kapasitet i kollektivnettet har gitt resultat og passasjerstatistikken for 2016 viser at veksten i talet på kollektivreisande i Hordaland held fram. Samla for buss, båt og bane var det om lag 56,4 millionar påstigande i Hordaland i 2016. Dette er fire prosent vekst frå 2015, og inneber ein noko høgare vekst enn det ein har sett dei siste åra.

Bybanen held fram med ei positiv utvikling i passasjeretalet. I 2016 reiste

sju prosent fleire med Bybanen enn året før. Bybanen har no om lag 10,6 millionar årlege påstigingar, og står for 19 prosent av kollektivreisane i fylket. Samla for buss og bybane er veksten i Bergensområdet på fire prosent.

Også for båtane i fylket har det vore ein positiv vekst i talet på passasjerar. Samla har talet på reisande auka med seks prosent frå 2015 til 2016. I 2016 var det om lag 1,1 million reisande med båtutrutene i fylket.

Reiseinformasjon i sanntid

Appen Skyss reise er blitt oppdatert til også å inkludera reiseplanleggar. Appen viser no avgangar i sanntid, i ruteområde der slikt utstyr er installert i bussane. Ny reiseplanleggar på web er òg under utvikling, med planlagt lansering første kvartal 2017.

Skyss har gjort tiltak for å forbetra systemet for informasjon på skjermar langs Bybanen, og ein har oppdatert fleire terminalar med utstyr som viser og les opp digital avgangsinformasjon. Ein har i tillegg kjøpt inn digitale skjermar til fleire bussar, og lagt til rette for løysningar for digitale informasjonspunkt i Bergen sentrum som vil verta installerte og sette i drift i 2017.

Skyss har i 2016 gjort mykje for å forbetra informasjonen til reisande ved

avvik i kollektivtrafikken. Mellom anna har ein etablert ei eiga gruppe medarbeidarar som har ansvar for å overvaka trafikken, samla informasjon om avvik og publisere slik informasjon i ulike kanalar. Dette er eit område det vil bli jobba vidare med å utvikla og forbetra i 2017.

I 2016 har Skyss halda fram med å digitalisera trafikantinformasjonen og å fasa ut trykte rutehefte. Rutehefte for Bergen vert ikkje lenger trykte opp, men utskrifter av desse kan tingast. Rutehefte for resten av Hordaland vert framleis trykte opp, men vert ikkje lenger distribuerte om bord på bussane.

Ny rekord for mobilbilletter

I 2016 selde Skyss totalt 5,6 millionar billetter, 94 prosent av desse var enkeltbilletter. Enkeltilletter for vaksne står for 76 prosent av det totale salet. Salet av mobilbilletter aukar framleis månad for månad. Ny rekord vart sett i november med 520 718 mobilbilletter. Talet for november 2015 var litt over 400 000. Ved utgangen av 2016 var billettappen lasta ned meir enn 333 000 gonger, det gjev over 80 000 nye brukarar samanlikna med året før.

For å komme nærmare eit svar på korleis løysingane for sal og billettering vil sjå ut i framtida har Skyss gjennomført ►



Foto: Morten Wærvik

TAL PÅSTIGANDE BUSS, BANE, BÅT*

	2014	2015	2016	Endring 2015–2016
Bergensområdet	46 000 000	47 363 000	49 210 000	+ 4 %
Hordaland total	52 707 000	54 265 000	56 380 000	+ 4 %

* Båtruta Kleppstø–Strandkaien inngår i påstigingstal for Bergensområdet. Tal påstigande for Hordaland er inklusiv båtrutene Sunnhordland, Nordhordland og Austevoll. Dette er båtruter med bruttokontrakt, og er henta frå Skysst sin passasjerstatistikk.

TITTEL?

Driftsart	2015	2016	Endring 2015–2016
Buss	43 352 000	44 740 000	+ 3 %
Bybanen	9 987 000	10 655 000	+ 7 %
Båt *	926 000	984 000	+ 6 %
Totalt	54 265 000	56 380 000	+ 4 %

* Inkluderer Kleppstø–Strandkaien, Sunnhordland–Austevoll–Bergen, lokalbåtrute Austevoll og Knarvik–Frekhaug–Bergen



Opna Bybanen til Birkelandsskiftet

– Eg håpar banen blir til gagn og glede for alle som skal bruka den dagleg, sa fylkesordførar Anne Gine Hestetun måndag 15. august 2016 då ho, saman med ordførar Marte Mjøs Persen, offisielt opna Bybanen frå Lagunen til Birkelandsskiftet.

Den nye strekninga gjev kollektivtilbod av høg kvalitet til 9000 busette og 13 000 arbeidstakarar. I tillegg knyter ein ny gang- og sykkelveg Sandsli og Kokstad saman. Birkelandsskiftet terminal blir eit knutepunkt for kollektivtrafikken i området med innfartsparkering til 280 bilar og eiga sykkel-parkering.

Den nye bybanestrekninga har kosta 3,715 milliardar kroner, er sju kilometer lang og har sju nye haldeplassar. Byggetida har vore tre år.

Bybanen Utbygging 2016

Bybanen Utbygging har i 2016 vore i ein mellomfase der byggjetrinn 3, strekninga Lagunen–Flesland, er i avslutningsfasen, og arbeidet med planlegging av byggjetrinn 4 kom i gang for alvor. Strekninga Lagunen–Birkelandsskiftet vart opna i august, mens heile strekninga fram til Flesland vert opna våren 2017.

Totalt vart det investert for 507 mill. kr i 2016 fordelt med 431 mill. kr på byggjetrinn 3 og 76 mill. kr på byggjetrinn 4.

Knapt 40 tilsette har vore knytte til utbyggingsorganisasjonen i 2016, men på grunn av låg aktivitet har nokre tilsette i ein periode vore utlånte til andre einingar i fylkeskommunen, til Bergen kommune og til Statens Vegvesen. I mai 2016 flytta heile organisasjonen frå kontor i Nordåsdaalen og på Kokstadflaten til kontorlokale i Kronstadparken for å koma nær traseen mot Fyllingsdalen, byggjetrinn 4.

ei kartlegging våren 2016. Den viktigaste konklusjonen frå arbeidet er at Skyss må implementera nye løysingar, men at desse i ein periode må leva side om side med dei eksisterande løysingane. Skyss jobbar vidare med å orientera seg i marknaden, og i samarbeid med andre aktørar, for å gjera sal og billettering enklare i åra som kjem.

Universelt utforma av haldeplassar

Dei siste åra er det satsa stort på generell opprusting og universell utforming av haldeplassar og endehaldeplassar langs stamlinene. Oppgraderinga inkluderer nadsynt fysisk tilrettelegging for sanntidsinformasjon for dei reisande.

Fysisk tilrettelegging på haldeplassane, mellom anna framføring av straum, vert finansiert over Bergens-programmet.

Det har vore stor aktivitet og eit stort tal haldeplassar er opprusta og bygde om dei siste åra. I 2016 er det rusta opp 58 haldeplassar. Satsinga held fram komande år. Føremålet med satsinga er både å auka kvaliteten for dei reisande, å redusera reisetida og gjera kollektivnettet meir effektivt driftsmessig.

Gjennom Bergensprogrammet held opprusting av Sentrumsterminalen fram. Sentrumsterminalen omfattar haldeplassane Olav Kyrres gate, Christies gate, Allehelgensgate og Torget. Her skal det etablerast betre terminalforhold med universell og estetisk uforming og tilrettelegging for busser og reisande. Det er etablert store venteskur med høg standard på haldeplassen i Christiesgate, rett ved Festplassen. I 2017 vil også terminalen på Strandkaiterminalen få same standard.

Innfartsparkering

Hordaland fylkeskommune har vedteke ein strategi for innfartsparkering fram mot 2030, og Bergen kommune sa



Foto: Morten Wanvik

Foto: Morten Wanvik



Dei siste åra er det satsa stort på opprusting av haldeplassar.

seg samd i hovudprinsippa. Strategien har eit delt fokus mellom Bergen og omlandskommunane. I Bergen blir arbeidet med innfartsparkering koordinert med vidare utbygging av Bybanen (Birkelandsskiftet og Åsane).

I samband med byggetrinn 3 til Flesland er det etablert innfartsparkering ved den nye terminalen i Birkelandsskiftet. Det er totalt 280 parkeringsplasser, fordelt på to etasjar, like eins innandørs sykkelparkering. Prosjektet stod ferdig til opninga av byggetrinn 3. Innfartsparkering for sykkel skal etablerast ved alle store kollektivknutepunkt i Bergensområdet. Fleire av desse anlegga stod ferdige i 2016 og fleire vil opnast våren 2017.

I påvente av endeleg trase for Bybanen blir det også jobba med mellombelse løysingar for innfartsparkering i Åsane.

Lågare utslepp frå kollektivtrafikken

I samband med nye busskontraktar i Hardanger og Voss, og Modalen og Vaksdal har bussparken i kontraktområda fått eit betydeleg løft; av om lag 145 bussar totalt er 110 nye med Euro 6-standard som har svært låge lokale utslepp. Når ny kontrakt for Sunnhordland har oppstart i 2017 vil nye bussar som blir skaffa ha Euro 6-standard, medan resten har Euroklasse 5.

Som del av førebuingane til nytt anbod Nordhordland frå 2018 har Skyss gjennomført ei utgreiing av mogleheitene for alternativ framdriftsteknologi og drivstoff i dette området. I utgreiinga

280

plassar til innfartsparkering ved terminal Birkelandsskiftet

1,1

million reisande med båtutene i fylket

2,5%

var gjennomsnitt prisauke på billettane i 2016

blir det tilrådd at Skyss stiller krav om bruk av syntetisk diesel (HVO) som drivstoff i ny kontrakt, noko som kan redusere CO₂-utsleppa med 60–90 prosent.

Skyss vil gjennomføra liknande type utgreiingar i forkant av alle kommande kollektivanbod. Det er gjort politisk vedtak om at det skal bli utarbeidd ein heilskapleg plan for arbeidet med null-utslepp for kollektivtrafikken. I august opna nytt anlegg for biogass i Rådalen. Anlegget skal ha kapasitet til å produsera biogass til om lag 80 bussar.

Beredskapstakstar

Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune har vedteke å innføra bered-

skapstakstar (femdobling av gjeldande bompengetakstar) med gratis kollektivtransport som mogleg tiltak på dagar med for høg luftforureining. Skyss har arbeidd med å førebu korleis kollektivtransporten skal organiserast på slike dagar.

Vedtak om forenkla takst- og sonestruktur i Hordaland

I Hordaland er det pris- og marknadsmessig store forskjellar mellom reisande i og utanfor sone Bergen. Kundar i sone Bergen kan reise innanfor minstetakst og har fleire salskanalar tilgjengeleg, medan det for kundane i resten av fylket framleis er ei rekke små soner som avgjer billettprisen, og billetten må kjøpast om bord. Den

gjeldande strukturen utanfor sone Bergen er komplisert og lite framtidsretta med tanke på salskanalar. Det har derfor lenge vore eit ønske om å forenkla takst- og sonestrukturen i Hordaland.

Ei politisk styringsgruppe har jobba saman med administrasjonen med ulike modellar og sett nærare på konsekvensane av endring, og har tilrådd ein modell med sju soner. Fylkestinget vedtok i desember å redusere talet på takstsoner til sju, og arbeidet med å førebu denne endringa skal starte i 2017. Nytt takstsystem skal tre i kraft i 2018.

Årleg prisjustering

I den årlege prisjusteringa 1. februar



vart prisen for alle billetter auka med eit gjennomsnitt på 2,5 prosent. Enkeltbillett vaksen i 1–2 soner gjekk opp frå 35 til 36 kroner. Pris for barn og honnør vart ikkje endra i 2016, det vart heller ikkje prisen for nattbillett. 30-dagars ungdomsbillett for heile Hordaland vart 10 kroner dyrare, og kosta 360 kroner i 2016.

Båtrutene og ferjesambanda

Båtrutene:

Dei fleste båtrutene i fylket har hatt ein positiv vekst i talet på passasjerar. I 2016 var det om lag 1,1 million reisande med båtrutene i fylket.

Passasjertalet på båtruta Kleppestø–Standkaien var på 481 000 i 2016, noko

som er om lag 33 000 fleire reisande enn i 2015. Dette er ei auke på sju prosent.

Veksten i reisande med båtruta Knarvik–Frekhaug–Bergen heldt fram. I 2016 reiste om lag 20 000 fleire passasjerar med båtruta samanlikna med i 2015. Talet på reisande i 2016 var totalt 121 000, noko som er ein vekst på 20 prosent frå 2015.

Sambandet Sunnhordland–Austevoll–Bergen hadde 366 000 reisande i 2016, noko som er 6000 fleire enn i 2015. I 2016 har ein opplevd noko pressa kapasitet på strekninga mellom Flesland kai og Bergen, der det er set inn særskilte tiltak for å transportere

attståande passasjerar fredag ettermiddag.

Ferjesambanda:

Samla sett hadde fylkesvegferjene ein auke i personbileiningar på om lag to prosent. Variasjonar i ferjestatistikken frå år til år kan vera påverka av trafikkale situasjonar som har innverknad på val av reiserute i eit område. Til dømes har det i 2016 vore spesielt høg vekst på ferjesambanda Kvanndal–Utne (18 prosent vekst) og Kinsarvik–Utne (57 prosent vekst), noko som bør bli sett i samanheng med vegstengingar på riksveg 13 ved Deildo.

Også i 2016 har dei fleste ferjesambanda hatt ein regularitet (prosent



Foto: Magne Sævi

gjennomførte avgangar av dei planlagde) på over 99 prosent. Unntaka er sambandet Fedje–Sævrøy og Kinsarvik–Utne med ein regularitet på 98 prosent.

Det er ein aukande del elbilar på dei fleste ferjesambanda. Samla var det nærmare 100 000 elbilar på ferjene i 2016, noko som er 19 000 fleire enn i 2015. Dette er ein vekst på 23 prosent.

Også for 2016 er det sambandet Krokeide–Hufthamar som har den høgste delen med 11 prosent elbilar, noko som utgjør 4000 fleire enn i 2015.

Skuleskyss

Trenden med aukande ressursbehov for individuelt tilrettelagt skuleskyss held fram. Årsaker er mellom anna at nedlegging eller samanslåing av grunnskular ofte fører til lengre reiseavstandar og fleire elevar med rett på skyss. Lokalisering av ulike studieretningar for vidaregåande og delt omsorg er andre faktorar som påverkar behovet

for skuleskyss. Det er også behov for betre samordning av start- og sluttider på skulane. Dette vil kunne gje store innsparingar på transportsida.

Skuleskyss er ei lovpålagt oppgåve. Det er starta eit arbeid med å utarbeida betre retningslinjer for praktisering av regelverket som gjev rett på skyss. Behovet for å etablera tydelegare system og retningslinjer for skuleskyssområdet blei også påpeikt i ein forvaltningsrevisjon i 2016.

Fakta om skuleskyss:

- 17 090 elevar i grunnskulen fekk innvilga skuleskyss i 2016, mot 16 672 i 2015.
- 2 123 elevar i grunnskulen hadde tilrettelagt skyss med drosje eller privat skyssløysing.
- 3 357 elevar i vidaregåande skule fekk innvilga skuleskyss, mot 3 246 i 2015.
- 597 elevar i vidaregåande skule hadde tilrettelagt skyss med drosje eller privat skyssløysing.

- 115,7 millionar kroner kosta individuelt tilrettelagt skuleskyss for elevar i grunnskulen i 2016.
- 87,6 millionar kroner var kostnaden for individuelt tilrettelagt skuleskyss for elevar i den vidaregåande skulen i 2016.

Framkomstiltak for buss – stamlinjene

Kollektivfelt Fyllingsdalen, Fyllingsdalsveien, Allestadveien–Skarphaugen: Reguleringsplan for kollektivfelt på strekninga Allestadvegen–Skarphaugen vart godkjent i bystyret våren 2013. Tiltaket vart prosjektert og arbeidet starta i august 2015. I 2016 pågjekk arbeidet med å etablera eit nytt 1100 meter langt kollektivfelt på strekninga frå Allestadveien til Skarphaugen for fullt. Tiltaket opnar for trafikk i veke 10 vinteren 2017. Det nye anlegget er ein del av eit større prosjekt for samanhengande kollektivfelt gjennom Fyllingsdalen og vil gi auka attraktivitet både for kollektivtrafikken og for gåande og syklende i området.

NØKKELTAL SKYSS

Dei økonomiske nøkkeltala som vert presenterte og omtalte i det følgjande er rekneskapstal for Skyss.

Den største delen av Skyss sine kostnader er knytte til bussdrift. Kostnadar knytte til buss utgjør om lag 57 prosent av totalkostnadane, og inkluderer ordinær skuleskyss. Ordinær skuleskyss

er transport av skuleelevar utført med rutegående buss.

Dei totale brutto kostnadane til kollektivdrifta var i 2015 på 2,43 milliardar kroner. Dette er ein auke på om lag seks prosent sett i høve til 2015. Størsteparten er knytt til buss, som aukar med 91,5 millionar kroner frå 2015 til 2016. Kostnadsauken skuldast i

hovudsak styrking av ruteproduksjonen i tillegg til kontraktmessige forhold og justeringar.

Det har også vore ein auke i kostnadane knytte til individuelt tilrettelagt skuleskyss med om lag 16 millionar kroner. Individuelt tilrettelagt skyss er transport av skuleelevar som i hovudsak vert utført med drosje.

Administrasjonskostnadar omfattar i hovudsak lønskostnadar, medan generell drift i hovudsak omfattar kostnadar bundne opp i faste aktivitetar, som til dømes drift av kundesenteret og drift- og vedlikehald av IKT-system.

I tillegg til budsjettmidlane er Skyss sine inntektskjelder billettinntekter og refusjon frå kommunar for ordinær skuleskyss.

Billettinntektene for buss og bybane auka 5,1 % frå 2015 til 2016. Dette kan sjåast i samanheng med auka passasjerantal og auka billettakstar frå 1. februar 2016. I 2016 hadde Skyss 49 millionar kroner meir i belønningmidlar enn i 2015. Andre inntekter auka også med 71 millionar kroner.

Skyss sine inntekter dekkjer om lag 44 prosent av Skyss sine kostnader. Om lag 56 prosent av kostnadane vert dekt med budsjettmidlar frå Hordaland fylkeskommune. I 2016 utgjorde Hordaland fylkeskommune si finansiering 1,366 milliardar kroner. Budsjettet for 2016 var på 1,421 milliardar kroner. Årsaka til at rekneskapen blei lågare enn budsjettet er mellom anna noko høgare passasjerinntekter enn budsjettet og lågare kostnader.

REKNESKAP BRUTTO DRIFTSKOSTNADAR

	2014	2015	2016
Buss	1 242 498 000	1 296 383 000	1 387 943 000
Bybanen	232 699 000	223 054 000	254 437 000
Båt	174 715 000	178 280 000	167 293 000
Ferje	303 635 000	309 733 000	314 394 000
Skuleskyss individuelt tilrettelagt *	57 746 000	156 446 000	172 554 000
Administrasjon og drift	134 514 000	129 302 000	136 439 000
Total brutto kostnadar	2 145 807 000	2 293 198 000	2 433 060 000

* Totale kostnadar for HFK for skuleskyss individuelt tilrettelagt var i 2016 203,3 MNOK – fordelt på Skyss og samferdselsavdelinga.

Rekneskapen for 2016 er ikkje godkjent av fylkestinget, og er per februar 2017 ikkje godkjent av revisor.

REKNESKAP INNTEKTER

	2014	2015	2016
Billettinntekter buss	499 260 000	526 554 000	551 545 000
Billettinntekter bybane	116 942 000	129 783 000	140 178 000
Billettinntekter båt	42 446 000	44 670 000	45 047 000
Skulebuss, refusjon kommunar	113 603 000	128 129 000	133 448 000
Belønningmidlar	31 000 000	31 000 000	80 000 000
Andre inntekter	45 601 000	45 735 000	116 828 000
Totale inntekter	848 852 000	905 871 000	1 067 046 000

Rekneskapen for 2016 er ikkje godkjent av fylkestinget, og er per februar 2017 ikkje godkjent av revisor.

FYLKESKOMMUNEN SI FINANSIERING

	2014	2015	2016
Rekneskap	1 296 955 000	1 387 327 000	1 366 014 000
Budsjett netto	1 257 688 000	1 381 960 000	1 421 873 000

Rekneskapen for 2016 er ikkje godkjent av fylkestinget, og er per februar 2017 ikkje godkjent av revisor.

Hesthaugveien kollektivfelt:

Det skal etablerast kollektivfelt i Hesthaugveien, på strekninga mellom rundkøyring i vest og rundkøyring ved Åsane terminal. Det skal og etablerast eige kollektivfelt frå E39 fram til rundkøyring ved brua på Hesthaugveien. Ein ønskjer å prioritere tiltak for å gi bussen betre framkomme/kollektivfelt inn mot sentrale bytepunkt for buss, då slike tiltak fangar opp ein stor del av busstrafikken og bidreg til betre koordinering i byte mellom ulike kollektivlinjer. Tiltaka vart lyste ut hausten 2016 og starter opp i 2017.

Transportordninga for funksjonshemma

I 2016 vart det utført 248 300 TT-turar med drosje som blei betalt ved bruk av TT-korta, noko som er ein svak nedgang frå 2015. Fylkeskommunen betalte ut 38,3 millionar kroner til TT-køyring. I tillegg betalar TT-brukarane ein eigenandel på 15 %.

TT-ordninga (tilrettelagt transport) hadde 13 743 godkjente brukarar i Hordaland pr. 31. desember 2016. 7 614 av desse er busette i Bergen kommune, medan 6 129 er busette i fylket elles.

Personar med varig tilrettelagt arbeid i verna verksemdar kan etter søknad får innvilga arbeidskøyring. Ved utgangen av 2016 var det 191 personar som hadde tilrettelagt skyss. Det vart nytta 12,5 millionar kroner til denne ordninga i 2016.

Drosje-, selskapsvogn- og handikapløyve

Ved utgangen av 2016 var det 638 drosjeverksemdar i Hordaland med totalt 938 drosjeløyve. Av desse var 226 reservedrosjeløyve. Det har ikkje vore etablert nye løyve i 2016, men det vart tildelt 47 drosjeløyve som vart ledige.

DRIFTSUTGIFTER SAMFERDSEL

Brutto driftsutgifter utgjorde 2,566,3 milliardar kroner. Av dette gjekk 1,355,9 milliardar kroner til drift av bussrutene i fylket. Rekneskapen samla sett til samferdselsformål, kjem ut med overskot på 61,2 millionar i høve til budsjett.

BRUTTO DRIFTSUTGIFTER SAMFERDSEL

	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Avvik nettobudsjett 2016
Fylkesvegferjer	311,7	303,6	309,7	314,4	16,5
Spesialskyss for grunnskulen	48,6	45,5	106,8	115,7	-13,6
Skuleskyss vidaregåande skule	76,4	80,2	78,7	87,6	-3,7
Transport for funksjonshemma	53,0	51,0	50,9	50,9	2,9
Bilruter ¹	1 256,0	1 300,2	1 296,3	1 355,9	-1,7
Båtruter	103,8	174,7	178,3	167,3	13,9
Skyss	129,2	134,5	129,3	136,4	-3,4
Bybanen ¹	122,5	139,6	151,8	180,3	45,3
Diverse transporttiltak	12,7	16,2	20,4	27,1	6,1
Fylkesvegvedlikehald	452,4	488,7	611,8	495,7	-1,1
Sum brutto driftsutgifter	2 566,3	2 734,2	2 934,0	2 931,3	61,2

¹ Eksklusiv avskrivningar og fondavsetjingar.

Tal i millionar kroner. Løpande prisar.

Av desse var 12 reservedrosjeløyve. Det vart innlevert 78 drosjeløyve i løpet av året.

I Bergen køyreområde har ein redusert løyvetalet med 20 ordinære løyve og 25 reserveløyve. Ved utgangen av 2016 var det 705 aktive drosjeløyve, av desse var 165 reserveløyve. Det er 6 drosjesentralar i køyreområdet og ein sentral kan maksimalt ha 60 % av det totale løyvetalet.

Ved utgangen av 2016 var det 19 føretak som hadde løyve for selskapsvogn med totalt 25 selskapsvognløyve. 4 selskapsvognløyve vart leverte inn, medan 7 løyve vart tildelte.

Det var 3 føretak som hadde løyve for transport for funksjonshemma med totalt 43 løyve.

Trafikksikring

I Hordaland er det møte- og utforkøyringsulukker som dominerer ulukkesbiletet, saman med ulukker med mjuke trafikantar. Eit viktig haldningsskapande arbeid er konseptet Trafikksikker kommune. Vaksdal (januar), Austrheim ▶



Foto: Magne Sandnes

Store miljøgevinstar i ny ferjekontrakt

– Med denne kontrakten går vi i hovudsak over til elektriske løysingar og reduserer totalforbruket av drivstoff vesentleg, seier fylkesordførar Anne Gine Hestetun etter at Hordaland fylkeskommune tildelte kontrakt for sju ferjesamband i Hordaland til Fjord1.

Kontrakten inneber ein omfattande reduksjon i CO₂-utslepp, drivstoff og energibruk. Samstundes blir sambanda dyrare for fylkeskommunen å drifta. Elektrifisering av ferjesambanda er ei

krevjande oppgåve som føreset store investeringar til nye fartøy og anlegg på land. Fylkeskommunen får store bidrag både frå Enova og frå NOx-fondet. Til desse sju ferjesambanda har Enova gitt 133,6 millionar kroner. Enova har gitt ytterlegare 140 millionar kroner i støtte til dei resterande ni ferjesambanda i fylket som og skal på anbod. Zero sin pris «Årets lokale klimatiltak» gjekk i 2016 til Hordaland fylkeskommune for satsinga på miljøvenlege ferjer.



Foto: Hordaland fylkeskommune

(april) og Lindås (mai) vart godkjente som Trafikksikre kommunar i 2016. Fylkeskommunen ved Fylkestrafikk-sikringsutvalet (FTU) inngjekk i tillegg intensjonsavtalar med kommunane Bømlo, Sund og Kvinnherad med målsetjing om at kommunane kan bli godkjende som trafikksikre kommunar innan det neste året.



Knapt 500 mill. kr til drift og vedlikehald av fylkesvegane.

Sjolv om talet på trafikkdrepne og skadde i trafikken varierer frå år til år, er trenden både for skadde, hardt skadde og drepne på veg nedover. Sju personar blei drepne i trafikken i Hordaland i 2016, det same talet som i 2015, noko som er det lågaste talet Hordaland har hatt. Til samanlikning miste 11 personar livet i trafikken i 2014, 16 personar i 2013 og i 2012 var det 15 omkomne.

Investeringar i fylkesvegnettet

Det vart investert for 1 688,6 mill. kr over fylkesvegbudsjettet i 2016, i tillegg til investeringar i Bybanen. Dei største prosjekta var Bømlopakken (203,6 mill. kr), Storskaret–Arefjordpolen (62,2 mill. kr), Grindavollen–Lepsøy (32,9 mill. kr), Ringveg Vest byggetrinn II i Bergen (26,7 mill. kr), Askøypakken (34,2 mill. kr), Kwammapakken (60,5 mill. kr). Av investeringane vart 323,7 mill. kr dekte av bompengar.

I 2016 brukte ein for heile Hordaland 109,5 mill. kr til tiltak for auka trafikks-

tryggleik. Dette inkluderer 19,5 mill. kr til punktutbetringstiltak/skuleveg på fylkesvegane. Til kollektivtiltak vart det nytta vel 114 mill. kr. og til gang- og sykkelveg 178,3 mill. kr. inklusiv eksterne midlar. Til standardheving med vedlikehaldskaraktar vart det nytta 137,7 mill. kr. Til rassikring gjekk det med 147,4 mill. kr. Bjørgatunnelen (Lussangberget) i Granvin opna for trafikk i 2016.

Drift av fylkesvegane

Til drift og vedlikehald av fylkesvegnettet, som er på om lag 2 900 km og 210 km gang- og sykkelveg, vart det brukt totalt 495,7 mill. kr.


Gjennom faste kontraktar med entreprenørane som har ansvar for å sjå til at vegnettet er operativt, vart det utbetalt 349,8 mill. kr. Til andre driftsoppgåver, til dømes lys og straum på vegnettet, vart det nytta 69,2 mill. kr. På vedlikehaldssida vart det nytta 14,1 mill. kr til vegoppmerking, 39,1 mill. kr vart nytta til legging av 42,5 km nytt dekke. Det vart nytta 20,1 mill. kr til vedlikehald av dei ca. 1000 bruene på fylkesvegenettet. Til anna vedlikehald som grøfter, drenering, kantar, murar, tunellar, skilt m.m. vart det nytta vel 3,5 mill. kr.

Det er eit stort vedlikehaldsetterslep på fylkesvegnettet i Hordaland. I 2016 vart dette kostnadsrekna til 7,3 milliardar kroner. I desember 2016 vedtok fylkestinget Strategi for drift og vedlikehald av fylkesvegnettet fram mot 2029. Strategien legg mellom anna til grunn at vedlikehaldet av dagens fylkesvegnett skal styrkast med mål om å stoppe veksten i forfallet. Vidare skal ein leggja vekt på standardheving og klimatilpassa drift og vedlikehald, dessutan at drifts- og vedlikehaldsarbeidet skal organiserast og utførast på ein måte som gjev liten økonomisk risiko og har god kvalitet.



Foto: Magne Sandnes

FORBRUK DRIFT OG VEDLIKEHALD 2016





Riksvegferjesambandet Halhjem–Sandvikvåg

Samanliknar ein driftsåret 2016 med 2015 har trafikkutviklinga for køyretøy hatt ein auke på 0,58 % (972 134 mot 966 568), medan talet for personbileiningar har hatt ein nedgang på 0,55 % (1 854 009 mot 1 864 319). Når det gjeld tal passasjerar inklusive førar har det vore ein auke på 0,36 % (2 240 907 mot 2 232 873).

Snart klart for Bybane til Flesland

Allereie før jul 2016 vart det klart at det kjem fleire nye direkteruter frå Flesland til sommaren. På grunn av den nye flyterminalen har Bergen lufthavn kapasitet til fleire nye ruter, og kan tilpasse ruteprogrammet etter behovet i regionen i framtida.

2016 har vore prega av bygginga av den nye flyterminalen som opnar august 2017. Trafikken har gått som normalt frå den gamle terminalen, og like ved vert den nye bygd.

Bybanen er no ferdig, har fått sin endestasjon i underetasjen og vil starta i ordinær rutetrafikk i april 2017.

Flytrafikken har vore stabil i år samanlikna med året før. Like under seks millionar passasjerar reiste til og fra Bergen lufthavn, Flesland, i 2016. Samanlikna med 2015 er dette ein nedgang på 1,2 %.

Situasjonen i oljenæringa set framleis sitt preg på flytrafikken innanriks. Talet på innanlandspassasjerar var om lag

3,4 millionar, ein nedgang på 2,4 % frå 2015. Nedgangen er tett knytt til olje- og oljerelaterte næringar i regionen. 2,2 millionar har reist til og frå utlandet, dette er ein auke på 2 %. Talet på offshore-passasjerar med helikopter i 2016 var 176 277, ein nedgang på 15 % frå 2015.

Færre reisande over Stord lufthamn

Utfordringa til lufthamnselskapet i 2017 vert å oppretthalda ein god ruteplan på Osloruta i tillegg til å jobba for nye charterflygingar no som Kværner Stord si charterflyging til/frå Molde vert trappa ned. Stord lufthamn spelar ei viktig rolle når det gjeld beredskap og avlastar Bergen lufthavn, Flesland, med treningsflyging med fly og helikopter. ▶

- 42 831 personar reiste over Stord lufthamn i 2016, ein nedgang på 4 986 reisande eller 10,4 % frå 2015.
- 25 723 av dei reisande nytta Stord-flyet til/frå Oslo, medan 17 108 reiste med charterfly over lufthamna. Flesteparten av charterpassasjerane nytta Kværner Stord sitt charterfly til/frå Molde.
- Osloruta hadde ein nedgang i passasjertal på 12 786 eller 33,2 % samanlikna med 2015.
- JETPAK har sendt 12 604 kg flyfrakt over lufthamna i 2016.
- Det er i 2016 registrert 9 249 flyrørslar i luftrommet til lufttrafikktenesta på Stord lufthamn. Saman-

likna med 2015 utgjer dette ein auke på 705 flyrørslar eller 8,3 %.

Fleire reiser med tog

NSB Regiontog på Bergensbanen hadde 1 209 000 reisande i 2016. Dette er 6,4 % fleire enn i 2015. 82 % av toga på Bergensbanen i 2016 var i rute. Med NSB Lokaltog Bergen–Voss–Myrdal og Bergen–Arna reiste det 1 731 000 passasjerar i 2016. Det er 2,3 % fleire enn i 2015. For strekninga Bergen–Arna var 98 % av toga i rute, og for strekninga Bergen–Voss–Myrdal var 92 % av toga i rute. ■



	Bompengar mill. kr.			Køyretøy		
	2015	2016	Endring i %	2015	2016	Endring i %
Bompengeringen i Bergen	735,2	664,8	-9,5	51 520 907	49 379 882	-4,2
Rullestadjuvet	23,5	24,4	3,8	630 773	661 890	4,9
Folgefonntunnelen ¹	17,1	7,2	-58,0	400 155	161 938	-59,5
E39 over Stord	22,3	23,0	3,1	973 325	979 209	0,6
Halsnøysambandet	22,3	21,7	-2,7	343 863	360 800	4,9
Hardangerbrua	98,9	102,5	3,6	631 576	665 764	5,4
Austervollsbrua	18,4	18,9	2,7	343 380	347 001	1,1
Jondalstunnelen	14,8	16,3	10,1	179 873	200 833	11,7
Voss og omland Bomp.	85,5	87,6	2,5	2 560 525	2 678 301	4,6
Kvam Bompengeselskap	30,1	30,9	2,7	988 523	1 007 014	1,9
Gjermundshamn–Årsnes	5,4	5,7	3,9	240 089	244 653	1,9
Bømlo Vegselskap AS ²	50,4	56,6	12,3	1 355 504	1 390 189	2,6
Askøypakken	91,0	84,8	-6,8	8 072 125	8 068 046	-0,05
Sum	1214,9	1144,4	-5,8	68 240 618	66 145 520	3,1

¹ Innkreving på Folgefonntunnelen vart avslutta 15. juni 2016

² Tala frå Bømlo Vegselskap har og med seg tala for ferjesambandet Langevåg–Buavåg

Kjelder: Bompengeprojekta sine rekneskapsførarar



Foto: Nagne Sandnes

SYKKELTILTAK

Sykkelteljepunkt Åsane og Arna

I 2016 ble det opna teljepunkt for sykkel i Åsamyrane, Garnesvegen, Loddefjord og Vossabanen (Sjølinjen). Teljarane er sette opp for å kartleggja og gje grunnlag for vidare planlegging og tilrettelegging av sykkeltilbod.

Sykkelveg med fortau i Fyllingsdalen

På strekninga frå Allestadveien til Skarphaugen vert det også etablert sykkelveg med fortau saman med nytt kollektivfelt. Prosjektet opnar vinteren 2017.

Gang og sykkelbru Nygårdstangen

Arbeidet med ny gang- og sykkelbru på Nygårdstangen starta våren 2016. Dagens bru er mellombels, svært smal og gjev eit dårleg tilbod til gåande og syklande. Den nye brua vil vera av stål, 60 meter lang og 6 meter brei. Brua er i samsvar med reguleringsplan for Nygårdstangen. Prosjektet vart prosjektert i 2015 og utfylling i Store Lungegårdsvann vart godkjend med premiss om bruk av massar frå Ulrikstunnelen til Jernbaneverket våren 2016. Tiltaket er venta å vera ferdig våren 2018

Sykkelveg med fortau langs Salhusveien

Bygging av ny sykkelveg med fortau langs fv. 564 Salhusvegen på strekninga Åsamyrane–Ulsetstemma starta våren 2016. Dette er ein del av Salhusvegen som manglar tilbod for mjuke trafikantar i dag og vil gje eit fullverdig tilbod på 1,5 km både for gåande og syklande. Prosjektet er venta ferdig i løpet av 2017.

Strekninga ligg i eit område som er i vekst, nær bydelssenteret Åsane, som skal utviklast urbant og tett. På strekninga frå Åsamyrane til Ulset sjukeheim og vidare til Ulsetstemma blir det etablert sykkelveg med fortau, med breidde 4,5 meter. Ved å skilja gåande og syklande betrar ein framkomme for syklistane. Trafikktryggleiken aukar og faren for ulukker mellom gåande og syklande vert redusert.

Skilting/ oppmerking i sentrale strok

Det er gjennomført skilting og merking av ei rekkje sykkelruter i sentrale strok. Dette vil vera ei kontinuerleg oppgåve.

NEDGANG I BOMPENGEINNTTEKTENE

Samla for alle bompengesprosjekta i Hordaland blei det i 2016 krevd inn 1214,9 millionar kroner. Samanlikna med dei totale inntektene i 2015 har det vore ein nedgang i inntektene med 5,8%.

Inntekter og passeringar auka på fleire store smaband. Hardangerbrua hadde ein auke i tal køyretøy på 5,4%. Jondals-tunnelen hadde 10,1% fleire passeringar og ferjesambandet Gjermundshamn–Årsnes auka tal køyretøy med 1,9%.

Bompengeringen i Bergen registrerte ein nedgang på 2 820 654 køyretøypasseringar i 2016, som er ein nedgang på 4,2%. Nedgangen skuldast i hovudsak innføringa av rushtidsavgift, som vart innført frå 2. februar 2016. Samstundes med generell nedgang i trafikken, har elbilpasseringar auka med omlag 64%.

Elbilene utgjorde 10,3% av totalpasseringane i 2016 mot 6,1% i 2015. Totalt har dette medført ein nedgang i bominntektene i Bergen på 70,4 millionar kroner i 2016, eller om lag 9,5%.



349





OPPLÆRING

Auka læringsutbytte og fullføring er hovudmålet for den vidaregåande opplæringa i Hordaland.

SATSING PÅ AUKA GJENNOMFØRING

Det har gjennom fleire år vore arbeidd systematisk for at fleire unge skal gjennomføra vidaregåande skule eller læretida i bedrift. I 2016 var det ein auke i gjennomføringa på 2,3 prosentpoeng frå året før.

Auka læringsutbytte og fullføring er hovudmålet for den vidaregåande opplæringa i Hordaland fylkeskommune, og vi ser no ei positiv utvikling. Det er fleire som følgjer ordinær progresjon i opplæringsløpet, og det er færre som ikkje er registrerte i opplæring og som tar omval.

Fleire fullfører og består

Auken i gjennomføringstala er eit resultat av systematisk arbeid over lang tid, og det er viktig for fylkeskommunen, skulane og lærebedriftene å halde fram med å følgje opp kva elevane skal lære, vite kva dei har lært og kva ein gjer når dei ikkje lærer det som er forventa til ulike tidspunkt. Mange tiltaka bidreg til at ungdommane får tett oppfølging og tilrettelagde tiltak slik at dei opplever meistring, ser skule og utdanning som positivt og relevant, og ønskjer å fullføra opplæringa.

Når ein vurderer kor mange av elevane som fullfører og består vidaregåande opplæring, måler ein frå dei startar i vidaregåande skule (Vg1) og fem år fram. For elevane som starta på Vg1 i

ein offentleg vidaregåande skule i 2010, var det 71,8 % som hadde fullført og bestått innan fem år. Det er ein auke på 2,3 prosentpoeng frå året før. Mange av elevane som ikkje har fullført og bestått, har ikkje slutta, men manglar eitt eller fleire fag eller er framleis i opplæring.

Trass i at det er overgangen mellom Vg2 og Vg3 på yrkesfaglege løp som er den største barrieren i opplæringsløpet, ser vi at den største positive endringa er i denne overgangen, der det er ein auke på 2,5 prosentpoeng av elevane på Vg2 som fortset på Vg3 eller går ut i lære. Av elevane som starta på eit yrkesfag i 2010, hadde 59,1 % av elevane fullført og bestått i løpet av fem år. Totalt 32,5 % av elevane enda opp med yrkesfagleg kompetanse, i form av fag-/sveinebrev eller yrkeskompetanse med vitnemål. For elevane som begynte på eit studieførebuande løp, var det i same periode 87,3 % av elevane som hadde fullført med vitnemål etter fem år.

Drømmeskolen

I 2016 starta Kunnskapsdepartementet ein målretta forskingsinnsats med fokus på prosjekt som det er grunn til å rekna med vil auke gjennomføringa. Hordaland fylkeskommune inngjekk eit samarbeid med fylkeskommunane Sogn og Fjordane, Nordland og Troms og det blei skrive ein avtale med Universitetet i Bergen, Nordlandsforskning og Oxford Research om å setta i gang forskingsprosjektet «Gode psykososiale læringsmiljø bedrer gjennomføring i den vidaregåande skolen». Prosjekt-

perioden er 2016–2019. Forskningsprosjektet er delt i to ulike tiltak, Drømmeskolen og Nærværsteam.

I Hordaland er det seks vidaregåande skular som deltek i prosjektet og som prøver ut tiltaka, Arna og Austrheim vidaregåande skular prøver ut begge tiltaka, Fusa og Stord vidaregåande skular gjennomfører berre Drømmeskolen mens Norheimsund og Øystese vidaregåande skular er kontrollskular.

Drømmeskolen er utvikla av den frivillige organisasjonen Voksne for Barn. Det er ein modell for å arbeide systematisk med det psykososiale læringsmiljøet ut i frå eit helsefremjande perspektiv. Alle elevane ved skulen omfattast av tiltaket og målet er å skapa eit læringsmiljø der elevane blir sett og trivst, får brukt ressursane sine og der den psykiske helsa til den enkelte elev fremjast. Både leiinga, lærarane og elevane deltek i tiltaket for å skapa eit betre læringsmiljø, større elevmedverknad og byggja ein inkluderande kultur i skulen. Gjennom heile skuleåret er det felles aktivitetar.

Nærværsteam er eit tverrfagleg samarbeid mellom Oppfølgingstenesten (OT), helsesøster frå skulehelsetenesta og skulen si elevteneste. Tiltaket rettar seg særskild mot elevar som står i fare for å droppa ut av skulen og som ikkje kvalifiserer seg for arbeidslivet. Nærværsteam har som mål å ha gode rutinar for psykososialt arbeid rundt elevane og hjelpa dei dei slik at dei meistrer å gjennomføra vidare-

GJENNOMFØRINGSTAL

Gjennomføringstal, 2010-kull i offentlege skular	
Hordaland	71,8%
Nasjonalt	72,1%

Fullført opplæring etter fem år. Tala for perioden 2010–2015 er dei sist tilgjengelege.





27

saker frå elevar og lærlingar
meldte til mobbeombodet

104

elevar (i snitt) har kvar
morgon nytta tilbodet om
skulefrukost på Årstad VGS

16 885

elevar ved fylkeskommunens
skular i skuleåret 2016–17



gåande opplæring. Når elevar slit på skulen, er målsettinga at dei skal komma fort i kontakt med det lokale nærversteamet for så å følgjast tett opp.

Læringsmiljø

Eit godt og trygt læringsmiljø har stor betydning. Hordaland fylkeskommune rår over tre ordningar som skal hjelpe til med å ivareta elevane og lærlingane sine rettar, på ein slik måte at ordningane utfyller kvarandre og saman syter for høg kvalitet i læringsmiljøarbeidet: Elevinspektøren på den enkelte skule, mobbeombodet og det nyleg tilsette elev- og lærlingombodet.

Årleg arrangerast ei samling for dei vidaregåande skulane der både skuleleiing og elevråd deler erfaringar og får ny kompetanse innanfor feltet læringsmiljø. Aktuell forskning og praksis er i fokus to dagar om hausten kvart år, på det som fram til og med 2016 heitte Skulestartkonferansen. Frå 2017 blir namnet Læringsmiljøkonferansen, som er og vil bli den viktigaste arenaen for kompetanseutvikling på feltet i Hordaland fylkeskommune.

Styrkjer ombodsfunksjonen

Etter vedtak i fylkestinget blei elev- og lærlingombod tilsett. Dette vil styrkja ombodsfunksjonen og elevar og lærlingar sitt rettsvern.

Mobbeombodet i Hordaland blei tilsett i ei toårig prosjektordning hausten 2015. Ombodet fekk 27 saker frå elevar i vidaregåande skule og frå lærlingar i 2016. I tillegg fekk ombodet om lag åtte saker frå andre (vaksenopplæring, barnehage, jobb og andre). Dei fleste sakene blir melde via telefon og e-post, men mange saker kjem også når mobbeombodet er på skulebesøk eller held foredrag.

I tillegg til å rettleia i konkrete saker, har mobbeombodet gradvis etablert eit godt nettverk på skulane og i andre

fylke når det gjeld førebygging og rutinar for handtering av saker.

Psykologteam i dei vidaregåande skulane

For å styrkja arbeidet med elevane si psykiske helse, gjorde fylkestinget i 2016 vedtak om å etablera eit team med psykologar i dei vidaregåande skulane. Det er tilsett seks psykologar på heiltid. Teamet skal vera eit lågterskeltilbod. Psykologane tilbyr enkelt-samtaler med elevane og gruppetilbod både for elevar, lærarar og anna personale. Tilboda har tema som stressmeistring, psykisk helse, søvn, presentasjon, traume og tilrettelegging for elevar med angst og depresjon. Psykologane har kontor plass på ulike skular, men skal gi tilbod og hjelp til alle skular etter nærare avtale. Teamet samarbeider tett med den kommunale skulehelsetenesta og dei andre fylkeskommunale psykologane i den Pedagogisk-psykologiske tenesta (PP-tenesta).



Psykologteamet skal vera eit lågterskeltilbod.

Skulefrukost på Årstad vidaregåande skole

Etter vedtak i fylkestinget fekk Årstad vidaregåande skole ein million kroner til prosjekt skulefrukost, eit tilbod som har som mål å betra skule- og læringsmiljøet. Det har i snitt vore 104 elevar som har nytta seg av tilbodet kvar morgon, noko som utgjør 13,5 % av alle elevane på skulen. Stort sett er det dei same elevane som kjem, og spesielt elevar som har lang reisetid eller bur på hybel set pris på frukosten. Det er døme på klassar der opp mot 10 av el- ▶



Foto: Martne Wanvik

Foto: Martne Wanvik

evane et frukosten saman. Den sosiale ramma, med ein roleg og hyggeleg start blir nemnd av fleire elevar.

Den praktiske løysinga rundt tilbodet er det elevar frå restaurant- og matfag som har ansvar for. To lærarar eller medarbeidarar har kvar morgon ansvar for å telja elevar, sjå til at alt går greitt for seg og få alle til undervisning kl. 08.30.

Frukosttilbodet på Årstad vidaregåande skole vil halda fram også skuleåret 2017–18. I løpet av våren 2017 vil skulen gjera ein innsats for å auka talet på «frukostgjester».



Produksjonsskolen er ein arena for arbeidstrening.

FYR – fellesfag, yrkesretting og relevans

Yrkesretting og relevans i fellesfaga som matematikk, naturfag, engelsk og norsk har vore viktig for at elevar på yrkesfag lettare skal sjå samanhengen mellom teori og praksis og oppleve faga som relevante for det framtidige arbeidslivet.

I perioden 2013–2016 var det om lag 300 lærarar og leiarar frå dei vidaregåande skulane i Hordaland som blei kursa i FYR-metodikk gjennom samlingar initiert av Utdanningsdirektoratet. Hovudmålet er at lærarane som underviser på fellesfag og lærarar som underviser på yrkesfag, skal utvikla undervisningsopplegg der dei kan dra nytte av kvarandre sine fag. I tillegg har det vore stort fokus på skulen sitt utviklingsarbeid og korleis skulen kan leggja til rette for samarbeid mellom lærarane.

Kombinasjonsklasse på Fyllingsdalen vidaregåande skole

Hordaland fylkeskommune hadde hausten 2016 innføringstilbod for minoritetsspråklege elevar ved åtte skular i fylket. Ein innføringsklasse er eit tilbod som førebur elevar med kort butid i landet på å gjennomføra vidaregåande opplæring.

Hausten 2016 starta Hordaland fylkeskommune opp med eit tilbod om kombinasjonsklasse ved Fyllingsdalen vidaregåande skole. Dette er eit to-årig pilotprosjekt der elevar frå grunnskule for vaksne i alderen 16–20 år går i vidaregåande skule saman med elevar frå innføringsklassar i vidaregåande. Tilboda blir gitt i samarbeid med Bergen kommune. Gjennom å styrkja overgangen mellom grunnskule og vidaregåande skule for elevar med kort butid i Norge og liten grunnskulebak-

grunn, ser ein for seg at fleire av desse elevane gjennomfører og fullfører vidaregåande opplæring.

Hyssingen produksjonsskole

Fylkeskommunen har ansvar for at ungdommar mellom 16 og 21 år som ikkje er i vidaregåande opplæring, skal få rettleiing, tilbod om opplæring eller arbeid. Målet er å få ungdommane i aktivitet.

Hyssingen produksjonsskole er eit tilbod til ungdommar mellom 16 og 21 år som har slutta eller ikkje starta vidaregåande opplæring og som treng ein veg inn igjen i framtidretta aktivitet.

Ungdommane får utvikla kompetanse gjennom praktisk arbeid på forskjellige verkstader på skulen. I 2016 utvida Hyssingen tilbodet med ein ny verkstad; Design- og handverk.

I tillegg blei Hyssingen kafé og bakeri opna. Kafeen blir drifta av Restaurant og matfag. Kafeen er open fire dagar i veka og serverer bakverk og lunsjrettar til bebuarar i nærområdet. Tilbodet er blitt godt motteke og kafeen fungerer som ein fin arena for arbeidstrening. Totalt tilbyr Hyssingen produksjonsskole aktivitetar i fire verkstader; Bygg- og anlegg, Design- og handverk, Restaurant- og matfag samt Kulturverkstad.

Hyssingen produksjonsskole har sidan opninga i januar 2015 hatt over 70 ung- ▶



Foto: Anbjørn Holme



Foto: Bjarne Brøsk Eriksen

Statsministeren besøkte Yrkes-NM

Statsminister Erna Solberg besøkte Yrkes-NM i Vestlandshallen og fekk møta fleire av dei 350 dyktige utøvarane som konkurrerte om medaljar, heider og ære i 25 ulike yrkesfag.

– Yrkes-NM er god reklame for yrkesfaga og bidrar til stolheit for yrkesutøvarane i faga, seier statsminister Erna Solberg, som sjølv fekk prøve ut nokre av arbeidsteknikkane i dei ulike faga.

– Det er spennande å sjå kor mange ulike yrkesfag vi har og ikkje minst presisjonen dei flinke ungdommane har når dei utøver faga sine, seier Solberg.

Skulestruktur for framtida

Det viktigaste verktøyet i arbeidet med skulestruktur er skulebruksplanen. Planen blei lagd ut til open offentleg høyring i mai, og fylkestinget vedtok ny plan i oktober med eit tidperspektivet frå 2017 fram til 2030.

Skulebruksplanen har som overordna mål å gi eit økonomisk berekraftig tilbod som er innretta med tanke på kvar elevane bur og på næringslivet- og samfunnet sitt behov for kompetanse.

Det er no lagt større vekt på å knytta skulestruktur opp mot allereie vedteken regionsenterstruktur. Dette bidreg til ein tydegare samanheng med planar for andre område i samfunnet til dømes næringsliv, offentlege tenester og infrastruktur. Vidare har ein endra måten skulane er dimensjonerte på ved berre å vurdere kva utdanningsprogram skulane skal tilby og ikkje einskilde fagområde.

Arbeidet med rullert skulebruksplan har skapt stort engasjement og utløyst fleire viktige debattar i heile fylket.

NØKKELTAL 2016

Netto avvik for opplæring vart 12,5 mill. kr i 2016. Som tabellen syner var underskotet for skulane i underkant av 10 mill. kr. Om lag halvparten av skulane gjekk med underskot i 2016. Det vart også brukt meir enn budsjettert til lærlingtilskot og vaksenopplæring. Sjølv om avviket er på 12,5 mill. kr er det likevel ikkje eit stort tal i forhold til brutto driftsutgifter på 3244,1 mill. kr.

BRUTTO DRIFTSUTGIFTER OPPLÆRING

Videregående opplæring	Rekneskap 2013	Rekneskap 2014	Rekneskap 2015	Rekneskap 2016	Avvik nettobudsjett 2016
Sum vidaregåande opplæring	2 482,5	2 550,7	2 585,2	2 621,1	– 9,9
Lærling opplæring	285,1	306,2	340,7	370,5	– 22,8
Spesialundervisning	102,8	88,9	94,1	99,3	19,6
Opplæring av vaksne m.m.	121,4	130,2	141,7	153,2	0,6
Sum brutto driftsutgifter	2 991,8	3 076,0	3 161,7	3 244,1	– 12,5

Tal i millionar kroner. Løpande prisar.



dommar i verkstadane. I 2016 nådde ein målsettinga om 50 % vidareføring til utdanning eller jobb. Ungdommane har starta i ordinær vidaregåande skule, fagskule, folkehøgskule, som lærling/lærekandidat, eller dei har fått jobb.

Nye Voss

Nye Voss vidaregåande skule opna hausten 2016. Skulebygninga er oppført i tre som hovudmateriale og ligg på tomte til tidlegare Voss jordbruks-skule. Den nye skulen har eit elevtal på om lag 350 innan fem yrkesfaglege utdanningsprogram og er ei samanslåing av jordbruksskulen og delar av Voss vidaregåande skule og Rogne vidaregåande skule. Det har også i heile 2016 vore omfattande byggjearbeid på Nye Voss gymnas på Skulehaugen der Voss gymnas ligg i dag. Her vil Voss gymnas, Voss husflidsskule og dei resterande utdanningstilboda på Rogne og Voss vidaregåande skular bli samla i eit skulekompleks frå våren 2018.

Skulebygg

Det har vore mykje aktivitet knytt til planlegging av dei nye skulane i Åsane. Lønborg og Åsane vidaregåande skular er gjort om til ei administrativ eining samstundes som programfagtilbodet innan oppvekst- og helsefag er flytta frå Årstad vidaregåande skule til

Åsane. I 2020 vil det vere to skular i Åsane; Tertnes vidaregåande skule og Nye Åsane vidaregåande skule.



Hordaland er eit av dei største fagopplæringsfylka i landet.

Både i Kvam og i Arna er det gjennomført administrative samanslåingar av høvesvis Øystese gymnas og Norheim-sund vidaregåande skule og Arna og Garnes vidaregåande skular. Det er planar om nye skulebygg på begge desse stadane i planperioden for skulebruksplanen.

Privatistar

Hordaland fylkeskommune arrangerer skriftleg og munnleg privatisteksamen i heile fylket. Etter mange år med stor auke i talet på privatistar har det vore nedgang i talet på privatistar og talet på eksamenar dei siste åra. Det var 9544 privatistar i 2016. Det totale talet på privatistar og eksamenar var

omtrent det same som i 2015. Eksamenskontoret arrangerte 18 272 privatisteksamenar i 480 ulike fag, og gjennomføringsprosenten var 73,2 %.

Fagskulane

Det var 1138 studentar ved fagskulane i Hordaland hausten 2016. Studentane fordeler seg på dei tre fagskulane Bergen maritime fagskole med 306 studentar, Bergen tekniske fagskole med 761 studentar og Hordaland helsefagskole med 71 studentar. Bergen maritime fagskole og Bergen tekniske fagskole blei frå 1. januar 2017 slått saman til ein fagskule – Fagskolen i Hordaland.

Fagopplæring

Hordaland er eit av dei største fagopplæringsfylka i landet, og er det fylket som har flest personar som oppnår fag- eller sveinebrev på andre måtar enn gjennom hovudmodellen som er to år i skule og to år i lære. Det var 3061 avlagde fagprøver fordelt på ulike opplæringsløp i 2016.

Fag- og yrkesopplæringa er fleksibel og det er høve til å teikne lærekontrakt enten etter to år i vidaregåande skule (normal modell 2+2), etter eit år i skule, eller direkte etter grunnskulen. Hordaland fylkeskommune har også dei siste åra delteke i VOPA-prosjektet



Foto: Marten Wanvik

der vaksne tek fagbrev gjennom full opplæring i bedrift.

Det er lærebedriftene som avgjer kven dei vil skriva kontrakt med. Det var 2231 godkjente lærekontraktar/opplæringskontraktari 2016.

Fagopplæringskontoret har ei formidlingsteneste der ein koplar søkjarar og bedrifter som ønsker lærlingar, og dei hentar kvart år inn oversikt over kor mange lærlingar dei enkelte bedriftene har behov for. Situasjonen i bedriftene kan endre seg i løpet av kort tid, og i Hordaland har ein sidan 2015 merka nedkjølinga i arbeidsmarknaden som er knytt til yrke som ein gjerne kallar oljerelaterte. Samtidig har vi sett at

aktiviteten på andre område av fagopplæringa har auka (til dømes innanfor helse- og oppvekstfag og bygg- og anleggsteknikk), og vi fekk dermed ikkje ein nedgang i tal på nye kontraktar i 2016. Det er til ein kvar tid om lag 4600 løpande kontraktar i Hordaland fylkeskommune.

Ungje ut i verda

I 2016 sendte fylkeskommunen 77 elevar til samarbeidsskulane våre i utlandet. I tillegg er det mange elevar som tar Vg2 på vidaregåande skular i utlandet gjennom utvekslingsorganisasjonar. I 2016 reiste 100 elevar frå Hordaland til ulike land i verda for å ta Vg i regi av ulike organisasjonar.

Kvart år sender fylkeskommunen også elevar og lærlingar i Hordaland på praksisopphald i fleire land i Europa gjennom EU-programmet Erasmus+. Erasmus+ er EU sitt program for utdanning, opplæring, ungdom og idrett for perioden 2014–2020, og byggjer oppunder EU sin vekststrategi Europa-2020. Nokre av dei mest sentrale satsingsområda i Erasmus+ er kvalitet i undervisning og opplæring, innovasjon samt kopling mellom utdanning og arbeidsliv. I 2016 sendte fylkeskommunen 86 elevar frå 18 skular og 10 lærlingar på praksisopphald til 11 europeiske land. ■

Ei bru mellom Kina og Noreg

Det første kinesiske klasserom i Noreg opna på Amalie Skram videregående skole i 2016. Det er ein milepåle innan utdannings-samarbeidet med Kina.

– Dette kan bli ei bru mellom Kina og Noreg, sa ambassadør Wang Min då han opna han klasserommet, som er eit ressurscenter som skal auka forståinga for kinesisk språk, kultur og historie.

Fylkesdirektør for opplæring, Svein Heggheim, har jobba for det kinesiske klasserommet i snart 10 år. Amalie Skram videregående skole har 40 elevar som studerer kinesisk. Elevar frå Kina kjem til Bergen, og vi sender elevar til Kina. Elevane får og høve til å ta eit heilt studieår som utvekslingselev. Det kinesiske klasserommet er ein ressurs for heile Hordaland. Alle skular får nytte av det.



Foto: Bjarne Brask Eriksen



VAKSENOPLÆRING

Hordaland er det største vaksenopplæringsfylket i landet, både når det gjeld tal på vaksne som er i opplæring og tal på fagtilbod. Tilboda gir den enkelte vaksne høve til å fullføre opplæringa og stå betre i arbeidsmarknaden.

I 2016 hadde vaksenopplæringa tilbod i alle dei åtte yrkesfaglege utdanningsprogramma, totalt 30 yrkesfag, i tillegg til studiespesialiserande. Likevel stod om lag 40 000 hordalendingar mellom 20 og 49 år utan fullført vidaregåande opplæring, fagbrev, anna yrkeskompetanse eller studiekompetanse ved inngangen til 2016. Innanfor vaksenopplæringsfeltet har Hordaland fylkeskommune derfor eit hovudmål at fleire vaksne i fylket skal få tilbod om å fullføre vidaregåande utdanning.

Nye vaksenopplæringssentra

Vaksenopplæringssentra organiserer og gjennomfører opplæringstilboda i sitt geografiske område. Dei nyttar faglærarar frå eigen skule og andre vidaregåande skular og leiger inn instruktørar frå private og offentlege verksemder.

I 2016 var det totalt 2855 kursplassar fordelt på ulike inntak og 15 ulike undervisningsstader i heile fylket. Av dei 2855 kursplassane i 2016 var 1410 av plassane nye: 37 % innanfor studiespesialiserande fag og fellesfag og 63 % innanfor yrkesfag.

Helse- og oppvekstfag var klart det største utdanningsprogrammet, med heile 49 % av yrkesfaga, og vi ser at vaksne framleis utgjør den viktigaste gruppa for rekruttering til desse faga.

Opplæring på arbeidsplassen gjev resultat

Det er gode resultat for vaksne som får sjansje til å ta opplæring på eigen arbeidsplass gjennom VOPA-prosjektet (Vidaregåande Opplæring På Arbeidsplassen). Prosjektet er eit nasjonalt prosjekt der Hordaland deltek som ein av fem fylkeskommunar.

I alt 100 deltakarar gjekk opp til fagprøven i 2016. 93 prosent av desse bestod, og heile 43 prosent av desse med karakteren «Bestått meget godt». Kandidatane fordelte seg på akvakultur (1), barne- og ungdomsarbeid (34) og helsearbeidarfaget (65). I prosjektet blir teoriopplæringa tett integrert i den jobben vaksne gjer på eigen arbeidsplass, i samarbeid med arbeidsgjevar og Hordaland fylkeskommune. Denne modellen blir også kalla den tredje vegen til fagbrev.

NY STRUKTUR FOR «SENTER FOR VAKSENOPLÆRING»

Vaksenopplæringscenter	Region
Stord vidaregåande skule	Sunnhordaland
Sotra vidaregåande skule	Vest
Åsane vidaregåande skule Industri-, handverk-, helse- og oppvekstfag	Stor-Bergen
Bergen Katedralskole Studiespesialiserande fag	
Voss Gymnas (2017)	Voss/Hardanger



KASSE

www.m

B&G



KULTUR

Dei unge står sentralt i fylkeskommunen
sitt arbeid med kultur- og idrettslivet.

EIT KULTUR- OG IDRETTLIV FOR FRAMTIDA

Hordaland har eit levande kultur- og idrettsliv. Vi har ei aktiv rolle i dette, og mange av tiltaka er retta mot ungdom. Fylkeskommunen sine oppgåver innan kulturminne var også sentrale i 2016.

Regionmeldinga «Nye folkevalgte regioner – roller, struktur og oppgaver» (Meld. St. 22) har rådd til at den regionale kulturminneforvaltinga frå 2020 skal få overført ei rekkje nye oppgåver frå Riksantikvaren, på vilkår av at regionane byggjer opp naudsynt kompetanse og kapasitet. For regionalforvaltinga vil dei nye oppgåvene vera knytte til forvalting av dei fleste automatisk freda kulturminna, forskriftsfreda bygg i statleg eige, all planrelatert ivaretaking av kulturminneinteressene, nye tilskotsordningar og alle verna fartøy.

I samarbeid med kommunane og Riksantikvaren vart det etablert eit treårig prosjekt i 2013–2016 for utvikling av lokal kulturminnekompetanse i Hordaland. Alle kommunar i Hordaland har kome i gang med kulturminneplan. Nokre resultat er at Sveio har laga ei praktbok av planen, og Odda har gjeve ut ein rettleiar for byggeskikk.

Alrekstad i 2500 år

Ved registreringane i Fløen (Alrekstad) i Bergen fekk ein dateringar av dyrkingsslag frå siste del av steinalder til folkevandringstid, eit tidsspenn på om lag 2500 år.

Storparten av funna på dei 23 lokalitetane vi arbeider er bu- og aktivitetsplassar frå steinaldere. Det vart utført arkeologisk registrering i 29 nye arealplanområde. Det vart gjort funn av automatisk freda kulturminne i 18 av desse.



Ni område i Hordaland er peika ut som kulturhistorisk landskap av nasjonal interesse.

Auka interesse for arkeologiske kulturminne

Fylkeskonservatoren har ansvar for mottak og vidareformidling av metall-detektorfunn gjort av publikum. Eit spesielt funn var ein mynt frå 12–1300-talet, funne på Vatne på Stord. Av andre spennande funn kan nemnast to bergartsøkser frå eldre steinalder, den eine frå Aga i Ullensvang og den andre frå Kaldestad i Kvinnherad.

Interessa for skjøtsel og formidling av arkeologiske kulturminne har auka, og 11 prosjekt i åtte kommunar fekk tilskot. Til dømes har Stord kommune gjort avtalar med skular nær kulturminna for å sikra at kulturminna ikkje gror til, og kulturminna kan nyttast i undervisninga. Det er ferdigstilt fem prosjekt i 2016. Samarbeidet mellom fylkeskommunen og Universitetet i Bergen vart vidareført, og åtte masterstudentar deltok i feltsesongen.

Kulturhistoriske landskap

Ni område i Hordaland er peika ut som kulturhistoriske landskap av nasjonal interesse. Arbeidet starta i 2013 i samarbeid med Riksantikvaren og kommunane. Saman med Østfold er vi dei første som har ei slik registrering, og i Hordaland er følgjande område tekne med: Den indre farleia, Byfjella i Bergen, Fitjarøyane, Søre Bømlo, Etne, Indre Sørfjorden, Ytre Sørfjorden, Eidfjord og Rosendal.

Tilrår freding av fleire bygg

Hordaland fylkeskommune er forvaltingsmynde for over 160 freda anlegg med rundt 550 bygningar, og HFK lagar forslag til nye vedtaksfredingar. Eit fredingsforslag er sendt på offentleg-

høyering – MIL Veteran-stasjon, Lars Hilles gate 27 i Bergen, medan tre fredingssaker er sende til Riksantikvaren for slutthandsaming: Forum kino, Sandviksbodene 3 A og Sandviksbodene 78 B, alle i Bergen. Den mellombelse fredinga av Lars Hilles gate 29 i Bergen er oppheva.

Omfattande arbeid på Bryggen

Fylkeskommunen forvaltar meste-parten av statsmidlane til Prosjekt Bryggen. I 2016 vart 15,2 millionar kroner fordelte til istandsetjing, sikring og fellesoppgåver. Sju av bygningane var omfatta av store tiltak. To bygningar i Bugården vart ferdigstilte i løpet av året, samstundes som det vart starta opp istandsetjing av to nye frontbygningar.

Hordaland fylkeskommune forvaltar både statlege og fylkeskommunale midlar innan kulturminnefeltet. I 2016 var det løyvd midlar til 25 freda kulturminne i privat eige, samt kulturmiljø og kulturlandskap. I tillegg vart det gjeve tilskot til restaurering av 38 verneverdige bygg og bygningsmiljø. 23 fartøy i Hordaland fekk midlar til fartøyvern. Eit nytt fartøy på vernelista i Hordaland er M/S «Sunnhordland», som vart henta



Foto: Harald Alvsvoll



Foto: Bjarre Brånsk Eriksen



Foto: Company Akselere/Collette Garrigan



*45 turnear
gjennomførte til elevar
i alle kommunane.*

heim til Stord etter 43 år på dei finske sjøane. Båten gjekk i rutefart frå Leirvik til Bergen frå 1949–74.

Fleire går på museum

Hordaland sin museumspolitikk er knytt opp mot dei ti konsoliderte musea. I tillegg til det ordinære driftstilskotet, er tilskotsordninga «Museumsløft» eit viktig verkemiddel

i museumspolitikken. Arbeid for nytt fellesmagasin for gjenstandssamlingar, er døme på ei satsing som omfattar alle musea.

Bymuseet i Bergen passerte 200 000 besøkjande, ein auke på 8,3 prosent. Nær 220 000 besøkte KODE-Kunstmuseene i Bergen, ein auke på 18 prosent. Bjørn-West-museet er no ein del av Museum Vest, som fekk auka tilskot til krigs- og okkupasjonshistoria.

Kunst- og kulturformidlingsprogram i skulen

Ved bruk av spelemidlar til Den kulturelle skolesekken vart om lag 48 turnear gjennomførte til elevar i alle kommunane i Hordaland, og om lag 130 utøvarar var engasjerte. For skuleåret

2016–2017 vart Hordaland fylkeskommune tildelt nær 17,5 millionar kroner til dette. Av midlane vart i overkant av 4,9 millionar kroner vidarefordelte til Bergen kommune, og i overkant av 3,4 millionar til dei resterande kommunane og regionane. Hordaland fylkeskommune sin del av midlane gjekk til turnear til grunnskular utanfor Bergen og vidaregåande skular i heile fylket.

Skulekonsertordninga er statleg finansiert, og Hordaland fylkeskommune har produksjons- og gjennomføringsansvar for 75 prosent av skulekonsertane til grunnskulane i fylket. I 2016 vart det gjennomført 34 turnear, og 88 utøvarar var engasjerte. Om lag 6,4 millionar kroner vart overførte frå Rikskonsertane. Konsertane inneheldt ulike sjang-



Foto: Bjarte Brask Eriksen



Foto: Hordaland Fylkeskommune



Foto: Anna Shepherd ved konserveringsseksjonen ved Bergen Universitetsmuseum



Foto: UKM Hordaland Fylkeskommune

rar, som klassisk, jazz, hip hop, viser, pop, rock og musikk frå andre verdsdelar.

Ungdomskultur

Gjennom 30 år har UKM (Ung Kultur Møtest) utvikla seg til ei viktig satsing på barne- og ungdomskultur. Hordaland fylkeskommune har ansvar for UKM regionalt. I april vart UKM-festivalen arrangert på USF Verftet med AKKS Bergen som produsent. Nye satsingar frå 2015 vart vidareførte og styrkte. Deltakarane fekk høve til å delta på verkstadar innan kategoriane dans, musikk, unge arrangørar, unge konferansierar, festivalfotografering og kunst. Eigen verkstad for kategori Unge Arrangørar vart gjennomført ei helg i mars. På lokalplan engasjerte UKM

758 unge rundt om i heile fylket. På UKM-festivalen i Hordaland deltok 256 ungdommar fordelte på 147 innslag. Under UKM-festivalen i Trondheim (landsfestivalen) i juni deltok om lag 550 ungdommar, og 25 representerte Hordaland.

Modellbibliotek – moderne folkebibliotek

Prosjektet Sterk, spenstig og klar, med til saman 1,8 millionar kroner i statlege utviklingsmidlar, grip inn i fleire av dei viktige bibliotekoppgåvene. Gjennom å utvikla eit modellbibliotekprogram har folkebiblioteket blitt modernisert i tråd med biblioteklova sin paragraf om aktiv formidling og biblioteka som uavhengige møteplassar og arenaer for offentleg samtale og debatt.

Fire kommunar opna modellbibliotek. Lindås og Meland fekk Strilabiblioteket, der to spesialiserte bibliotek utgjer eit heile. Granvin opna bibliotek i Kulturbanken, og i Bømlo vart eit kombinert skule- og folkebibliotek gjort nytt. Biblioteka i Fitjar, Fedje og Eidfjord fekk etter søknad 100 000 kroner kvar til å fornye biblioteka sine.

Meir tilgjengelege bibliotek

Alle biblioteka er meir opne, det vil seia at dei er tilgjengelege for publikum utanom betent opningstid. Sju bibliotek, i Sunnhordland og i Samnanger, fekk hjelp av fylkesbiblioteket til nye biblioteknettstader i 2016. Vidareutvikling av malen som ligg bak, kjem fleire til gode.



3

MNOK tildelte lokale kulturbygg

125%

auke i e-bokutlån

108

MNOK i spelemidler tildelte anlegg for idrett og fysisk aktivitet

38

verneverdige bygg og bygningsmiljø fekk tilskot i 2016



Målet er at skulebiblioteket er eit trygt og stimulerande læringsmiljø og ein kulturarena.

Biblioteka i kommunane, utanom Bergen, og dei vidaregåande skulane i Hordaland er med i eit e-bok-konsortium som vert administrert av fylkesbiblioteket. I 2016 kom nytt utlånssystem på plass, og det vart gjennomført ein marknadsføringskampanje. E-bokutlånet auka med 125 % samanlikna med året før.

Det vart vedtatt strategisk plan for skulebiblioteka i vidaregåande opplæring i Hordaland. Målet er at skulebiblioteket er eit trygt og stimulerande læringsmiljø, eit sosialt rom, ein kulturarena og integrert medspelar for å nå skulen sine overordna mål.

Fylkesbiblioteket arrangerte åleine, eller i samarbeid med andre, 17 faglege møte, seminar og konferansar, med til saman 597 deltakarar.

Bokbåten «Epos»

Bokbåten hadde 42 driftsdagar med 50 stopp fordelt på 20 kommunar i Hordaland. Utlånet var om lag som året før, med 10 479 bøker, og besøks-talet var litt høgare enn året før, med 4 292 personar. I samarbeid med Den kulturelle skolesekken var det fire ulike barneprogram om bord. Med støtte frå Nasjonalbiblioteket og Folkeakademiet har bokbåten hatt vaksenprogram på kveldstid; foredrag om fiske i Karibia og om to foredrag om kofter. Bokbåten fekk støtte frå Nasjonalbiblioteket til å

vere festivalbåt på litteraturfestivalen bLEST i Tysvær.

Idrettscampus Bergen

Arbeid med å etablere Idrettscampus Bergen vart sett i gang. Hordaland idrettskrets, Olympiatoppen Vest, Sportsklubben Brann, Haukeland Universitetssjukehus, Høgskulen på Vestlandet, Bergen kommune og Hordaland fylkeskommune deltok i styringsgruppa og arbeidsgruppa. Frå 2017 er Universitetet i Bergen invitert med i samhandlinga. Målet er å styrkja arbeidet med idrett og fysisk aktivitet i Hordaland gjennom å etablere møteplassar for kompetanseutvikling og formidling. Det er utarbeidd forslag til namn, visjon, verdiar, ulike delprosjekt og organiseringsmodell for 2017–18.

Idrett for alle

Hordaland idrettskrets har i samarbeid med m.a. fylkeskommunen auka talet på barn, unge og vaksne med nedsett funksjonsevne i organisert handball- og fotballaktivitetar. Ut frå relativt små ressursar er det oppnådd resultat som mange andre sektorar innan kultur- og idrettsfeltet kan lære mykje av. Det er mellom anna etablert faste trenings-tilbod i nye klubbar, utvida tilbod i ordnære turneringar, opne aktivitetsdagar, skulebesøk og trenar- og leiarseminar med ulike fagtema.

«Lokal mobilisering mot doping»

Fylkeskommunen vedtok å inngå ei ny avtale med Antidoping Norge for 2016/18. Dette er eit tilbod som hovudsakeleg rettar seg mot elevar og lærlingar, lærarar og andre tilsette i vidaregåande opplæring. Tiltaka vil bli sett i samheng med arbeidet den organiserte idretten gjer. Prosjektet er ei vidareføring av eit samarbeid som vart avslutta i desember 2015. Hordaland fylkeskommune er ein av fire fylkeskommunar som deltek i prosjektet.

Årleg dialogkonferanse

Konferansen over to dagar blei arrangert i Nordhordland. 50 deltakarar delte erfaringar om spelemidlar, aktivitetsutvikling for særskilde målgrupper, Sykkel-VM 2017, merking og gradering av turløyper, kartlegging og verdisetting av friluftsområde og planarbeid. I tillegg var det synfaring av mange ulike typar anlegg.

Reviderte stønadsordningar

For å tilby relevante stønadsordningar som byggjer opp under vedtekne satsingar, vart fleire av stønadsordningane reviderte i 2016.

Tilskota til kunst- og kulturtiltak er delte inn etter profesjonelle og amatørar, og det finst ei eiga tilskotsordning for større kulturprosjekt med regional verdi.



Støtnadsordninga Kulturelt utviklingsprogram (KUP) gjer det mogleg for kulturlivet å realisera større satsingar og prøva ut nye vegar i ein prosjektperiode frå eitt til tre år. I 2016 var det særskild mange gode søkjarar til prosjekt som var retta mot unge, og åtte av prosjekta som fekk støtte, er med ungdom som aktive deltakarar. Dei fleste sjangrane innan frivillig og profesjonelt kulturliv er representerte i prosjekta.

Søknadar og tilskot 2016:

- 345 søknadar om kunst- og kulturtiltak, 149 positive tilsegn.
- Søknadar til kunst- og kulturtiltak på om lag 17,5 millionar kroner, med 3,1 millionar til fordeling
- 6,5 millionar kroner gjennom KUP tildelt 23 prosjekt.
- Søknadar til lokale kulturbygg på 14 millionar kroner, med 3 millionar til fordeling.
- Søknadar til kulturbygg med regionale funksjonar på 24 millionar kroner, med 8 millionar til fordeling.

- 108 millionar kroner spelemidlar fordelt til anlegg for idrett og fysisk aktivitet.
- Søknadar for 366 millionar kroner frå 32 kommunar i Hordaland godkjent.
- Fylkeskommunalt investeringstilskot på 2,5 millionar kroner til idrettsanlegg vart tildelt AdO arena i Bergen kommune.
- 10,5 millionar frå 7 ulike fylkeskommunale og statlege tilskotsordningar fordelt til kommunar og organisasjonar.

Kultur kryssar grenser

For fjerde året på rad var utøvarar frå Normandie på turné gjennom kunst- og kulturformidlingsprogrammet i skulen. I år var det figurteatergruppa Cie Akselere som hadde framsyningar for skuleelevar på Husnes, Voss og Bømlo.

I juni fann Halmstad-konferansen «Bibliotek forandrer liv!» stad i Bergen. Fylkeskommunen arrangerte konferansen i samarbeid med Bergen offentlege bibliotek, Kultur Halland, Mölndals

stadsbibliotek og Aarhus kommunes biblioteker. 155 menneske frå tre land deltok på konferansen.

Fylkesmusikar Reidun Horvei har hatt fleire representasjonskonsertar i Edinburgh, og fylkesmusikar Frank Rolland saman med Alexander Aga Røystrand turnerte på Orknøyane med skulekonsertar og verkstadar.

Hordaland fylkeskommune, Region Normandie, Kunst- og designhøgskolen i Bergen (KhiB) og Esam Caen/Cherbourg samarbeider om utveksling av nyutdanna kunstnarar. Kunstnaren Johanna Lettmayer, uteksaminert frå KhiB, var på eit tre månadar langt opphald i Normandie.

Fylkeskommunen støtta det internasjonale sømjestemnet Bergen Swim Festival, som vart arrangert i mai, og i september fekk Tour des Fjords støtte, som er eit internasjonalt sykkelritt med etappar i fleire kommunar i Hordaland. ■

SØKNADER (TAL) OG TILSKOT (MILLIONAR KRONER)

	2015			2016		
	Omsøkt	Tilsegn	Tal søknadar	Omsøkt	Tilsegn	Tal søknadar
Tilskot til lågterskel fysisk aktivitet for born og ungdom	-	-		3,1	2,0	54
Tilskot til regionale prosjekt knytt til folkehelse og sykkelvanar for barn og unge	-	-		1,2	0,5	7
Tilskot til friluftaktivitet	4,7	1,9	74	2,9	1,8	48
Tilskot til kartlegging og verdsetting av friluftsområde i kommunane	-	-		0,5	0,5	6
Tiltak i statleg sikra friluftsområde	12,2	3,0		7,9	3,9	14
Turskiltprosjektet	2,4	2,1	25	2,3	2,0	20
Lokale kulturbygg	11,3	4,3	26	14,2	3,3	20
Kult.bygg med reg. funksjonar	88,1	9,2	11	23,7	8,1	10
Ordinære idrettsanlegg	334,7	99,7	234	341,5	97,2	251
Nærmiljø idrettsanlegg	24,1	12,2	114	24,3	11,5	111
Vern og vøling	9,4	0,9	51	4,8	1,0	49
Fartøyvern	15,0	1,8	21	7,6	1,7	24
Tilskot til freda bygg og anlegg	33,6	11,9	48	27,4	11,4	34
Museumsløft 2016	-	-		4,4	1,7	13
Kulturminneplaner (KIK)	2,0	2,0	17	0,8	0,8	8
Bevaringsprogram for ark. Kulturminne BARK	0,9	0,8	6	0,8	0,8	11
Prosjekt Bryggen	19,1	11,9	13	25,3	13,0	14
Kulturelt Utviklingsprogram /KUP)	15,5	6,2	37	26,0	6,5	53
Ålmenne kulturføremål ¹	4,7	1,0	170	-	-	0
Stønad til tiltak for barn og unge ¹	1,6	0,5	60	-	-	0
Ulike kulturføremål – opne søknadar ¹	4,8	1,0	52	-	-	0
Tilskot til større kulturprosjekt med regional verdi ²	-	-	0	8,1	1,0	83
Tilskot til kunstprosjekt og kulturtiltak – profesjonell ²	-	-	0	6,8	1,2	160
Tilskot til kulturtiltak – amatør ²	-	-	0	2,5	0,9	102
Grunntilskot og administrasjonstilskot til vaksenopplæring	-	0,5	6	-	0,4	10
Den kulturelle Spaserstokken	4,2	3,1	29	4,9	3,0	33
Driftsstønad til regionale barne- og ungdomsorganisasjonar	-	1,6	35	-	1,0	27
Folkemusikkstipend	-	-	0	0,8	0,1	19
Kunstnarstipend	2,2	0,1	88	8,9	0,2	215
Tilskot til sogelag/historielag	0,2	0,1	8	0,9	0,1	30
Sum	590,6	175,8	1125	551,4	175,6	1426

¹ og ² Omlegging av tilskotsordningar frå 2015 til 2016

Tal i mill. kr. Løpande prisar.





OSELVARVERKSTADEN BLIR VERDSARV

Oselvarverkstaden er den første i Norden på UNESCO si prestisjefylte verdsarvliste for immateriell kulturarv, i kategorien beste vernepraksisar.

– Dette er ein stor dag for den flotte Oselvarverkstaden og ei tydeleg vedkjenning av riktig fylkespolitisk satsing, seier fylkesordførar Anne Gine Hestetun.

Torsdag 1. desember 2016, kunngjorde FN-organisasjonen frå Addis Abeba at Oselvarverkstaden kjem inn på den eksklusive lista der det til no berre har vore 12 oppføringar. Målet med å koma på lista er å hindra at viktige metodar og praksis skal gå tapt.

Oselvarverkstaden er ei stifting som vart etablert av Hordaland fylkeskommune,

Os kommune og Os båtbyggjarlag i 1996. Då løyvde Hordaland fylkeskommune 300 000 kroner til etablering av verkstaden for å vidareføra den gamle båtbyggjarkunsten. Frå 1997 har verkstaden fått 100 000 kroner kvart år av fylkeskommunen. I 2016 gav fylkeskommunen driftsstønad på 1,4 millionar kroner. I budsjettet for 2017 er dette auka til 1 538 millionar kroner.

Den klinkbygde trebåten, frå områda rundt Bjørnafjorden, har tusen år gamle røter. Oselvaren vi kjenner i dag, har vore i bruk sidan 1800-talet, og kunnskapen om byggjeprosessen går i arv frå meister til svein. Den viktigaste oppgåva er å vidareføra tradisjonshandverket mellom anna ved å ta inn lærlingar i båtbyggjarfaget. Båtbyggjartradisjonen i Os er dokumentert 250 år tilbake.

FYLKESARKIVET 2016

5000

hyllemeter arkiv
i fylkesarkivet

293

hyllemeter arkivmateriale levert
fylkesarkivet

107

hyllemeter pasientjournalar frå
tannhelse innleverte

131171

journalposter registrerte
i ePhorte sak/arkiv

444

krav om innsyn i offentleg
journal

1400

førespurnadar
ekspederte

DIGITALISERING AV ARKIVTENESTER

Fylkesarkivet har ansvar for dokumentcenter/moderne arkiv, depot og lokal- og regionalhistorisk arbeid. I 2016 kom det på plass arkivløyising for digitalt skapt arkivmateriale. Frå publikum er det størst etterspurnad etter persondokumentasjon og lokalhistoriske emne.

Dokumentcenteret journalfører alle arkivverdige dokument, publiserer den offentlige journalen og handsamar spørsmål om innsyn og generell publikumshandtering. Dokumentcenteret har handsama 444 krav om innsyn via offentlig journal.

Ansvar for depot inneber å ta imot og lagre eldre saker frå sentraladministrasjon og institusjonar i fylkeskommunen og ha ansvar for overordna, felles retningslinjer for avlevering av arkivmateriale. I 2016 hadde fylkesarkivet 20 avleveringar.

Skulane har vore prioriterte når det gjeld ordning og registrering av arkiv, då fleire skular har store organisatoriske endringar. Åtte av avleveringane var skular. Fylkesarkivet hadde rundt 70 møte med skular og Opplæringsavdelinga/OT/PPT. 119 hyllemeter frå 14 skular vart innleverte.

Arkiv frå tannklinikkar vart også prioriterte. Alle arkiva vart registrerte i ASTA, og publiserte i Arkivportalen. Fylkesarkivet har i samarbeid med Statsarkivet i Bergen også henta inn delar av pasientarkivet til Valen sjukehus (Helse Fonna). Størst etterspurnad var det etter persondokumentasjon og lokalhistoriske emne. Særleg ønskjer folk opplysningar frå arkiv avleverte frå Opplæringsavdelinga, men folk etterspør også personopplysningar i arkiv etter OT/PPT, barnevernsinstitusjonar og lønsavdelinga.

Fylkesarkivet har fått på plass arkivløyising for digitalt skapt arkivmateriale og fått oppretta lagringsplass i sikra sone for arkivpakkar. I tillegg er det laga ein applikasjon for å søkja og visa arkivdata til intern bruk.

Fylkeskommunen er koordinator for privatarkivarbeid i Hordaland, og det har vore to samlingar i nettverket. I tillegg har ein gjeve rettleiing for museum når det gjeld privatarkiv og følgd opp arbeid med å digitalisera. I samarbeid med Vossajazz har fylkesarkivet fått støtte til å ordna arkiva etter festivalen. Fylkesarkivet tok inn arkiva etter Delindustri AS og HOG Energi.



Foto: Bjarte Brask Eriksen

Renessansehage attende til gammal prakt


Den forsvunne renessansehagen på Stend er ført attende til slik den såg ut på 1700-talet i all sin prakt. Ein omfattande rekonstruksjon stod ferdig i september 2016. Hagen har nasjonal verdi og er ein av få renessansehagar som er att i Noreg.

I 2011 gav Hordaland fylkeskommune grønt lys til å reetablere hagen etter at hovudbygningen på Stend stod ferdig restaurert. Garden Stend ligg inst i Fana-fjorden, mellom Hordnes i sørvest og prestegarden Fana i søraust. Like sidan jernalderen har det vore fast busetnad og velstand i dette området, og i dei seinare åra er det funne spor etter busetnad heilt tilbake til steinalderen. Hovudhuset på Stend og den flotte hagen er viktig historisk. Garden har truleg vore høvdingsete og er den av eigedomane til fylkeskommunen som har høgast samla kulturminneverdi. Hovudbygningen er freda med heimel i kulturminnelova, og landskapet har kulturminne frå langt tilbake i tid.

Då den dansk-norske kongen Christian 5 kom på vitjing til Bergen i 1685, budde han på Stend. I ei topografisk skildring frå 1779 vart det sagt at hagen «i Størrelse og Smukhed neppe har sin Lige paa disse Grændser». I 1821 omtalar biskop Pavel hagen som «en av de smukkeste Haver i Bergens Stift».

I 1825 kallar biskop Neumann den for «den smukkeste Hage jeg har fundet i Bergens Stift». Slike samtidige vitnespyrd om hagen sitt ry, er blitt gjenfortalt og har halde historia om den vakre hagen levande. Den var ikkje berre for eigarane, men var og delvis open for publikum.





TANNHELSE

Ny klinikkstruktur for tannhelsetenesta
i Hordaland vart vedteken i 2016.

NY ORGANISERING AV TANNHELSETENESTA

Ny klinikkstruktur for tannhelsetenesta i Hordaland vart vedtatt i fylkestinget i mars 2016. Med den nye klinikkstrukturen blir fagmiljøa styrkte og samarbeid med foreldre og omsorgspersonar betra.

Tannhelsetenesta har i 2016 lagt ned 7 klinikkar med til saman 8 behandlingsrom. Dette har ein gjort utan å byggja nytt eller å utvida kapasitet ved nokon av dei andre klinikkane. Alle 7 klinikkane var ambuleringsklinikkar med svært avgrensa teneste.

Tannhelsetenesta er organisert i fem tannhelsedistrikt med tannhelseavdelinga som stabsfunksjon for distrikta. Distrikta Aust, Nord, Sentrum, Sør og Vest har som mål å tilby ei teneste av høg kvalitet utført av kompetente medarbeidarar i utvikling i eit aktivt fagleg miljø. Sjølv om største delen av pasientane er born og unge med god tannhelse, er ressursane i dag i stor mon flytta til eldre, psykisk sjuke og rusavhengige fordi desse gruppene ofte har dårleg tannhelse og eit stort behandlingsbehov.

Tannhelsetenesta fekk i 2016 eit negativt budsjettavvik på 12 mill. kr. Ein stor del av underskotet skuldast rekneskapsføring av tap på krav. I samband med overgang til nytt økonomisystem vart oppsamla krav dei siste 10 åra tapsførte. Det var også økonomiske utfordringar knytt til drifta ved TkVest/Hordaland. Budsjettet for TkVest/Hordaland vart styrka med 6 mill. kr i løpet av 2016.

Samarbeid over fylkesgrenser

Ny forskrift for reiserefusjon er utarbeidd mellom Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane. I Hordaland skal saka opp i fylkestinget i juni 2017, og det same i Rogaland.

Hordaland og Sogn og Fjordane har samarbeidd om felles innkjøpsavtale for dentalt utstyr, og ser at slikt samarbeid fører til betre utnytting av budsjettmidlane og betre rabattar med større avtalar. Sogn og Fjordane har ikkje eige kompetansesenter og derfor er det inngått avtale mellom Tannhelsetenesta kompetansesenter Vest/Hordaland (TkVest/H) og Tannhelsetenesta i Sogn og Fjordane om kjøp av spesialisttenester. I 2016 vart 40 pasientar frå Sogn og Fjordane tilviste til Spesialistbehandling på TkVest/H. I 2016 har to av spesialistane ved TkVest/H vore på tannhelsedagane i Sogn og Fjordane for å gi opplæring.

I tillegg gir spesialistane kurs både for Tannhelsetenesta i Hordaland og andre plassar i landet.

Tannlegevakt og spesialistbehandling

Tannhelsetenesta i Hordaland driv tannlegevakta i Bergen på Solheimsviken tannklinikk. Tannlegevakta er open kvar dag heile året, og er akutttilbod til pasientar i Bergen og kommunane ▶







Nye spesialistar i barnetannpleie på plass.

rundt Bergen. Tal for 2016 viser:

- 3731 konsultasjonar på tannlegevakta, det er 125 fleire enn 2015
- 1213 pasientar var prioritert klientell
- 2518 vaksne betalande pasientar
- 141 av dei vaksne pasientane var asylsøkjjarar frå mottaket på Landås

TkVest/H er no i full drift med spesialistbehandling og forskning. Tilvisingane kjem i hovudsak frå offentlege tannklinikkar, men og private tannlegar, UIB og spesialisthelsetenesta. Tal for 2016 viser:

- 1684 tilvisningar til spesialistklinikken

Auke i behandling i narkose

Tannbehandling i narkose til pasientar vert utført ved tannklinikane på Haukeland universitetssjukehus (HUS) og på Stord sjukehus. 217 personar blei behandla i narkose i 2016. Dette er ein auke på 7 % frå 2015.

Gjennomsnittleg ventetid for tannbehandling i narkose er 3–6 månader. Pasientar med smerter blir prioriterte. HUS vil skilje pasientar med behov for narkosebehandling i dei som har medisinske problem og derfor må behandlast i sjukehus, og dei som ikkje har det og kan behandlast poliklinisk i tannhelsetenesta. Ved Solheimsviken tannklinik er det lagt til rette for narkosebehandling og avtale er inngått med anestesipersonell for å auka kapasitet og redusera ventetid.

Utvida tilbud til torturoffer

Eit tannhelseteam ved Stord tannklinik gjev tilbud til pasientar med sterk angst for tannbehandling, eller som har vore utsette for tortur eller



overgrep. I 2016 behandla dei 33 personar i gruppa.

Tilbodet er i 2016 utvida ved at det er etablert eit team på Voss og eit i Knarvik/Frekhaug. Tilbodet er organisert som ein del av tilbodet ved kompetansesenteret, og tilsette får si faglege opplæring der. I tillegg vert det etablert eit mottaksapparat i distrikta når pasientane vert tilbakeførte til vanleg tannbehandling.

Samarbeid med Statens barnehus

Statens barnehus gir eit tenestetilbod til barn og unge som har vore utsette for mishandling og overgrep. Tannhelsetenesta har starta ein prosess i høve til samhandling med Statens barnehus i Bergen. Statens barnehus ønskjer eit samarbeid om oral undersøking utført

av tannlege i tillegg til ei medisinsk undersøking utført av barnelege. Statens Barnehus i Bergen dekkjer både fylka Hordland og Sogn og Fjordane. Spesialistar i barnetannpleie ved TkVest/H vil ha ansvaret for denne tenesta.

Ettertrakta barnetannlegar på plass

Vestlandet skrik etter barnetannlegar. Noreg har 20 pedodontistar i klinisk teneste, fem i Hordaland. Sverige har 125. Spesialistutdanninga har teke tre år. I 2016 blei det i Bergen utdanna to nye spesialistar i barnetannpleie med lønstilskot frå Hordaland fylkeskommune og frå staten.

Nesten 10 prosent av barn og unge har ei eller annan form for sjukdom eller funksjonshemming som kan føra til

81,6 %

av barn på 5 år har feilfrie tenner

217

personar fekk tannbehandling i narkose i 2016

36 %

auke i behandling av eldre med omsorgsteneste

78

bekymringsmeldingar frå tannklinikane i Hordaland blei sendte til barnevernet

dårlegare tannhelse. 6 til 7 prosent av norske niåringar manglar permanente tenner.

Behandling av prioriterte grupper i 2016

Tiltak må målrettast i takt med endringar i tannhelse og grupper. I gruppa psykisk utviklingshemma har fleire fått tannbehandling både fordi gruppa har auka i takt med auken i folketalet, rettane er betre kjende, og omsorgsapparatet syter for at dei får tilgang til tannhelsetenester.

Omfanget av behandling av psykisk utviklingshemma har auka med 37 % frå 2001. Dei har i gjennomsnitt 11,7 tenner som er reparerte og berre 8,5 % er utan karies. Til samanlikning har 18 åringar i Hordaland i snitt 4 repar-

erte tenner og 21,5 % er heilt utan caries.

Det er 36 % auke i behandling av eldre med omsorgsteneste, og det er også auke i tal tenner med behov for behandling. Gruppa er i sterk omskifting både med omsyn til rettar og dødsfall slik at det er mykje arbeid å ha rette tal til kvar tid.

I gruppa rusavhengige og innsette i fengsel er det registrert 2333 personar i 2016 og det er 184 fleire enn i 2015. Av desse er 667 undersøkte og/eller ferdigbehandla. Denne gruppa har generelt stort behov for tannbehandling fordi berre 2 % ikkje har hol i tennend. Gruppa er krevjande å få behandla systematisk sjølv om mykje ressursar vert nytta til det.

Bekymringsmeldingar

Samarbeidsavtalane med Barnevernet har som mål å fange opp barn og foreldre som treng hjelp frå barnevernet. Det vart i 2016 sendt 78 bekymringsmeldingar til Barnevernet frå tannklinikane i Hordaland. Dette er 35 % færre enn i 2015. ■

FEILFRIE TENNER:

	5 år	12 år	18 år
2001:	55%	40%	14%
2016:	81,6%	56,6%	21,3%



Foto: Morten Wærvik

Tannbehandling av barn som har angst for sprøyter

For første gong har ein av forskarane ved TkVest/H tatt doktorgrad. Doktorgraden er på tannbehandling av barn som har sterk angst for sprøyter og gjev viktig kunnskap om tannbehandling av barn.

Karin G. Berge arbeider ved Tannhelsetenesta kompetansesenter Vest/Hordaland (TkVest/H), og utgangspunktet for doktorgraden er at ein del barn og unge har så sterk angst for bedøvingsprøyte at dei difor ikkje får nødvendig tannbehandling. Dette kan gje alvorlege konsekvensar for tannhelsa.

Det var ikkje tilfeldig at Karin G. Berge valde dette emnet. – Eg har hatt interesse for å jobbe med engstelege pasientar sidan studietida. Det er god motivasjon å kunna gjera det enklare for desse pasientane å gå til tannlegen.

I doktorgradsstudiet fann ho ut at 14 prosent av barn og unge mellom 10 og 16 år i Hordaland har sterk angst for tannlegesprøyter. Kvar tiande deltakar sa at dei ville unngå tannhandling om dei fekk sprøyte. Men studiet viste og at dei fleste med angst let seg effektivt behandla i løpet av fem enkeltstående behandlingstimar.

FORSKING I TANNHELSETENESTA

Forskningsavdelinga på TkVest/H driv med kliniske forskingsprosjekt. Tre av arbeida som pågår skal leia fram til doktorgrad.

Forskningsprosjekta har forskarar rekrutterte frå Tannhelsetenesta i Hordaland. Avdelinga har søkt om midlar til fleire prosjekt som etter kvart skal realiserast. Avdelinga hadde i 2016 sju tilsette forskarar og fleire andre tilsette tar del i forskinga.

Forskningsnettverk

TkVest/H har i oppdrag frå Helsedirektoratet å utgreia nødvendige IT løysningar for å etablere eit nettverk i tannhelsetenesta i Vest region. Arbeidet føreset samarbeid med universitet og allmennmedisinske forskingseiningar. Praksisbasert forskingsnettverk er ein reiskap for å støtta klinisk og praksisnær forskning. Formålet er å leggja til rette for rekruttering av klinikarar og pasientane deira til studiar og innsamling av data. Ei pilotundersøking er gjennomført i Vest og Sør-Noreg i 2016 for å hausta erfaringar i høve til korleis arbeidet skal organiserast, og resultatane av denne undersøkinga er under arbeid.

Forskningsprosjektet som har vore under arbeid ved TkVest/H i 2016:

Oral helsekunnskap, holdningar og praksis blant foreldre med innvandrarbakgrunn i Norge

Studera kunnskap, haldningar og åtferd relatert til tannhelse blant innvandrar-mødre med nyfødde barn (0–3 månader), i samarbeid med helsestasjonar. Det skal utviklast eit informasjons-

program for å auka mødrenes kunnskapar.

Karies i Sør tannhelsedistrikt i Hordaland

Kartlegging av tannhelsestatus, karies risikovurdering, haldningar og åtferd blant barn og unge i distrikt Sør i Hordaland.

Tannhelse og barnevern – samhandling til beste for barnet

Nasjonalt prosjekt som evaluerer tannhelsepersonellet si erfaring frå samarbeid med barnevernet og vil prøva å peika på suksessfaktorar som kan gjera at meldeplikta blir overhalden.

Intra-oral injection-phobia in children and adolescents Prevalence, subgroups and the effect of cognitive behavioral treatment (CBT)

Phd-prosjekt som skal kartlegge førekomsst av høg grad av frykt for injeksjonar i munnen hos barn og ungdom, og effekten av kognitiv åtferdsterapi hos barn og unge diagnostisert med intraoral injeksjonsfobi.

Konsentrasjon av bisfenol A i spytt og urin etter fyllingsterapi med plastbaserte tannmaterialar

Formålet er å få kunnskap om konsentrasjonen av bisfenol A i spytt og urin hos individ før og etter fyllingsterapi med plastbasert materiale.

Tannskadar – prevalens og risikofaktorar i et livsløpsperspektiv

Undersøker forekomst av tannskadar blant 16-åringar i vidaregåande skular i Hordaland og identifisera risikofaktorar for tannskadar i populasjonen.

Tannhelse og tannbehandling for personar med langvarige psykiske lidingar

Studien vil bli utført i samarbeid med kommunal helseteneste i Stord kommune. Prosjektet vil og utgreia eit tannhelsetilbod i samsvar med brukarens ønske.

Tannlegen og pasienten: krafta i det usagte. Ein oppfølgjingsstudie av pasientar som har gjennomført behandling av odontofobi

Studien undersøker i kva grad pasientar etter avslutta odontofobibehandling ved Senter for odontofobi i Bergen kan meistra vanleg tannbehandling, samt korleis dei har erfart overgangen til ordinær tannbehandling.

Tann og okklusjonsavvik hos 6 år gamle barn med leppe-kjeve-ganespalte

I studien har ein undersøkt førekomsst og fordeling av ulike tann- og okklusjonsavvik ved ulike spaltevariantar hos 6 år gamle barn, som har vore kontrollerte av spalteteamet ved TkVest/H i ein 10-årsperiode.





Foto: Morten Wanvik



ORGANISASJON

Arbeidet med å utvikla og effektivisera den administrative drifta av Hordaland fylkeskommune pågjekk for fullt i 2016.

GOD OG EFFEKTIV ADMINISTRATIV DRIFT

Økonomi- og organisasjonsavdelinga har gjennom fleire år arbeidd for å utvikla og effektivisera den administrative drifta i Hordaland fylkeskommune. Arbeidet med å ta i bruk nye og framtidretta fellessystem heldt fram i 2016 med vidare utvikling av eforvaltning og innføring av nytt økonomisystem.

Nøkkeltalsrapportering

Fylkesrådmannen har i 2016 innført kvartalsvis rapportering av nøkkeltal innanfor område som er spesielt viktige å følgja tett. Rapporteringa gjer at fylkesrådmannen kan følgja utviklinga frå periode til periode; og mot dei måla som er sette. På denne måten vil fylkesrådmannen raskt få indikasjonar på eventuelle avvik, og vil kunne setja i verk naudsynte tiltak. Blant dei områda som blir følgde tett er økonomi, fråfallet i vidaregåande

skule, utviklinga i reisande med Skyss, kostnader og inntekter hjå Skyss, reiseaktivitet i fylkeskommunen og bruk av innkjøpsavtalane. Fylkesrådmannen vil etter behov endra kva nøkkeltal han ønskjer fokus på.

Lønsoppgjer 2016

I Hordaland fylkeskommune er ansvaret for prosessane knytte til lokale lønsforhandlingar/årleg lønsregulering lagde til den sentrale HR-seksjonen. Det er om lag 25 arbeidstakarorgani-

sasjonar som har forhandlingsrett.

I 2016 vart det prøvd ut ein ny modell der det vart forhandla avdelingsvis og der avdelingsdirektørane hadde ei meir aktiv rolle i sjølve forhandlingane.

Den økonomiske ramma for oppgjeret i 2016 var på 2,4 %. Hovudelement i oppgjeret var harmonisering mellom avdelingar i fylkesadministrasjonen og mellom leiarar i samanliknbare stillingar. Det er etablert lønsstrukturar for leiarstillingar i den vidaregåande

120

Færre tilsette ved utgangen av 2016 enn året før

5,97%

samla sjukefråvær i 2016

25

arbeidstakarorganisasjonar med forhandlingsrett



skulen og i tannhelsetenesta. I lønsoppgjeret elles vart det lagt vekt på å retta opp utilsikta skeivheiter, seniorpolitiske tiltak, utteljing for kompetanse, kompleksitet i stillinga m.m. Det vart oppnådd semje med alle arbeidstakarorganisasjonane i lønsforhandlingane.

Etikk og varsling

Det er utarbeidd e-læringsopplegg for dei etiske retningslinene i Hordaland fylkeskommune som alle tilsette skal

gå gjennom. Etikk og aktuelle dilemma er også tema i leiaropplæringa, på kurs for nytilsette og i ulike fagfora. Vidare er det utarbeidd eit skjema for vurdering av eigen habilitet blant sakshandsamarane i fylkeskommunen. Den nye rutinen vert sett i drift frå 2017.

På bakgrunn av brev frå kommunalministeren, der temaet var styrking av tilsette sin yringsfridom, skal gjeldande etiske retningsliner gjennomgåast av administrasjonsutvalet. Gjennom-

gangen og eventuell revisjon av dei gjeldande etiske retningslinene vil skje i løpet av første halvår 2017.

Fylkeskommunen har etablert ein eigen rutine for varsling, som er tilgjengeleg i Kvalitetsportalen og på nettsidene. Varsling er tema i leiaropplæringa, på kurs for nytilsette og i ulike fagfora. Det vil bli utarbeidd opplegg for e-læring i varslingsrutinane, som alle tilsette skal gjennomføra i løpet av 2017.

Mangfald

Basert på tal frå Statistisk Sentralbyrå (SSB) har Hordaland fylkeskommune dei siste åra utarbeidd oversyn over tilsette med innvandrarbakgrunn. Ved utgangen av 2016 var det 330 tilsette med innvandrarbakgrunn i Hordaland fylkeskommune. Dette utgjer 7,5% av totalt tilsette, ein auke på 0,6% frå kartlegginga i 2014. Dei fordeler seg med 191 (236) tilsette i opplæringssektoren, 54 (49) i tannhelsetenesta og 85 (30) i fylkesadministrasjonen inkl. Skyss, Bybanen utbygging og Eigedom-drift/reinhald (tala i parentes er frå 2014). Det har vore ein auke for fylkesadministrasjonen og nedgang i opplæringssektoren, noko som skuldast overføring av reinhaldstenesta frå skulane til eigedomsavdelinga.

Eit nytt samarbeidsråd er oppretta i regi av Bergen Næringsråd for at offentleg sektor og næringslivet skal samarbeida tettare og dermed få til ei raskare integrering av flyktingar og fleirkulturelle i Bergen og område rundt. Hordaland fylkeskommune er med i dette rådet. Målet er at bergens-

regionen skal bli leiande på mangfald, integrering og inkludering, og å få til ein god overgang frå asylmottak og introduksjonsprogram til arbeidslivet.

Færre tilsette

Talet på tilsette var ved utgangen av 2016 om lag 120 lågare enn året før. Opplæring viser nedgang på nesten 300, men 180 personar er reinhaldarar som er overførte til eigedomsavdelinga. Dette forklarar også auken på 165 personar i gruppa fylkesadministrasjonen/andre.

Likeverd/ likestilling

Likeverd er ein føresetnad for at Hordaland skal vera eit godt samfunn for alle. Dei som kjem i kontakt med fylkeskommunen skal oppleve å bli høyrde, tekne vare på og sikra korrekt behandling. Fylkeskommunen skal ha eit likeverdsperspektiv i planprosessar, tilsetjingsprosessar, tenesteyting, opplæring og i samarbeid med frivillige lag og organisasjonar.

Det er i 2016 gjennomført fleire lokale temasamlingar for leiarane med fokus

på likeverd, likestilling og inkludering i praksis. Det er og starta eit arbeid for å oppnå status som lhbt-verksemnd (forkorting for lesbiske, homofile, bifile og transpersonar), som venteleg vert slutført i løpet av 2017.

Det har gjennom heile 2016 vore arbeid med temaplanen «Likeverd i Hordaland» som omhandlar både arbeidsgjevar- og tenesteytarperspektivet. Planen har tre hovudpilarar: Universell utforming, likestilling og inkludering, og mobbing og diskriminering. Temaplanen skal sendast på høyring i første del av 2017 før handsaming i fylkestinget i juni.

Inkluderande arbeidsliv

Hordaland fylkeskommune har slutta seg til intensjonsavtalen om eit meir inkluderande arbeidsliv. IA-tiltaka er i all hovudsak integrerte i planar for helse-, miljø- og sikkerheitsarbeid (HMS) på alle nivå i verksemda. Arbeidet med ein livsfasepolitisk handlingsplan vart slutført i 2016. Denne skal støtta opp om målsettinga om å rekruttera, utvikla og halda på den kompetansen som Hordaland fylkes-



kommune treng for å kunna utøva samfunnsoppdraget. I tida framover vil livsfasekompetanse m.a. bli fletta inn som eit naturleg tema i leiaropplæringa.

Lærlingar

Det eit stadig fokus på å skaffa fleire lærlingar i eigen organisasjon. I 2016 var det ved utgangen av året 27 lærlingar i Hordaland fylkeskommune. Det er tilsett ein eigen koordinator i HR-seksjonen for å styrkja oppfølginga av lærlingane. Målet er å auka talet på lærlingar ytterlegare i 2017.

Sjukefråvær

Det samla sjukefråværet i 2016 var på 5,97 prosent. Dette er ein liten nedgang frå 2015 (6,05 prosent).

Fråværet gjekk opp for kvinner og ned for menn. Kjønnsskilnaden i sjukfråværet i HFK i 2016 var dermed det største på svært mange år. I tannhelse-tenesta har sjukefråværet auka markant, medan det har gått noko ned i dei vidaregåande skulane og i fylkesadministrasjonen/andre.



Nytt økonomisystem skal forenkla og effektivisera.

Eigenmeldt fråvær er stabilt lågt (0,90 prosent). Dei årlege variasjonane kjem i all hovudsak frå legemeldt sjukefråvær.

Nytt økonomisystem

Frå årsskiftet 2016/17 tek Hordaland fylkeskommune i bruk økonomisystemet Visma Enterprise. Målet med det nye systemet er å få ei heilskapleg og integrert løysing for rekneskap, innkjøp, budsjett/rapportering og fakturahandsaming. Systemet vil medføra nokre endringar i roller og arbeidsprosessar i fleire delar av systemet; mellom anna når det gjeld budsjett og økonomirapportering. Det er eit mål å tydeleggjera leiarane sitt ansvar for økonomistyringa i organisasjonen.

I den nye verksemdstrategien til Hordaland fylkeskommune handlar ein av dei overordna strategiane om å styrkja økonomien for å sikra gjennomførings- evne og berekraft. Fylkeskommunen sine rammevilkår med svake driftsresultat, høg gjeldsgrad og knappe driftsbudsjett krev strammare økonomisk styring i åra framover. I 2017 vil det bli arbeid vidare med ulike tiltak knytta til forenkling og effektivisering av arbeidsprosessar innanfor rekneskap, rapportering og innkjøp for å realisera gevinstar av det nye systemet.


Omstilling og heiltidskultur

Hordaland fylkeskommune har som mål å utvikla ein heiltidskultur i organisasjonen, og første delmål er å redusera omfanget av ufrivillig deltid. Det er i 2016 gjennomført ei undersøking kring ufrivillig deltid i organisasjonen. Resultata indikerer at rundt 70 prosent av tilsette i deltidsstillingar er nøgde med stillinga, medan 30 prosent ønskjer ei større stilling.

Det er sett ned ei partssamansett arbeidsgruppe som arbeider vidare med ►


EIGENMELDT/LEGEMELDT SJUKEFRÅVÆR

■ Legemeldt ■ Eigenmeldt




SJUKEFRÅVÆR I HFK 2014–2016, SAMLA OG KJØNNSFORDELDT

■ Totalt ■ Kvinner ■ Menn



UTVIKLING PR. SEKTOR

— Opplæring — Tannhelse
— Fylkesadm./andre



TILSETTE OG ÅRSVERK

Tal på tilsette i HFK *	2012	2013	2014	2015	2016
Totalt fylkeskommunen	4 691	4 703	4 494	4 507	4 384
Kvinner	2 654	2 726	2 581	2 603	2 566
Menn	2 037	1 977	1 913	1 904	1 818
Sektorvis fordeling	2012	2013	2014	2015	2016
Totalt fylkeskommunen			4 494	4 507	4 384
Fylkesadm./andre **	700	713	658	672	837
Kvinner	327	362	332	347	491
Menn	373	351	326	325	346
Opplæring ***	3 629	3 607	3 451	3 445	3 151
Kvinner	2 003	2 019	1 905	1 909	1 718
Menn	1 626	1 588	1 546	1 536	1 433
Tannhelse	362	383	385	390	396
Kvinner	324	345	344	347	357
Menn	38	38	41	43	39
Årsverk	2012	2013	2014	2015	2016
Totalt fylkeskommunen	4 023	4 124,73	4 024,88	4 072,54	3 968,45
Kvinner	2 224	2 328,11	2 270,62	2 312,31	2 280,56
Menn	1 799	1 796,62	1 754,26	1 760,23	1 687,89
Sektorvis fordeling	2012	2013	2014	2015	2016
Totalt fylkeskommunen			4 024,88	4 072,54	3 968,45
Fylkesadm./andre **	595	669,32	635,92	645,03	796,68
Kvinner	278	334,22	319,30	330,89	462,29
Menn	317	335,10	316,62	314,14	334,39
Opplæring ***	3 139	3 152,53	3 057,64	3 088,00	2 824,23
Kvinner	1 688	1 721,50	1 656,00	1 680,50	1 506,52
Menn	1 451	1 431,04	1 401,64	1 407,50	1 317,71
Tannhelse	289	302,88	331,32	339,51	347,54
Kvinner	258	272,39	295,32	300,92	311,75
Menn	31	30,49	36,00	38,59	35,79

* Inklusiv heiltidspolitikarar

** Tal inkl Skyss, Bybanen Utbygging, OT/PPT og fagopplæring, drifts- og reinhaldspersonale ved skulane

*** Gjeld kun skular

DELTID

Tilsette i deltidstillingar	2012	2013	2014	2015	2016
Totalt i fylkeskommunen	1 884	1 698	1 410	1 342	1 136
Kvinner i deltidstillingar	1 333	1 180	985	948	813
Kvinner i deltidstillingar (% av alle kvinner i fylkeskommunen)	48,30 %	42,0 %	38,2 %	36,4 %	31,7 %
Menn i deltidstillingar	551	518	425	394	323
Menn i deltidstillingar (% av alle menn i fylkeskommunen)	26,20 %	25,40 %	22,22 %	20,69 %	17,77 %





Foto: Morten Wærwik

ulike tiltak for å redusera omfanget av ufrivillig deltid i fylkeskommunen. Hordaland fylkeskommune har i 2016 praktisert tilsettingskontroll, på same måte som i 2015. Formålet er å sikra gode interne omstillingsprosessar, der tilsette omstillinga vedkjem har fortrinnsrett til stillingar dei er kvalifiserte for.

Nye nettsider

Nettsidene til Hordaland fylkeskommune, www.hordaland.no, fekk i mars 2016 nytt design. Med brukaren i fokus har målet vore å presentera tenestene som fylkeskommunen tilbyr på ein enkel og tydeleg måte. Nettstaden er difor i all hovudsak delt inn i temasider og tenestesider. Fylkeskommunen sine aktuelle kontaktpersonar vert presenterte med namn, bilete og relevant kontaklinformasjon.

Dei nye nettsidene er universelt utforma og har eit responsivt design, det vil seie at dei fungerer like godt på ulike plattformer som mobiltelefon, nettbrett, laptop eller stor skjerm.

Digitalt førsteval

I januar 2016 implementerte Hordaland fylkeskommune løysinga «Svar Ut», som formidlar digital post til innbyggjarar, næringsliv, offentlege og private organ. I løpet av året er det sendt ut vel 1000 brev gjennom systemet. Rundt halvparten av desse er blitt lesne digitalt av mottakarane. Gjennom dei nye nettsidene www.hordaland.no er det også lagt til rette for fleire elektroniske søknadsskjema, noko som forenkler søknadsprosessen både for brukarane

og sakshandsamarane i fylkeskommunen. Hordaland fylkeskommune har høg merksemd på digitalt førsteval og arbeider vidare for å digitalisera sentrale arbeidsprosessar i forvaltninga.

Fleire deltok i medarbeidarundersøking

Våren 2016 vart det gjennomført ei ny medarbeidarundersøking blant dei tilsette i Hordaland fylkeskommune. Første gong det vart gjennomført ei slik undersøking var i 2014.

Dei overordna resultatata frå medarbeidarundersøkinga i 2016 er relativt stabile samanlikna med tala frå 2014. Alle hovudområda skårar anten likt eller litt betre enn sist. 85 prosent av dei tilsette er tilfredse med jobben i Hordaland fylkeskommune, ein liten auke frå førre undersøking. Kor tilfreds ein er varierer likevel i relativt stor grad mellom dei ulike avdelingane og einingane. Dette heng mellom anna saman med korleis dei tilsette opplever ulike aspekt ved arbeidssituasjonen. 81 prosent er stolte over å jobba i Hordaland fylkeskommune. Dette er fire prosentpoeng betre enn sist. Dei tilsette er også gode ambassadørar for verksemda. 84 prosent vil tilrå andre å søkja jobb i fylkeskommunen, mot 78 prosent i 2014. Det er også fleire som trur at dei vil vera tilsette i Hordaland fylkeskommune om to år; 79 prosent mot 76 prosent for to år sidan. Samanlikna med andre offentlege verksemdar kjem Hordaland fylkeskommune relativt likt ut når det gjeld generell jobbtrivsel.

Spørsmål knytte til arbeidssituasjon og utvikling er blant dei som får høgast skår i undersøkinga. Dei tilsette opplever at dei har varierte og spennande arbeidsoppgåver og dei tek sjølv ansvar for eiga utvikling. Det er også høge skår knytte til opplevinga av samarbeid i eiga eining og stor stå-på-vilje i organisasjonen.

Dei spørsmåla som gjennomgåande får lågast skår i undersøkinga, relativt sett, er knytte til næraste leiar, overordna

lokal leiing og opplevd helsebelastning. Dette er same tendens som i 2014 og handlar mellom anna om informasjon og tilbakemeldingar, klare mål og fordeling av oppgåver. Vidare satsing på opplæring og utvikling av leiarane vert difor viktig også framover. Det same gjeld forankring og implementering av den nye verksemdstrategien i heile organisasjonen. Denne vil gje ei tydelegare og felles innretting på kva for mål Hordaland fylkeskommune skal arbeida for og korleis dette skal gjerast.

Totalt deltok 3737 tilsette i undersøkinga. Dette gir ein svarprosent på 89, opp frå 83 for to år sidan.

IT-strategi

Arbeidet med ny IT-strategi vart starta hausten 2016. Ut frå tidligare analysar og rapportar om dagens IT-funksjon samt nasjonale føringar (KS digitaliseringskriv og St.mld 27) peikar fem konkrete satsingsområde seg ut;

- Brukaren i sentrum
- IKT som innsatsfaktor for innovasjon

LIKESTILLINGSBAROMETER PR. 31.12.2016

	Kvinner	Totalt
Opplæring		
Rektorar i vgs	21	43
Ass. rektorar i vgs	19	38
Tannhelsetenesta		
Overtannlegar	6	6
Klinikkleiarar	14	19
Fylkesadministrasjonen		
Avdelingsleiarar	1	6
Stabs-/seksjonsleiarar	14	32
Skyss og Bybanen utbygging	4	11

Tilsette i leiande stillingar	2012	2013	2014	2015	2016
Kvinner	182 (47,0%)	148 (46,1%)	146 (47,6%)	151 (47,6%)	131 (46,1%)
Menn	206 (23,0%)	173 (53,9%)	161 (52,4%)	166 (52,4%)	153 (53,9%)
Prosentfordeling tilsette etter kjønn					
	2012	2013	2014	2015	2016
Kvinner	56,7	2 721 (57,9%)	57,4 %	57,8 %	58,5 %
Menn	43,3	1 979 (42,1%)	42,6 %	42,2 %	41,5 %

- og produktivitet med prioritering av arkitektur og infrastruktur
- Prosjekt- og porteføljestyring
- Digitalt førsteval ved effektiv digitalisering, styrkja digital kompetanse og deltaking
- Godt personvern og god informasjonssikkerhet

For å sikra god forankring og deltaking frå fagavdelingane i prosessen er arbeidet kopla opp mot verksemdsstrategien og fagavdelingane sine strategiar i denne. Vidare skal det gjerast ein kritisk gjennomgang av eksisterande systemportefølje med omsyn til kritikalitet og livssyklus i tillegg til roller og ansvar. Det er venta at arbeidet med ny IT-strategi vert slutført i løpet av første kvartal 2017.

HR-strategi

Hausten 2016 vart arbeidet med ein ny HR-strategi intensivert. HR-strategien skal bidra til å støtta opp om måla i verksemdsstrategien for HFK. Fire strategiområde: Kompetanse, rekruttering, endringskapasitet og arbeidsmiljø vil til saman utgjera fundamentet

for den nye HR-strategien. Visjon, verdiar og leining er gjennomgåande tema i strategien. Det er venta at dette arbeidet vert slutført i løpet av første halvår 2017.

Utvikling av leiarar og medarbeidarar
Hordaland fylkeskommune har i 2016 halde fram med satsinga på opplæring og utvikling av leiarar. Alle nye leiarar skal gjennomgå eit obligatorisk leiaropplæringsprogram: HFK-leiarskolen. Her vert det mellom anna fokusert på visjon, mål og strategiar, krav og forventningar til leiarar i Hordaland fylkeskommune og klokt leiarskap. Eit kull på 23 deltakarar gjennomførte HFK-leiarskolen våren 2016. I samarbeid med Administrativt forskningsfond (AFF) ved Norges Handelshøyskole tilbyr Hordaland fylkeskommune også eit utviklingsprogram for erfarne leiarar pluss opplegg for leiargruppeutvikling. Hordaland fylkeskommune har vidareført ordninga med kurs for nyttilsette også i 2016. Målar er å gje alle tilsette same basiskunnskap om fylkeskommunen, samfunnsoppdrag og kjerneverdiar.



Alle nye leiarar skal gjennomgå eit obligatorisk leiaropplæringsprogram.

Innkjøp

For å effektivisera innkjøpa til fylkesadministrasjonen, bidra til auka bruk av rammeavtalene og korrekt bruk av innkjøpssystemet, er det i 2016 oppretta ei sentral rolle som innkjøpskoordinator med pilot for økonomi- og organisasjonsavdelinga. I løpet av 2017 vil denne rolla fungera for heile fylkesadministrasjonen. Koordinatoren skal syta for at bestillingane nyttar rammeavtalar og standardsortiment.

Innkjøpsseksjonen har i 2016 etablert Leverandør- og Kontraktsoppfølgingsplan for å følge opp leverandørane og deira forpliktingar med eit strategisk og kommersielt fokus. Det vert arbeid kontinuerleg for å sikra eit tenleg sorti- ▶





Foto: Marthen Wærnvik

ment hos avtaleleverandørane gjennom oppfølging og analysar. Avgrensing av innkjøpa på sortiment vil over tid gi Hordaland fylkeskommune betre prisar og meir presise leveransar.

Frå 2017 vil alle varekjøp bli gjennomførde i Visma eHandel som er integrert med fakturabehandling og rekneskap i nytt økonomisystem. Visma eHandel legg vekt på godt brukargrensesnitt og effektiv arbeidsform og hjelper brukaren til å kjøpa rett produkt hjå leverandørane. Slik vert det oppnådd full sporbarheit frå behovet oppstår til kostandene er bokførte.

Mål og visjon for beredskapsarbeidet i Hordaland fylkeskommune

Det har vore arbeidd med å oppnå ei tydelegare målforståing knytt til risiko, operasjonisering og prioritering av tiltak i beredskapsarbeidet. På denne bakgrunnen er målet for dette viktige arbeidet spissa og formulert slik: «Beredskapsarbeidet i Hordaland fylkeskommune skal bidra til å sikre liv og helse, ytre miljø, økonomiske verdier og tenesteproduksjon knytt til fylkeskommunen si verksemd.» Fylkestinget ga si tilslutning til denne formuleringa i juni 2016.

Hordaland fylkeskommune deltok i 2016 i den sentrale «Øving Hordaland» og har dessutan gjennomført egne beredskapsøvingar i verksemda. ■



REGIONREFORMA

Fylkeskommunane Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane forhandla fram ein intensjonsavtale om samanslåing av dei tre fylkeskommunane til Vestlandsregionen frå 2020 som del av regionreforma som er initiert av sentrale styresmakter. Det vart lagt ned eit stort arbeid i alle fylkeskommunane for å skaffa fram faktagrunnlag som underlag i forhandlingane. Kvar fylkeskommune hadde tre politisk valde i forhandlingsutvalet, med tillegg av dei respektive fylkesrådmennene og representantar for dei tilsette. Det vart halde tre forhandlingsmøte – eit i kvar fylkeskommune. Intensjonsavtalen vart endeleg framforhandla i Førde og lagt fram 15. september 2016.

Ved handsaming av intensjonsavtalen gjekk fylkestinget i Rogaland mot samanslåing med dei andre fylkeskommunane og vedtok å halda fram som eigen region også framover.

Fylkestinga i Hordaland og Sogn og Fjordane vedtok å halda fram samtalanane med sikte på å inngå intensjonsavtale om samanslåing av desse to fylkeskommunane til regionen Vestlandet. Intensjonsavtalen om dette vart vedteken av dei to fylkestinga tidleg i 2017.



Foto: Bjarne Brask Eriksen

EIGEDOM

Ei heilskapleg og profesjonell forvaltning, vedlikehald, drift og utvikling av heile eigedomsmassen til Hordaland fylkeskommune.

Reinhold og drift samla i ei eining

Hausten 2016 vart ansvaret for reinhold av dei vidaregåande skulane overført frå opplæringsavdelinga til eigedomsavdelinga. Totalt 182 reinholdarar og reinholdisleiarar var omfatta av overføringa. Reinhold er ein viktig del av den daglege drifta av bygga og det målsetjinga er å få til samarbeid mellom dei ulike driftstenestene. Det vil fortsatt vera sterkt fokus på fagleg utvikling med målsetjing om fleire reinholdarar med fagbrev.

Nye Voss vidaregåande skule opna

Ved handsaming av skulebruksplanen i 2012/13 vart det vedteke å slå saman dei 5 skulane på Voss til 2 nye skular. Nye Voss vidaregåande skule skulle etablerast på Skulstadmo der Voss jordbruksskule har halde til. Utdanningsprogramma bygg- og anleggsteknikk (BA), elektrofag (EL), naturbruk (NA), restaurant og matfag (RM), teknikk og industriell produksjon (TIP) og særskilt tilrettelagt opplæring (TO) vart lagde til den nye skulen.

Det nye skulebygget er organisert i ei H-form med to parallelle bygningskroppar skild med utvendige tun. På tvers av bygningskroppane ligg skulen sin romslege vestibyle. Ein pre-miss i prosjektet er bruk av trevirke. Alle ytterveggane har trekledning og innvendige overflater er i massivt tre. Eit lokalt flisfyringsanlegg for skulen forsyner anlegget med varmt vatn til oppvarming.

Den nye skulen har eit bruttoareal på ca. 12 500 m² i tre etasjar. I tillegg er det bygd ca. 1 700 m² nye areal knytt til gardstunet.

Rehabilitering av Årstad

Bygg A og B ved Årstad vidaregåande skole er oppført som teoribygget og verkstad/hallbygning for tidlegare Bergen Yrkes-skole. A-bygget vart oppført i 1963 og B-bygget stod ferdig i 1971. C bygget tilhørde tidlegare Krohnsminde vidaregåande skole og vart oppført i 1977.

Skulen hadde eit generelt behov for renovering og utbetring av miljøfaktorar som luftkvalitet, belysning og universell utforming. I tillegg var det behov for ein meir heilskapleg skule ved å byggja eit samanhengande kommunikasjonsplan i bygningen.

Ombyggingsarbeida starta for fullt i 2009 og er så langt avslutta ved ferdigstilling av bygg A sommaren 2016. Det har vore skuledrift i hele ombyggingsperioden, noko som har ført til ei etappevis bygging. Det store grepet er no teke ved å byggja saman tre bygningar til ein stor bygning. Det har også vore mindre ombyggingar i den gamle delen av bygg C.

Bygningane har verneverdi og det har vore ei klar målsetjing å ta vare på viktige verneelement, samstundes som ein tilfredsstillende viktige og tidsrette brukarkrav i eit moderne skulebygg.

Bygningane er bygde saman ved hjelp av tilbygg, ei gangbru og eit mellombbygg. Mellombbygga/tilbygget har ei samla arealutviding på om lag 3 000m² og det rehabiliterte arealet utgjer om lag 23 000 m². Bruttoarealet for heile skulen er på ca. 33 000m².

TILBAKEBLIKK PÅ 2016

2016 har vore eit aktivt år. Gjennom politiske prioriteringar har samarbeidspartia gjort ein del retningsval. I 2016 kom det 300 nye daglege bussavgangar i Bergen, og Bybanen vart opna til Birkelandsskiftet. Samstundes innførte vi saman med Bergen kommune restriktive tiltak for å bremsa veksten i privatbilismen. Desse tiltaka har gjeve gode resultat, og det er gledeleg å sjå at veksten innan kollektiv held fram.


Vi har vedteke ein ny skulebruksplan, med mål om å styrkja dei vidaregåande skulane våre. Vi har fått på plass psykologar, og eit elev- og lærlingombod som vi meiner vil styrkja elevane og lærlingane sin rettstryggleik og betra elevane si psykiske helse. Det nye mobbeombodet har hatt sitt første heile driftsår i 2016. Vi er glade for at elevar og skular har fått eit ombod å venda seg til når det vert vanskeleg å løysa utfordringane lokalt.

Situasjonen i Hordaland er krevjande med tanke på den aukande arbeidsløysa i fylket. Tiltakspakkar bidreg ein del, men diverre ser vi at arbeidsløysa har auka noko. Vi ser at det er tilsette innan oljeindustrien, bygg- og anleggsgaga, like eins i ingeniør- og IKT-fag som er hardast råka. Hordaland har sitt eige omstillingsutval, men har også vore leiande partner i det regionale omstillingsutvalet for 6 fylke langs sør- og vestlandskysten. Eg håpar fylkeskommunen i samarbeid med stat og kommune kan bidra til å sikra fleire arbeidsplassar ved å leggja endå betre til rette for næringslivet i tida frametter. Samstundes ser vi at det også er tal som syner ein positiv trend. Talet på ledig ungdom under 25 år er gått noko ned siste året, og eg håpar at denne trenden held fram vidare i 2017.

I 2016 prioriterte vi mykje ressursar i arbeidet med regionreforma. Hordaland fylkeskommune har heile tida vore positiv til reforma, og vi arbeidde hardt for å samla Vestlandet til ein ny folkevalt region. Ved endeleg handsaming i desember vart det klart at Rogaland ikkje ønskte å vera med i denne omgangen, og fylkestinget vårt har etter dette arbeidd vidare for å få samla Hordaland og Sogn og Fjordane.

Hordaland fylkeskommune er i ei krevjande økonomisk situasjon. Med ein gjeldsgrad på over 109 prosent, var det naudsynt med betre og strammare økonomistyring.

Arbeidet med regionreforma, styrking av tenestene våre, samstundes som vi har kontroll på økonomien vil vera prioriterte oppgåver også i 2017.




fylkesordførar
Anne Gine Hestetun



*Vi arbeidde hardt for
ein ny samla region på
Vestlandet.*





OM ÅRSMELDINGA

Årsmeldinga er utarbeidd i samsvar med § 48 i kommunelova. Den viser resultat som er oppnådde i Hordaland fylkeskommune i 2016.

Framsidedfoto: Gro Sivertsen
Ansvarleg: Fylkesrådmannen
Redaktør: Janne Karin Værnø
Redaksjon: Kommunikasjonsseksjonen i fylkeskommunen
Tekstgrunnlag: Avdelingane i fylkeskommunen
Design og produksjon: Bouvet Reklamebyrå

Mars 2017



**HORDALAND
FYLKESKOMMUNE**

Agnes Mowinckels gate 5
Postboks 7900
5020 Bergen

Telefon: 55 23 90 00
E-post: hfk@hfk.no
www.hordaland.no

